



Universitetet i Bergen

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

NOLISP350

Mastergradsoppgåve i nordisk språk og litteratur

Haut 2021

Om politikvinner, ekspeditriser og kontormenn

Ei undersøking av kjønnsmarkering i yrkestitlar i norsk i perioden frå
1920 til 2013

Amalie Myrmel Gjengedal

Føreord

Då var dagen her. Eg kan endeleg seie at eg faktisk har skriva ei heil masteroppgåve, og åra som student ved Universitetet i Bergen er med det offisielt over. Eg vil gjerne nytte dette høvet til å gje ein takk til fleire.

Fyrst og fremst, tusen takk til rettleiar Torodd Kinn. Utan din rettleiing er det ikkje godt å vite kva denne oppgåva hadde blitt. Takk for god hjelp undervegs, både på innhald og språk.

Takk til Sondre, kva skulle eg gjort utan deg? Din tekniske kompetanse har vore uvurderleg. Tusen takk for all god hjelp, og for at du er den du er. Eg er heldig som har deg!

Til gjengen på haugen, min kjære familie. Takk til pappa for det engasjementet du har vist for prosjektet mitt. Skulle eg finne på å skriva ei masteroppgåve til, lovar eg å prøve å få inn *losoldermenn* eller *klippersker*. Takk til mamma, for alt du er, gjer og har lært meg. Takk til Marie og Alfred, livet vert ein leik med søsken som dokkar.

Takk til alle vener og kjende som har støtta meg gjennom prosessen.

Til slutt vil eg også gje ein liten takk til alle dei fantastiske barna og ungdommane eg har fått æra av å møte og jobbe med dei siste åra. Dokkar veit det ikkje, men mykje av motivasjonen til å både velje og fullføre lektor-programmet, kjem frå dokkar.

Det er eg som har skriva denne oppgåva. Alle feil og manglar står eg sjølv ansvarleg for

Amalie Myrmel Gjengedal

Bergen, 1. september 2021

Innhald

Tabell- og figurliste.....	1
Tabellar	1
Figurar.....	1
1 Innleiing	3
1.1 Innleiing	3
1.2 Problemstilling og forskingsspørsmål.....	4
1.3 Metodisk tilnærming.....	5
1.4 Kvifor ei undersøking som dette?	5
1.5 Om kjønnsidentitet.....	6
1.6 Kva er gjort før?.....	6
1.7 Vegvisar	7
2 Teoretisk grunnlag	9
2.1 Orddanning	9
2.1.1 Rotord	9
2.1.2 Samansetningar	9
2.1.3 Avleiingar	10
2.2 Kjønnsmarkering av yrkestitlar.....	11
2.2.1 Kjønnsmarkerande samansetningar	11
2.2.2 Kjønnsmarkerte avleiingar	13
2.2.3 Maskulint vs generisk hankjønn	14
2.3 Ordforråd.....	15
2.4 Språkbruksdiskusjon og -råd.....	16
2.4.1 Historisk blick på diskusjonen kring kjønnsmarkerte titlar	16
2.4.2 Rådande tankegang rundt kjønnsmarkering av titlar i dag.....	17
2.5 Samfunnsutvikling	19
3 Metode	24
3.1 Innleiing	24
3.2 Om korpussøka	24
3.3 Dei eksplorative korpussøka	26
3.3.1 Å finne etterledda og suffiksa	26
3.3.2 Å finne søkeuttrykk til korpus	26
3.4 Korpussøk og datasortering	28
3.4.1 Søking i korpus	28
3.4.2 Nedlasting av data.....	29

3.4.3	Sortering av data	29
4	Utval.....	33
4.1	Innleiing	33
4.2	Ei skildring av utvalet	34
4.2.1	Suffikset -inne.....	34
4.2.2	Ord med -mann	34
4.2.3	Brann- og politivesen	35
4.2.4	Kontorarbeidarar	35
4.2.5	Leiing og styring	36
4.2.6	Handel og sal.....	36
4.2.7	Ord frå helse- og omsorgsektoren.....	37
4.2.8	Styring av hus, heim og andre institusjonar	37
4.2.9	Tekstil- og klesproduksjon.....	37
4.2.10	Vasking og reingjering	38
4.2.11	Ord som signaliserer at nokon gjer eller har eit arbeid	38
4.2.12	Lege og prest.....	39
4.3	Endeleg utval	39
5	NB N-gram.....	41
5.1	Innleiing	41
5.2	Å bruke NB N-gram.....	41
5.2.1	Innstillingar	41
5.3	Korleis søke i NB N-gram	44
5.4	Ulike utfordringar	46
5.4.1	Modifikasjon av programkode	46
5.4.2	Problem i møte med homografar	47
5.4.3	Overlapping av frekvens ved enkeltord og frasar	48
6	Skildring av resultat	49
6.1	Innleiing	49
6.2	Om tolking av trendlinjene	49
6.3	Samansettingar med feminine etterledd.....	51
6.3.1	Ord med -kvinne	51
6.3.2	Ord med -dame	53
6.3.3	Ord med -kone	54
6.3.4	Ord med -søster.....	54
6.3.5	Ord med -mor.....	55
6.4	Avleiingar med feminint suffiks	56

6.4.1 Suffikset -inne.....	56
6.4.2 Suffikset -erske	58
6.4.3 Suffikset -trise.....	61
6.5 Samansettingar med maskuline etterledd.....	61
6.5.1 Ord med -mann	61
6.5.2 Ord med -bror	64
6.5.3 Ord med -far.....	65
6.6 Avleiingar med maskulint suffiks	65
6.6.1 Suffikset -er.....	65
6.6.2 Suffikset -ist.....	73
6.6.3 Suffikset -tør	74
6.7 Ord utan motstykke.....	75
7 Ulike utviklingstrendar	81
7.1 Innleiing	81
7.2 Dei ulike grupperingane.....	82
7.2.1 Opp.....	82
7.2.2 Fjell	85
7.2.3 Ned.....	89
7.2.4 Stabil	92
7.2.5 Rest	93
7.2.6 Raritet.....	94
7.2.7 Ingen funn kan også vere eit funn.....	96
7.3 Ei lita oppsummering av dei ulike grupperingane	97
8 Diskusjon	99
8.1 Innleiing	99
8.2 Språk og samfunn	100
8.2.1 Endring i ordforråd.....	100
8.2.2 Utvikling i samfunnet.....	101
8.3 Markering av kjønn gjennom adjektiv	102
8.3.3 Kva adjektiv vert nytta?	102
8.3.1 Frasar med feminint etterledd eller suffiks	104
8.3.2 Frasar med maskuline etterledd og suffiks.....	105
8.4 I kva grad er noko kjønnsnøytralt?	106
8.4.1 Grammatisk kjønn, naturleg kjønn og pronomen	110
9 Oppsummering og konklusjon	111
9.1 Innleiing	111

9.2 Funn og resultat.....	111
9.3 Eit lite kritisk blikk på utvalet.....	112
9.4 I kva grad kan funna generaliserast?.....	112
9.5 Validitet.....	113
9.6 Vidare forskning	114
9.7 Heilt til slutt	114
Kjelder	115
Korpus og søketenester	115
Referanseliste.....	115
Vedlegg	119
1 Oversikt over dei formene som ligg til grunn for dei eksplorative korpussøka.....	119
2 Ordlister med absolutt frekvens frå dei eksplorative korpussøka	121
Periode 1: 1921-1925	121
Periode 2: 1961-1965	129
3 Referanse til Github	133
5 Søketrykka som er nytta til søka i NB N-gram.....	134
6 Grafar/trendlinjer frå søk i NB N-gram	141
Samandrag.....	176
Abstract.....	177
Profesjonsrelevans	178

Tabell- og figurliste

Tabellar

Tabell 1 Oversikt over maskuline etterledd	12
Tabell 2 Oversikt over feminine etterledd	12
Tabell 3 Oversikt over moderne grunnformer	27
Tabell 4 Endeleg utval	40
Tabell 5 Ord og frasar i grupperinga "Opp"	83
Tabell 6 Ord og frasar i grupperinga «Fjell»	86
Tabell 7 Toppunktet til fjellformasjonen til frasar med adjektivet kvinnelig	88
Tabell 8 Ord og frasar i grupperinga «Ned»	90
Tabell 9 Oversikt over tidspunkt for toppunkt og utflating hos ord der frekvensen fell, for så å stabilisere seg	91
Tabell 10 Ord og frasar i grupperinga «Rest»	93
Tabell 11 Ord og frasar i grupperinga «Rest»	94
Tabell 12 Ord og frasar i grupperinga "Raritet"	95
Tabell 13 Oversikt over gruppering	98

Figurar

Figur 1 Illustrasjon over dataoppsett. Markeringsteknikken er merka med ein grøn sirkel	31
Figur 2 2Illustrasjon over ordliste til utval	32
Figur 3 Søk på sykepleierske, sykepleier. Søk gjort i aviskorpuset til webgrensesnittet den 19.08.21	45
Figur 4 Politikvinne	52
Figur 5 Yrkeskvinne	52
Figur 6 Butikkdame	53
Figur 7 Helsesøster	54
Figur 8 Jordmor	55
Figur 9 Mannlig jordmor	56
Figur 10 Syerske	59
Figur 11 Arbeiderske	60
Figur 12 Kjøpmann	61
Figur 13 Brannmann	64
Figur 14 Kunstner	67
Figur 15 Kvinnelig kunstner	68
Figur 16 Kvinnelig arbeider	70
Figur 17 Sykepleier	71
Figur 18 Mannlig sykepleier	72
Figur 19 Kvinnelig sykepleier	72
Figur 20 Mannlig prest	76
Figur 21 Kvinnelig prest	77
Figur 22 Butikkbetjent	78
Figur 23 Vaskehjelp	80
Figur 24 Leder. Døme på stigande frekvens	83
Figur 25 Skuespiller. Døme på stigande frekvens	84
Figur 26 Kvinnelig leder- Døme på stigning med plutsleg auke	84
Figur 27 Mannlig lærer og pianist. Illustrasjonar av fjellformasjon	86
Figur 28 Log-transformert tidsserie av utvalde ord	87
Figur 29 Kvinnelig kjøpmann. Døme på gradvis søkkande frekvens	89
Figur 30 Sykepleierske. Døme på søkkande frekvens, men med ein periode med vekst	89

Figur 31 Renholdsarbeider. Døme på stabil frekvens.....	92
Figur 32 Syer. Døme på grupperinga "Rest"	93
Figur 33 Skredderske. Døme på "Raritet".....	94
Figur 34 Mannlig pianist. Døme på "raritet"	95
Figur 35 Søk i bokkorpus.....	113
Figur 36 Søk i aviskorpus	113

Figur V1 til V103: sjå vedlegg side 141 til 176.

1 Innleiing

1.1 Innleiing

Om ein var ute etter ny jobb i 1920, var det mykje å velje mellom. Ein tilfeldig dato i juli, her den 17., kunne ein mellom anna finne følgjande utlysingar i avisa Aftenposten:

«En flink og paalidelig VISERGUT med gode anbefalinger faar god plads strax» (s.13)

«Kokke og stuepike faar god post i engelsk familie London» (s. 14)

«For en ung, øvet Kontordame er Post ledig i herværende forsikringsselskabs Havariaafdeling» (s. 14).

Rundt 40 år seinare var det også arbeid å få. I avisa Arbeiderbladet var det den 7. mars 1961 fleire stillingsutlysingar. Under kategorien «Stilling ledig - Kvinner» kunne ein til dømes søkje på desse to postane: «Dyktig maskinskriverske alder helst ikke over 25 år, søkes snarest til vårt kontor» (s. 16) og «Rengjøringshjelp Til sykehusavdelingene på Det Norske Radiumhospital trenger vi flere damer.» (s. 16). Under kategorien «Stilling ledig – Menn» kunne ein av mange svare på denne utlysinga: «Til vår innkjøpsavdeling søker vi en innkjøpsmann med kjennskap til jern, stål etc.» (s. 15).

I dag ser stillingsutlysingar heilt annleis ut. I 1979 tredde det i kraft ein lov som gjorde at ein ikkje lenger kunne utforme stillingsannonser på ein slik måte at dei favoriserte eit kjønn (Vikør, 2018, s. 648). Det Norske Radiumshospital kunne med det ikkje spesifisere at dei trong fleire damer til å vaske for seg, slik som det vart gjort i sitatet frå Arbeiderbladet. For tida står Noreg og norsk ovenfor endå ei endring når det gjeld korleis ein omtalar arbeidstakarar. I 2020 vart det vedtatt at det offentlege Noreg skulle starte å fase ut det som var igjen av kjønnsmarkerte yrkestitlar.

Denne pågåande endringa er noko som har skapt eit relativt stort engasjement. Artiklar og debattinnlegg om ord som *nordmann*, *lensmann* og *jordmor* har til stadigheit vore å finne i den offentlege mediediskursen. I avisa Bergens tidende kunne ein i april 2021 lese debattinnlegget «Jeg er stolt sjømann» av Hilde Iren Sætre. I debattinnlegget gjev ho uttrykk for frustrasjon:

Nå får jeg ikke lenger være verken styrmann eller sjømann. Kystverkets båter skal fjerne «styrmann» fra sine stillingstitler. Så der frister det ikke å søke jobb. (...).

De damene jeg kjenner som har titler med «mann» i seg, bryr seg overhodet ikke om dette. For meg føles det mer krenkende å bli «fratatt» tittelen og kalt noe annet. Som om jeg ikke er verdig.

Sætre får ikkje kalle seg for korkje *stjormann* eller *sjømann*. Norvald Monsen kjem med følgjande råd i sitt debattinnlegg «*Fjern den misvisende tittelen kommunedirektør! Gjeninnfør rådmannstittelen!*». Ein tredje debattant, Ingelin Hoff Larsen, funderer i eit anna debattinnlegg i Bergens Tidende på om det no er slik at skulebarn må synge «*Mellom bakkar og berg utmed havet heve nordmannen, og nordkvinnen og nordbarnet fengje sin heim?*» eller «*heve nordvesenet fengje sin heim*» når dei øver på den kjende songen med tekst av Ivar Aasen. Det er tydeleg at endringa som er sette i verk, er noko som rører ved mange.

Når ein no skal fjerne kjønnsmarkerte titlar, kan det vere greitt å stoppe litt opp, og sjå seg tilbake. Kva er det eigentleg ein skal endre, kva er det eigentleg som gjer at noko er kjønnsmarkert, og korleis har eigentleg bruken av kjønnsmarkerte yrkestitlar vore dei siste åra?

1.2 Problemstilling og forskingsspørsmål

Føremålet med dette masterprosjektet er å **undersøke kjønnsmarkering av yrkestitlar i norsk i perioden frå 1920 til 2013**. Eg har valt å ta føre meg to måtar å spesifisere kjønn på, gjennom bruken av kjønnsmarkerande etterledd og suffiks, og gjennom dei kjønnsmarkerande adjektiva *kvinnelig* og *mannlig*. Yrkestitlar inneber her ikkje berre «reine» yrke, men også ord som nyttast om kunstutøving. Alt av søkeuttrykk og søkeord er skrivne på bokmål, meir om dette i 5.2.1.2 Språkval. Språk og samfunn heng saman. Språket vert påverka av samfunnet, men samfunnet vert også påverka av språket. Når eg skal undersøke bruksutvikling, er det av den grunn naturleg å vie det som skjer i samfunnet noko merksemd. Oppgåva har difor eit todelt fokus. Ho fokuserer delvis på det grammatiske aspektet rundt kjønnsmarkering, og delvis på forhold i samfunnet.

I arbeidet med denne problemstillinga har eg hatt eit par forskingsspørsmål som eg har ynskja å finne meir ut av. Desse kjem eg no til å presentere.

[1] Korleis kan ein skildre utviklinga til bruken av kjønnsmarkerte yrkestitlar i hundreåret etter 1920?

Me veit at det har vore ei utvikling i bruken av kjønnsmarkerte titlar. Ord med feminine etterledd og suffiks, slik som *politikvinne* og *ekspeditrise*, var vanleg å nytte tidleg på 1900-talet, men er i dag nesten heilt ute av bruk. På den andre sida så har ord med maskuline etterledd og suffiks vore nytta heilt til i dag. Forskingsspørsmål 1 har som føremål å kunne seie noko meir om når og korleis endringa har skjedd. Er det mogleg å finne og identifisere eventuelle utviklingstrendar?

[2] I kva grad kan titlar med maskuline etterledd og suffiks reknast for å vere kjønnsnøytrale?

Samansetningar med maskuline etterledd er i ferd med å fasast ut av språket. Diskusjonen rundt desse titlane med maskuline etterledd har handla mykje om kva grad dei kan nyttast i omtale av begge kjønn eller ikkje. Døme på dette er vist i innleiinga, som at Sætre ynskjer å kalle seg *styrmann*. Der dei maskuline etterledda diskuterast til stadigheit, vert dei maskuline suffiks sjeldan nemnt. Føremålet med dette forskingsspørsmålet er å sjå noko nærare på nøyaktig kor kjønnsnøytrale dei maskuline etterledda og dei maskuline suffiksa er.

[3] Kva kjenneteiknar bruken av kjønnsmarkering gjennom adjektiva *kvinnelig* og *mannlig*?

Kjønn kan markerast på mange måtar. Ein av dei er å leggje til adjektiva *kvinnelig* eller *mannlig* framfor yrkestittelen. Dette kan vere med på å erstatte den graden av spesifisering ein mister når yrkestittelen i seg sjølv vert meir kjønnsnøytral. Eg ynsker å sjå på korleis kjønn vert, eller ikkje vert, markert gjennom slike adjektiv. Blir *kvinnelig* og *mannlig* nytta like mykje, eller er det ein skilnad?

1.3 Metodisk tilnærming

I arbeidet med denne masteroppgåva har eg valt ei kvantitativ tilnærming. For å få eit oversyn over kva for kjønnsmarkerte titlar som har vore i bruk, har eg gjort to korpussøk. Ut frå resultata av korpussøka gjorde eg eit utval av yrkestitlar. Gjennom Nasjonalbiblioteket si N-gram-teneste henta eg så ut tidsseriedata som seier noko om bruksfrekvensen til desse orda i perioden frå 1920 og til 2013.

1.4 Kvifor ei undersøking som dette?

Noreg er i dag midt i ein prosess der ein fasar ut dei siste statlege titlane med kjønnsmarkerte etterledd. Når ein gjer slike endringar, kan det vere nyttig å ha kunnskap om korleis ting har vore før. Kva er det eigentleg ein går vekk ifrå?

I dei språkhistoriske bøkene eg har lese meg gjennom i løpet av studiet, har ikkje kjønnsmarkering vore vigde mykje merksemd. I dei tilfella det er nemnt i bøkene, dreier det seg ofte og gjerne om språkdebatten som råda på 1970-talet (meir om denne seinare).

Informasjon om kjønnsmarkering av ord har eg knapt møtt på. Målet med denne masteroppgåva har vore å hente inn og samle informasjon om temaet. Det er ei systematisk undersøking som bidrar både med bruksfrekvens og utviklingstrendar. Dette er kunnskap som kan vere interessant både i språkleg samanheng, som når ein ynsker å sjå på utvikling og

ending, men også i eit samfunnsperspektiv. Korleis ein markerer for kjønn, og i kva grad dette gjerast, er informasjon som vil vere gjevande i til dømes arbeid med likestilling.

1.5 Om kjønnsidentitet

For dei fleste menneske samsvarar kjønnsidentiteten med det kjønnnet dei fekk registrert ved fødselen på anatomisk grunnlag, men dette gjeld ikkje alle. Opplevinga av kjønnsidentitet er subjektiv, og ho står ikkje alltid i samsvar med den ytre anatomien kroppen har, eller med den oppfatninga andre har av kva kjønn ein er. Somme menneske oppfattar at dei har kjønn som ligg utanfor kategoriane mann og kvinne. Dei kan til dømes identifisere seg som transpersonar eller som intersexpersonar (van der Ros og Pirelli, 2020).

Personar som har fylt 16 år, kan i dag søke om å få endre sitt juridiske kjønn. Barn og unge mellom 6 og 16 år må søke saman med foreldra. Ut ifrå eiga oppleving av kjønn og kjønnsidentitet står ein i Noreg i dag fritt til å bestemme kva for eit kjønn som skal gå fram av folkeregisteret og personnummeret (Helsedirektoratet, 2020). Der er også rørsler i samfunnet som arbeider for å få innført ein tredje kjønnskategori, for dei som ikkje identifiserer seg med eller høyrer heime i kategoriane mann og kvinne (sjå mellom anna Skeiv Ungdom, u.å).

I dag er der altså eit stort mangfald av identitetskategoriar, og der er grupper som bryt med kjønnsnormene. Det er ikkje alle som let seg kategorisere eintydig som mann eller kvinne, men det store fleirtalet av menneske er likevel uproblematisk kvinner eller menn.

Likestillingsarbeid, statistikkar og så vidare har dei to kjønna mann og kvinne som grunnvoll. Statistisk sentralbyrå opererer til dømes ut ifrå registrert juridisk kjønn i den offisielle statistikken. Temaet rundt menneske som bryt med kjønnsnormer, er noko som først har blitt vanleg dei siste få tiåra. Det tyder ikkje at problemstillinga ikkje har eksistert tidlegare, men ho fekk ikkje merksemd i samfunnet på same måte.

Av den grunn at eg skal gjere ei historisk undersøking, vil det vere naturleg for meg å halde seg til dei to kjønnskategoriane mann og kvinne. Dette får implikasjonen at eg kjem til å omtale kjønn som eit fenomen med ei skarp og klår todeling. Eg er likevel klar over at dette ikkje er realiteten for alle.

1.6 Kva er gjort før?

Eg er ikkje aleine om å nytte meg av Nasjonalbiblioteket si N-gram-teneste. Av andre publikasjonar kan ein nemne Johnsen (2019) og Bastiansen (2019). Johnsen forklarar kva moglegheiter det er for å analysere tekstar i dette digitale arkivet, korleis dei er kopla til

internett, og kva for informasjon ein kan få om bøker frå arkivet med bruk av korpusmetoder. Bastiansen på si side diskuterer korleis presse- og mediehistorikarar kan nytte NB N-gram i sitt arbeid.

Ein som har nytta NB N-gram på omtrent same måte som meg, er Helene Uri. Uri (2020, s. 59) omtalar NB N-gram som «Norges kanskje (...) stiligste søkefunksjon». I den populærvitskaplege boka «Hvem sa hva? Kvinner, menn og språk» presenterer ho nokon undersøkingar i NB N-gram som liknar på dei eg gjer i dette masterprosjektet. Gjennom undersøkingane sine har ho mellom anna funne ut at pronomenet *han* er mykje meir brukt enn pronomenet *hun* i norske aviser (Uri, 2020, s. 59). Uri har gjort søk som viser frasen *mannlige ingeniører* ikkje er å finne i norske aviser før i 1970, og *mannlig ingeniør* ikkje før i 1978. Frasen *kvinnelige ingeniører* finn ho belegg for frå 1938 (2020, s. 60). For å forklare dette viser Uri til at det var utenkjeleg at ein ingeniør skulle vere noko anna enn ein mann, det var difor ikkje noko behov for å opplyse om kjønnet til vedkommande.

1.7 Vegvisar

I kapittel 2 er der ein gjennomgang av teori. Kapittelet er innom fem ulike område, orddanning, kjønnsmarkering av yrkestitlar, endring i ordforråd, språkbruksdiskusjon og -råd, og samfunnsutvikling.

Kapittel 3 er eit metodekapittel. I dette kapittelet gjev eg ein gjennomgang av dei korpussøka som er gjort.

Kapittel 4 er ein tematisk gjennomgang av dei yrkestitlane som vart valt ut til undersøking i NB n-gram.

Kapittel 5 handlar om NB n-gram. Her går eg gjennom korleis ein brukar og søker i programmet. Eg måtte gjere nokon endringar i koden til programmet, og desse endringane vert her forklart. Kapittelet tek også føre seg ei feilkjelde i undersøkinga.

Kapittel 6 er ein presentasjon og ein gjennomgang av resultatata frå søka som er gjort i NB n-gram.

Kapittel 7 identifiserer og presenterer seks ulike utviklingstrendar som byggjer på resultatata frå NB N-gram søka.

Kapittel 8 er eit diskusjonskapittel. Her trekk eg nokon linjer mellom endring i språket og endring i samfunnet. Eg går nærare inn på markering av kjønn gjennom bruken av *kvinnelig*

og *mannlig*. Mot slutten av kapitlet rettar diskusjonen seg inn på kva som er, og som kan reknast for å vere kjønnsnøytralt.

Kapittel 9 er eit oppsummerande og avsluttande kapittel.

2 Teoretisk grunnlag

I dette kapitlet kjem eg til å presentere den grunnleggjande teorien som ligg til grunn for masteroppgåva. Teorien som vert presentert, dreier seg hovudsakleg rundt tre ulike område, orddanning, språkdebatt og samfunnsutvikling.

2.1 Orddanning

Hovudfokuset i denne oppgåva er yrkestitlar. Yrkestitlar er ord, på lik linje med andre ord.

For å forstå korleis desse orda er satt saman og fungerer må ein difor sjå på orddanning, på korleis orda blir til. Orda kan delast inn i tre grupper: rotord, samansetningar og avleiingar.

2.1.1 Rotord

Eit ordelement som ikkje kan delast opp i mindre delar som har eiga betydning, vert kalla for ei rot. Når stammen i eit ord aleine består av ei enkelt rot, kallar vi det for eit rotord. Døme på ord av denne typen er *dag*, *hoppe* og *fin* (Kulbrandstad og Kinn, 2016, s. 127). Rotsubstantiv er kjønnsmarkerte i den forstand at dei har eit genus. Ein kan med det ha både feminine og maskuline rotord.

Det er tilfelle på at rotord kan vere yrkestitlar, eit døme på dette er *prest*. Eit anna er ordet *kokk*, men dette er noko problematisk.

kokk -- kokken -- kokker -- kokkene

Yrkestittelen *kokk* har ein feminin varianten i ordet *kokke*

kokke -- kokka/kokken -- kokker – kokkene

Ord av typen *kokk* og *kokke* vil vere ekstra utfordrande å undersøke med ein slik metode som eg nyttar i dette prosjektet. Fordi den feminine og den maskuline varianten av ordet til tider overlappar er det vanskeleg å vite kva for eit av dei to orda det gjeld. *Kokker* kan vere både den ubestemte fleirtalsforma til *kokk* og til *kokke*.

2.1.2 Samansetningar

I *Norsk referansegrammatikk* (Faarlund, Lie og Vannebo, 1997, s. 61), frå no *NRG*, kan me lese at ei samansetning består av to ledd. Det første leddet vert kalla for eit forledd, og det siste for etterledd. *NRG* opererer med fire ulike semantiske typar av samansetningar, determinative, possessive, imperative og kopulative.

Determinative samansetningar reknast for å vere den vanlegaste typen samansetningar me har på norsk. Dette er også den einaste typen samansetning eg kjem inn på i oppgåva mi. Eg har difor valt å berre gå nærare inn på den.

Dei fleste samansetningar er determinative. Dette inneber at det er etterleddet som gjev hovudbetydninga til samansetninga, medan forleddet avgrensar eller modifierer betydninga til etterleddet (Faarlund, Lie og Vannebo, 1997, s. 62). Ein *politibil* er ein type bil. Etterleddet *bil* fortel oss at det er snakk om ein bil, og forleddet fortel kva type bil det er. Ein *bilbrann* er på si side ein type brann, og forleddet *bil* fortel oss kva slags brann det er. Andre døme er *utedo* («ein do som er ute»), *mjølkekartong* («ein kartong med/for mjølk») og *plommesaft* («saft av plommer»). Ut frå døma ser me at forleddet kan modifierere etterleddet på fleire ulike måtar. *NRG* seier at det er lite truleg at ein kan finne uttømmande reglar for korleis dei semantiske forholda mellom dei ulike ledda kan vere.

Det semantiske forholdet i samansetningane er ikkje alltid like tydeleg, av den grunn at betydninga har endra seg over tid. *NRG* viser til dømet *duk*. I dag er ein *duk* noko ein har på bordet, og ein *voksduk* er det same, altså ein vanleg determinativ samansetning. Ser ein på orda *teltduk* eller *seglduk* er ikkje dei dukar i vanleg forstand. I dei to døma ser ein den eldre betydninga av *duk*, nemleg «tøy» eller «vove stoff» (Faarlund, Lie og Vannebo, 1997, s. 62).

2.1.3 Avleiingar

Ei avleiing er eit ord som er danna av ein base, ved hjelp av eit avleiingsaffiks, anten prefiks eller suffiks. Sjølv avleiingsbasen kan vere eit rotord, ei avleiing eller ei samansetning. På same måte som samansetningar har avleiingar komplekse stammar. Dette vil seie at dei består av meir enn eitt morfem. Skilnaden mellom ei samansetning og ei avleiing ligg i at delane i ei samansetning stort sett kan vere stammar i eigne ord, mens ein av delane i ei avleiing er eit bunde grammatisk morfem. Avleiingsmorfemet kan stå framfor eller etter basen i avleiinga. Dei avleiingsmorfema som står framfor, kallar me for avleiingsprefiks, dei etterstilte for avleiingssuffiks. Hovuddelen, den som normalt kan vere stamme i eit eige ord, kan vere kjend under fleire omgrep. Denne delen har gått under *avleiingsstamme* eller berre *stamme* (Kulbrandstad og Kinn, 2016). Av di *stamme* også vert nytta om bøyning, har eg i denne oppgåva valt å bruke den eintydige termen *base*.

I norsk er det suffiksavleiingar som er det vanlegaste, til dømes *brun-aktig*, *spar-sam* og *les-ing*. Det er også mange prefiksavleiingar, som til dømes *u-mogleg*, *mis-nøgd*, og *be-herske*. I tillegg kan ein ha avleiing ved stammeendring, som i *løys(-e)* jamfør *laus*, og konversjon

vatn(-e) jamfør *vatn*. Dei ulike avleiingsformene kan også opptre samtidig, som i *syr-leg*, jamfør *sur* (Kulbrandstad og Kinn, 2016, s. 143).

Når eg i denne oppgåva skal arbeide med titlar, er det suffiksavleiingar og suffiks som kjem til å vere mitt fokusområde.

2.2 Kjønnsmarkering av yrkestitlar

Alle norske substantiv har eit grammatisk genus. Ord kan på den måten ha hankjønn, hokjønn eller inkjekjønn. I bokmål kan ein også nytte eit tokjønnsystem, då har orda inkjekjønn eller felleskjønn (Kulbrandstad og Kinn, 2016, s. 197). Det i ein del tilfelle samanheng mellom grammatisk kjønn og det biologiske kjønn til det levande vesenet ordet skildrar. *Gut* er ein person med hankjønn, og ordet er hankjønn, *jente* er ein person med hokjønn, og ordet i seg sjølv er hokjønn. Grammatisk kjønn er likevel for det meste ein formell og grammatisk eigenskap ved substantiva (Kulbrandstad og Kinn, 2016, s. 198).

Kjønn er eit vesentleg moment i denne oppgåva. For å gjere skiljet mellom biologisk kjønn og grammatisk kjønn tydelegare, kjem eg vidare til å nytte dei latinske omgrepa *maskulin* og *feminin* når det er tale om grammatisk kjønn. Når eg til dømes grupperer saman maskuline etterledd, er det tale om etterledd med grammatisk hankjønn, og tilsvarande er feminine etterledd etterledd med grammatisk hokjønn.

Når eg i denne oppgåva refererer til kjønnsmarkerte titlar, meiner eg titlar som på ein eller annan måte markerer for kjønn til yrkesutøvarer. Denne kjønnsmarkeringa kan skje uavhengig av det grammatiske kjønn til ordet. Eg kjem vidare til å gå gjennom korleis dette kan gjerast, først gjennom samansetning, så gjennom (suffiks) avleiing.

2.2.1 Kjønnsmarkerande samansetningar

Dei kjønnsmarkerande titlane som vert danna gjennom samansetning, består i hovudsak av eit etterledd som spesifiserer kjønn, og eit forledd som seier noko om kva personen gjer.

Gjennom søk og aktiv leiting i diverse litteratur, ordbøker og korpus, har eg arbeidd meg fram til denne lista over kjønna etterledd som har vore brukt til å danne slike nemningar eller titlar i norsk.

Tabell 1 Oversikt over maskuline etterledd

Etterledd	Døme
<i>-mann</i>	<i>Brannmann, fylkesmann, tjenestemann</i>
<i>-gutt</i>	<i>Visergutt, dekksgutt, gjetergutt</i>
<i>-onkel</i>	<i>Barnehageonkel, barnetimeonkel</i>
<i>-drenge</i>	<i>Tjenestedrenge, læredrenge, bondedrenge</i>
<i>-kar</i>	<i>Arbeidskar, driftekar</i>
<i>-herre</i>	<i>Feltherre, kammerherre, driftsherre</i>
<i>-bror</i>	<i>Helsebror, våpenbror</i>
<i>-svenn/svein</i>	<i>Kjertesvein, bakersvein, urmakersvein</i>

Tabell 2 Oversikt over feminine etterledd

Etterledd	Døme
<i>-dame</i>	<i>Kontordame, sydame, butikkdame</i>
<i>-kvinne</i>	<i>Talskvinne, trælkinne, yrkeskvinne</i>
<i>-kone</i>	<i>Bondekone, vaskekone, spåkone</i>
<i>-jente</i>	<i>Tjenestejente, seterjente, fabrikkjente</i>
<i>-pike</i>	<i>Barnepike, stuepike, kokkepike</i>
<i>-søster</i>	<i>Sykesøster, helsesøster, slumsøster</i>
<i>-mor</i>	<i>Husmor, jordmor</i>
<i>-tante</i>	<i>Parktante, barnehagetante</i>
<i>-jomfru</i>	<i>Husjomfru, kammerjomfru, syjomfru</i>
<i>-kjerring</i>	<i>Reikjerring, vaskekjerring</i>
<i>-deie</i>	<i>Budeie, bakstedeie, seterdeie</i>

Denne oversikta kan ikkje seiast å vere uttømmande, men av omsyn til omfanget av dette masterprosjektet har eg valt av avgrense meg til desse etterledda. Eg vurderer det dit at denne lista dekkjer dei viktigaste og mest brukte, og at dei difor tener det føremålet eg ynsker.

Historisk har det vore slik at yrkesutøvaren hadde det kjønnet etterleddet til tittelen tilsa. Var det tale om ei *kontordame*, så kunne ein vere trygg på at vedkommande var ei kvinne. På same måte var *dekksguten* ein gut, ei *sjukesøster* var ei kvinne og *brannmannen* ein mann. Genuset til etterleddet var med andre ord samsvarande med kjønnet til yrkesutøvaren.

I dag kan ein sjå at det har skjedd ei endring i kva betydning etterleddet har for kjønnet til yrkesutøvaren. Slår ein opp ordet *jordmor* i NAOB, får ein følgjande definisjon «person (tidlegare alltid kvinne) som utfører svangerskapskontroll og bistår ved fødsel». Tidlegare var det altså berre kvinner, men ut frå definisjonen skjønar ein at det i dag kan vere enten ei kvinne eller ein mann. Fram til 2018 kunne ein mann arbeide som *helsesøster*, og då eg byrja på dette masterprosjektet i august 2020 hadde Svalbard ei kvinne ved namn Kjerstin Askholt som *sysselmann*. Gjennom det året eg har brukt på å skrive denne oppgåva har dømet med den kvinnelege sysselmanen blitt forelda. Den 1.juli vart *sysselmann* offisielt endra til *sysselmester*, og vedkommande heiter no Lars Fause og er ein mann (Sysselmesteren på Svalbars, u.å). Sjølv om *sysselmann* har blitt til *sysselmester*, står framleis poenget. Ord kan ha eit kjønnsmarkerande etterledd, men det treng ikkje ha noka betydning for kjønnet til yrkesutøvaren.

Språkhistorisk kan ein argumentere for at *-mann* (*-maðr*) i norrønt oftast var brukt kjønnsnøytralt når det vart brukt allment, ikkje minst i samansetningar. Sånn sett er det mogleg å argumentere for at *-mann* ikkje treng å vise til det mannlege kjønnet (Vikør, 2018, s. 647). Talet på norskbrukande som har så inngåande kjennskap til norrønt at dei er klar over det kjønnsnøytrale opphavet, er truleg veldig lågt. For den gjennomsnittlege norske språkbrukaren i dag er *mann* eintydig hankjønn. Av denne grunn vel eg å ta utgangspunkt i at det er tale om det mannlege kjønnet når *-mann* vert brukt i samansetningar.

2.2.2 Kjønnsmerkerte avleiingar

I kapittel 2.3.3.1 i *NRG* er det presentert ein rekkje avleiingar som nyttast i for å danne substantiv. På same måte som med samansetningane, kan ein nytte avleiingar til å danne maskuline og feminine ord. Av avleiingane som dannar maskuline substantiv, er det følgjande som er mest relevant for denne oppgåva, er *-ling* (*lærling*), *-er* (*lærer*), *-ist* (*pianist*), *-ant* (*fabrikant*), *-ent* (*student*), *-ør* (*frisør*) og *-or* (*investor*).

I norsk har me ei rekkje suffiks som kan nyttast for å danne feminine ord. *NRG* reknar denne gruppa for å innehalde suffiksa *-inne*, *-erske*, *-ine*, *-esse*, *-øse*, *trise* og *-a*.

På norsk dannar suffikset *-inne* feminine substantiv av maskuline substantiv som skildrar personar. Denne typen substantiv vert brukt for å skildre kvinner, og har i hovudsak ein av tre ulike funksjonar. Ordet i seg sjølv kan vise til kva ei kvinne gjer på eller arbeider med, som til dømes ei *lærarinne*. Orda kan også nyttast for å vise kva ei kvinne er i kraft av seg sjølv, som ei *jødinne*. Den siste funksjonen er at ordet kan skildre det ei kvinne er definert som gjennom ektemannen sin, slik som hjå ei *bispinne*, som er kona til biskopen (Faarlund, Lie og Vannebo, 1997, s. 110).

Suffikset *-erske*, som i døma *sjukepleierske* og *syerske*, skildrar også kvinner. Faarlund, Lie og Vannebo skriv i *NRG* at ord med dette suffikset stort sett er fortrent av andre ord i dag, men at det var meir i bruk før.

-ine vert i somme tilfelle nytta for å skildre kvinner, som i døma *studine* og *konkubine*.

Der er også nokon andre suffiks som kan danne substantiv som skildrar kvinner. Bruken av *-esse* ser me i ord som *prinsesse*. Til enkelte substantiv på *-ør* kan *-øse* danne ein kvinneleg variant, som i *massøse* og *suffløse*. Suffikset *-trise* kan til nokon substantiv på *-tør* vise til kvinner, slik me kan sjå i ord som *ekspeditrise* og *direktrise*.

NRG legg også til at suffikset *-a* ved eigennamn ofte nyttast for å danne ein kvinneleg variant, slik som i *Olava* og *Olea*. Av den grunn at eg skal fokusere på titlar og nemningar, ikkje personnamn, vil ikkje dette suffikset vere relevant for meg å sjå på.

2.2.3 Maskulint vs generisk hankjønn

I norsk, og i mange andre språk, er det slik at ein reknar hankjønn for å vere umarkert, men at ein markerer tydeleg for hokjønn (Gundersen, 2004, s. 165). For å forklare dette viser Gundersen (2004, s. 166) til ordparet *løve* og *løvinne*. Ein kan tenkje seg at dette er eit symmetrisk ordpar for hannen og hoa, men det er ikkje nødvendigvis heilt sant. Det vil vere fullt mogleg å prate om ein *hannløve*, men me kan vanskeleg tenkje oss eit ord som *hunnløvinne*. Motstykket til ein *hannløve* vert her *hunnløve*. Uri (2019, s. 208-209) nyttar også ordparet *løve-løvinne* for å skildre skilnaden mellom generiske og maskuline ord. Forklaringa ho gjev, svarar til den Gundersen nyttar.

Gjer ein eit søk i Nasjonalbiblioteket si søketeneste NB N-Gram,¹ får ein belegg for dette. Ein får opp data for bruken av *løve*, *løvinne*, *hannløve* og *hunnløve*. Søkjer ein derimot opp bruken av *hunnløvinne* eller *hannløvinne*, får ein ikkje noko resultat.

Me kan sjå at forma *løve* har ein dobbelt funksjon. På den eine sida kan *løve* ha ein generisk funksjon, altså for å vise til heile arten. På den andre sida kan *løve* også vise til hankjønn, altså dei mannlege eksemplara av arten. I dette substantivet ser ein med andre ord eit døme på eit feminint rotord der defaulttolkinga er hankjønn. Ordet *løvinne* vil på si side alltid vere markert for hokjønn.

Ein kan sjå det same når det gjeld yrkestitlar. Frå gammalt av var det slik at *læraren* og *servitøren* var menn, medan *lærarinna* og *servitrisa* var kvinner. Maskuline suffiks som *-er* og *-ør* vart berre nytta om menn. Når det hokjønnsmarkerande suffikset ikkje var til stades, så var det tale om ein mann. I dag har dette i stor grad endra seg. Dei feminine suffiksa har stort sett gått ut av bruk, og titlar med slike maskuline suffiks vert sett på som kjønnsnøytrale (Norsk språkråd, 1983, s. 93).

Det har med andre ord skjedd ei endring i kven som kan vere inkludert av dei ulike orda. Dei maskuline suffiksa har fått utvida si betydning til å i større grad gjelde begge kjønn. Der ord tidlegare berre var nytta om menn, vert dei no nytta av alle. Slike ord har altså gått frå å markere det mannlege/maskuline til ein generisk funksjon. Dette fører til at i norsk vil ord som *lærer*, *forfatter* og *sykepleier* oppfattast som substantiv som kan nyttast om begge kjønn. Alle døma er maskuline substantiv, men dei oppfattast som kjønnsnøytrale. I dag vert altså ikkje ord oppfatta som mannlege titlar med mindre dei er samansetningar med maskuline etterledd (Uri, 2020, s. 66).

Maskuline ord kan på denne måten ha ein kjønnsnøytral funksjon, men dei kan også, særskilt i eldre språk, markere for hankjønn. Vidare i oppgåva kjem eg til å nytte uttrykket potensielt kjønnsnøytralt for å betre få fram denne todelte tydinga.

2.3 Ordforråd

Ordforrådet me har i eit språksamfunn avspeglar verda utanfor språket og dei tolkingane av verda som ligg nedfelt i kulturen. Verda, men også korleis kulturen tolkar ho, er i stadig

¹ Søk gjort 08.10.2020 med dei standardiserte innstillingane i webgrensesnittet til NB N-gram.

endring. Det kjem stadig teknologiske nyvinningar og nye produkt. Me får nye aktivitetar og nye yrke. Etter som samfunnet endrar seg, får dette følgjer. Dei institusjonane me har, går gjennom utviklingar, og me organiserer tilværet på nye måtar. Fordi ordforrådet vårt reflekterer denne endringa, er det sjølv i konstant endring. (Kulbrandstad og Kinn, 2016, s. 116).

Ordforrådet er det som endrar seg raskast i eit språk. På ein periode på 20 år kan det skje omfattande leksikalske endringar (Fjeld og Nygaard, 2010, s. 596). I hovudsak er det to store endringar som skjer, nye ord kjem til og andre går ut av bruk og fell frå. Nye ord kan sorterast i to typar etter form og innhald. Neoformative ord er ord som ikkje tidlegare har eksistert i det aktuelle språket. Neosemantisme er ord som allereie eksisterer i språket, men dei har fått endra, og ofte ein meir spesialisert tyding (Fjeld og Nygaard, 2010, s. 511). Når ord forsvinn frå språket kan det vere av fleire grunner. Bugge (2020, s. 234) viser til tre ulike årsaker, referentdød, termdød og substitusjonsdød. Referentdød er når ord forsvinn fordi tinga ordet refererer til forsvinn frå dagleglivet. Termdød skuldast at måten ein ser verda på, forandrar seg. Ved termdød er det termen, altså ordet for referenten, som er ute av bruk. Substitusjonsdød er at ord forsvinn fordi det blir bytta ut med synonyme ord. Dette skjer utan at referenten eller synet ein har på referenten endrar seg.

2.4 Språkbruksdiskusjon og -råd

2.4.1 Historisk blick på diskusjonen kring kjønnsmarkerte titlar

Diskusjonen om ord og uttrykk for personar i norsk har til tider vore ganske bastant og hissig. Noko av det det har vore mest strid om, er samansette ord med kjønnsmarkert etterledd (Gundersen, 2004, s. 166). Når ein skal sjå på denne diskusjonen kring kjønnsmarkering i norsk, er det naturleg å vende blikket mot 1970-talet. På den tida byrja kvinnerørsla å sjå på språk og språkbruk som eit middel i kjønnslikestillingsarbeidet. Kvinnerørsla fokuserte på at språket kunne vere med på å bevare eit ujamnt kjønnsrollemønster, og dei feministiske organisasjonane byrja å kjempe for å bli kvitt det dei såg på som kjønnsdiskriminerande språkbruk (Nesse, 2013, s. 186; Norsk språkråd, 1997).

Eit av dei viktigaste punkta i denne feministiske språkkritikken på 1970-talet var bruken av etterleddet *-mann* i ord for yrke, stillingar og verv. Dette gjaldt til dømes ord som *oppsynsmann, talsmann, ombodsmann, stortingsmann, formann, varamann* og så vidare (Vikør, 2018, s. 646). Tradisjonelt sett var det menn som hadde hatt slike verv, og det var framleis menn som hadde dei fleste av dei. Dette var ein realitet som var i endring, stadig fleire kvinner fekk og tok slike roller i samfunnet (Vikør, 2018, s. 647).

Det var litt delte meiningar om korleis språket burde reflektere dei samfunnsendingane som hadde skjedd. Ein kan i hovudsak skilje ut to ulike hovudsyn i denne debatten. Delar av feministrørsla hadde eit ynske om kjønnsmarkerande titlar. Ein tenkte at eventuelle nøytrale nemningar ville verka tilslørande, og dei hadde som føremål å synleggjere kvinnene. Ein ville tydeleggjere og sette fokus på at vedkommande var ei kvinne. Om *stortingsmannen* var ei kvinne, skulle ho då gå under *stortingskvinne*, og dei kvinnelege leiarane var *forkvinner*. Denne språkbruken fekk aldri noko skikkeleg gjennomslag i samfunnet (Vikør, 2018, s. 648).

Det andre hovudsynet, og det som nok kan seiast å ha vunne diskusjonen, gjekk på at ein ville ha språket mest mogleg kjønnsnøytralt. Døme på slik nøytral språkbruk er når *-mann* vert erstatta med *-er*, slik me ser i overgangen frå *riksmeklingsmann* til *riksmekler*. Samansetninga kan også fjernast heilt, slik me ser i døme *ombudsmann* som var til *ombud*. Andre gongar vart det danna heilt nye ord. *Froskemann* vart til *dykker*, og etter kvart som arbeidet i barnehagar og *-parkar* vart meir profesjonalisert, gjekk dei tilsette frå å vere *tanter* og *onklar* til å vere *førskulelærarar* (Nesse, 2013, s. 186 -187).

I 1979 kom der eit gjennombrøt for den feministiske språkkritikken og dei kjønnsnøytrale yrkesnemningane. Likestillingslova vart innført, og med det var det forbode å utforme stillingsannonsar på ein slik måte at dei favoriserte det eine kjønnet (Vikør, 2018, s. 648). Ein kunne med det ikkje lyse ut stillingar spesifikt for menn eller kvinner, slik som det i delkapittel x.x vart vist at dei gjorde i avisa Arbeiderbladet. Stillingsannonsar må, som følgje av likestillingslova, formulerast på ein slik måte at kjønnet til søkjaren ikkje er viktig.

2.4.2 Rådande tankegang rundt kjønnsmarkering av titlar i dag

2.4.2.1 Språkrådet

Språkrådet, som fungerer som den norske staten sitt fagorgan i språkspørsmål, og som følger opp den norske språkpolitikken på oppdrag frå Kulturdepartementet, har laga ein rettleiar for kjønnsbalansert språkbruk (Språkrådet, u.å). Følgjande oppfordringar og råd er henta frå denne rettleiaren.

Der oppfordrar dei til å bruke kjønnsnøytrale ord, så langt det lar seg gjere. Med dette meiner dei at ein bør bruke yrkestitlar og stillingsnemningar som omfattar begge kjønn. Språkrådet seier at det er ynskeleg å fase ut dei kjønnsmarkerte orda som framleis eksisterer i dag med kjønnsnøytrale nemningar. Ved ord for tillitsverv og liknande gjer dei det same, og tilrår kjønnsnøytrale nemningar.

Språkrådet seier også at ein gjerne, til dømes for å synleggjere, kan bruke parallelle, kjønnsmarkerte nemningar for både kvinner og menn. Altså nytte former som *vitenskapskvinne* og *vitenskapsmann* eller *politimann* og *politikvinne*. Språkrådet poengterer likevel at ein i tillegg til dei parallelle formene vil ha behov for kjønnsnøytrale nemningar.

Når det ikkje er grunn til det, oppfordrar Språkrådet til å unngå bruken av adjektiva *kvinnelig* og *mannlig* ved yrkesnemningar. Dei argumenterer med at ordbruk som *kvinnelig tannlege* og *mannlig sjukepleiar* kan gje inntrykk av at det «normale» er at tannlegar er menn og sjukepleiarar kvinner.

Om kjønnsmarkerande suffiks seier dei at slike kvinnenemningar som *-inne* og *-erske* er mindre brukt i dag. Det ser ein gjelde blant anna i ord for utøvarar, som *forfatterinne*, *skuespillerinne* og *sangerinne*. I ord som *svigerinne*, *veninne* og *vertinne* meiner dei på si side at denne typen nemningar har ein naturleg plass.

2.4.2.2 Språkpolitikk

I ei pressemelding frå regjeringa gjeve den 07.06.20 uttrykker kommunal- og moderniseringsminister Nikolai Astrup seg slik:

Det er på høy tid at vi endrer navnene på stillingstitlene i staten til å bli kjønnsnøytrale (...). Vi trenger de aller beste hodene til å jobbe i staten uavhengig av om de er kvinner eller menn. Det er både gammeldags og utdatert at tittelen på stillingen knyttes til hvilket kjønn en har.

Under markeringa av kvinnedagen i Oslo dagen etter kunne kultur- og likestillingsminister Abid Q. Raja fortelje at den norske regjeringa har bestemt seg for å avskaffe alle statlege yrkestitlar som ikkje er kjønnsnøytrale (Bentzrød, 2020). Sidan har det skjedd fleire namneendringar av statlege titlar. Mellom anna vart *fylkesmann* endra til *statsforvalter* 1. januar 2021 (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2020), *sysselman* vart endra til *sysselmester* sommaren 2021, og *lensmann* er vedtatt endra til *politistasjonssjef* (Justis- og beredskapsdepartementet, 2020).

Prosessen med å gjere yrkestitlar kjønnsnøytrale var ikkje noko nytt då den offisielle strategien vart fremma i 2020. I 2018 avgjorde Regjeringa at ein skulle endre stillingstittelen *helsesøster* til *helsesykepleier*. Dette argumenterte dei for på fleire måtar. Hensikta med å skifte til ein nøytral tittel var å rekruttere fleire menn inn i yrket, og å senke terskelen for unge gutar til å oppsøke helsehjelp. Gjennom å endre stillingstittelen ville ein synleggjere at

dei spennande moglegheitene i yrket også var for menn. Den nye stillingstittelen skulle signalisere til menn at yrket passa like godt til begge kjønn (Regjeringen, 2018).

2.4.2.3 Kjønnsmarkering i andre land

Andre land og språk har hatt og har andre tilnærmingar til kjønnsmarkering av yrkestitlar enn me har i norsk. Eit døme på eit land som har lagt seg på ei heilt anna linje, er Tyskland. I tysk er det kjønnsmarkerte titlar som er den dominerande skrivemåten.

Det tyske språket har eit klårt skilje mellom substantiv som skildrar menn og kvinner. Substantiv som vert nytta om kvinner, til dømes yrkestitlar, er nesten alltid danna med suffikset *-in* (Teso, 2010, s. 127). Dette suffikset er veldig produktivt, og det er godt etablert i den tyske orddanninga. Suffikset vert berre brukt for å danne kvinnelege substantiv, og det kan nyttast på alle ord (Teso, 2010, s. 127). Det eksisterer eit par andre feminine suffiks også, men desse er vanlegvis lånt frå andre språk. Når manlege yrkestitlar endar på etterleddet *-mann* (mann), pleier den kvinnelege forma å slutte på *-frau* (kvinne/dame) (Teso, 2010, s. 128). Kjønn er altså klårt markert i det tyske språket. Anten så er ein *ein Lehrer* (lærer), eller så er ein *eine Lehrerin* (lærarinne).

Engelsk har ikkje grammatisk kjønn, og som ein konsekvens av dette er kjønn i hovudsak ein semantisk kategori. Dei aller fleste ord som refererer til eit menneske er umarkert for kjønn, og vert nytta for å skildre både menn og kvinner, t.d. *person*, *neighbour* og *drug addict* (Teso, 2010, s. 156). Sjølv om engelsk ikkje har grammatisk kjønn, så har det vore argumentert for at der likevel eksisterer ein tydeleg kjønnsskeivskap. Når kjønn til vedkommande ikkje er kjent eller relevant, har det vore ein tendens til at innehavaren av eit høgstatusyrke vert omtala gjennom det maskuline pronomenet *he*. Tilsvarande forklarar ho at det kvinnelege pronomenet *she* vore brukt når det har vore tale om arbeidstakarar frå lågstatusyrke (Teso, 2010, s. 157). Ein liten innvending mot dette med pronomena, kan vere at det eigentleg er status om er den viktigaste faktoren. *Factory worker* er eit typisk lågstatusyrke, men vil nok til trass for dette omtalast med pronomenet *he*.

2.5 Samfunnsutvikling

Det siste hundreåret har det norske samfunnet vore gjennom store endringar på mange plan. Utover 1900-talet vart Noreg ein velferdsstat, dei tradisjonelle kjønnsrolla gjekk gjennom ei utvikling, og stadig meir og betre teknologi vart tilgjengeleg for folk flest. Som nemnt heng språk og samfunn saman. Når eg i dette masterprosjektet undersøker ein periode som strekker seg over eit lengre tidsrom, så er det naturleg å vie noko plass til dei endringane som skjer i

samfunnet denne tida. Fordi kjønn og kjønnsmarkering er ein vesentleg del av prosjektet, kjem eg i stor grad til å sjå på historia med eit kjønnsperspektiv.

Når ein ser på historia med eit kjønnsperspektiv, er det vanleg å omtale perioden frå 1900 kring 1950 som husmortid. Gjennom den siste halvdel av 1800-talet vart kvinner formelt likestilt med menn på stadig fleire område. Tidlegare hadde høgare utdanning vore reservert for menn, ved inngangen til 1900-talet var det berre nokon få utdanningar som var stengt for kvinner. Det same ser ein når det gjeld arbeidsplassar, stadig fleire stader opna opp for å tilsette kvinner.

I 1896 kom lov om høgare skular, og dette kan sjåast på som den første opninga av offentlege embete. Med denne lova vart det fastslått at kvinner kunne utnemnast til rektorar, overlærarar og adjunktar. Denne endringa gjorde at det var behov for ei endring av den norske grunnlova. Ifølgje Grunnlova var det berre norske borgarar som kunne ha slike embete. Stortinget tolka lova slik at det berre var menn som vart rekna som «norske borgarar», kvinner var ikkje omfatta av omgrepet. Fem år seinare var denne hindringa rydda av vegen, og kvinner kunne med sin fulle rett ta slike stillingar (Melby, 2004, s. 311).

Dei neste åra skulle der komme fleire endringar som gjorde det lettare for kvinner å delta i arbeidslivet. I 1904 fekk kvinner rett til å praktisere som sakførarar og advokatar. I 1912 kom lova om kvinners tilgang til embete. Kvinner fekk likevel berre ein avgrensa tilgang til arbeidsmarknaden. Det var framleis berre menn som kunne arbeide i kyrkja, diplomatiet, i det militære og ha statsrådpostar. Etter 1938 gjaldt denne avgrensinga berre for prestestillingar, endringa der kom først i 1956 (Melby, 2004, s. 311).

Trass for at den formelle likestillinga var betre enn nokon gong, kan ein i denne husmortida sjå eit tydeleg kjønnskomplementært mønster. I 1900 var om lag 90 % av mennene, men berre 35 % av kvinnene yrkesaktive. Går ein fram til 1950, var skilnaden mellom kjønna auka. Statistikken viser at om lag tre av fire kvinner vart forsørgde privat (Melby, 2005, s. 257). Ein ser altså at talet på yrkesaktive kvinner gjekk ned med 10 prosentpoeng den første halvdel av 1900-talet, for menn var ikkje endringa betydeleg.

Når ein skal forklare kvifor det var færre kvinner i lønt arbeid, er det vanleg å sjå på dei demografiske forholda, og då særskilt giftemålmønsteret. Dei kvinnene som var i lønt arbeid, var stort sett dei unge, dei ugifte og enkene (Melby, 2004, s. 306). Ved hundreårsskiftet var det fleire unge og ugifte kvinner enn 50 år seinare. Den rådande kulturen som var i samfunnet på denne tida, var at gifte kvinner skulle forsørgast av mannen sin, dei

skulle ikkje ha lønt arbeid sjølv. Når talet på ugifte kvinner då vart lågare, var det også færre kvinner som kunne ta seg lønt arbeid. Etter kvart var kravet om at kvinner måtte velje mellom yrke og ekteskap opplevd som stadig mindre akseptabelt. I 1939 vart det fastsett at det ikkje lenger var lovleg å seie opp ei kvinne fordi ho gifta seg, noko som hadde vore ein normal praksis. Norma om at ein som kvinne burde seie opp jobben når ein gifta seg eller fekk barn, var likevel rådande lenge (Danielsen, 2014).

Det bør nemnast at ein må sjå på statistikken over yrkesaktive kvinner med noko atterhald. Kva som vart registrert som yrkesaktivitet hjå kvinner, var bestemt av samtidas oppfatning av arbeid og kva som var passande for kvinner. Dei som til dømes var med og drifta gards- og fiskebruk med mannen sin, var ikkje rekna som arbeidande. Det var også ein del kvinner i arbeidarklassen som hadde små deltidsjobbar, men deltidsarbeid kom ikkje med i statistikken før i 1920, og ein kan difor ikkje sjå dette i den tidlegaste statistikken (Melby, 2004, s. 308).

Menn dominerte arbeidsmarknaden, og ein kunne sjå dei i alle stillingar og posisjonar. Når det gjaldt kvinnene, var dei oftast å sjå blant dei lågare funksjonærene, der det til tider var fleire kvinner enn menn. Dei ugifte kvinnene var å sjå i arbeid på kontor og i butikk. Andre viktige arbeidsfelt der det var nesten like mange kvinner som menn var i post, telefoni og telegrafi. Tenaryrket var likevel det viktigaste lønnsarbeidet for kvinner heilt til etter andre verdenskrig. I perioden mellom 1900 og 1930 var 40 % av alle kvinner med eit yrke tenesteynter. Tenaryrket er også eit område der mannen mista domene. Ved hundreårsskiftet var om lag ein fjerdedel av alle med lønt tenestearbeid menn, i 1930 var dette talet nede på 6 % (Melby, 2004).

Den siste halvdel av 1900-talet var prega av store endringar i samfunnet. Noreg opplevde ein sterk vekst i nesten alle område av samfunnslivet. Samstundes fekk ein merkbare geografiske og sosiale strukturendringar. Talet på årsverk innanfor fiske og landbruk gjekk ned, medan ein fekk ein særskilt stor vekst i talet på funksjonærar i administrasjon og tenesteynting. Folk flytta også i stor grad frå landsbygda og til byar eller tettstadar, slik at busettingsmønsteret endra seg (Sejersted, 2019). Noko av det som har prega perioden mest, kan likevel seiast å vere utviklinga av den norske velferdsstaten. I tida etter andre verdenskrig skaut utviklinga fart, og innan midten av 1960-talet hadde ein innført både barnetrygd, sjuketrygd, arbeidsløysetrygd og allmenn alderstrygd (Christensen og Berg, 2019).

Utviklinga av den norske velferdsstaten kan seiast å vere ein av faktorane som var med på å endre den kjønnsbalansen som hadde vore i yrkeslivet den første halvdel av 1900-talet. Det

grunnlaget ein hadde for den mannlege eineforsørgjarmodellen og husmorfamilien, forvitra. Endringsprosessane i økonomien, demografien og i kulturen førte til nye familiemønster (Ellingsæter, 2019). Særskilt ser ein dette frå om lag 1970. Då var det tydeleg at dei unge kvinnene gjorde inntog i utdanningsinstitusjonane, og dei gifte kvinnene gjekk ut i arbeidslivet. Samstundes vart familiene mindre, kvinner fekk færre barn, og ein auke i skilsmisser gjorde familien som institusjon meir ustabil enn før (Ellingsæter, 2019).

I byrjinga var likevel ikkje samfunnet lagt til rette for at mødrer kunne vere yrkesaktive. Det var få barnehageplassar, og fødselspermisjonen var kort. For å betre dei økonomiske kårane i familien vart det sett inn familiepolitiske tiltak. Hovudlinjene i den norske familiepolitikken var at ein måtte betre moglegheita for sysselsetting for kvinner, og ein måtte tilpasse forholdet mellom arbeid og familie. Det vart lovfesting av barnehagar, og ein gjekk frå morspermisjon til foreldrepermisjon. Slik fekk også fedrar for første gong rett til å ta ut delar av permisjonen. Seinare fekk også fedrane øymerkt delar av permisjonen som ikkje kunne overførast til mor (Ellingsæter, 2019).

Tidlegare hadde det altså i stor grad vore slik at menn var på arbeid, og kvinner passa barn og heim. Etter kvart som til dømes barnehagedekninga vart betre, fekk kvinner frikjøpt meir tid. Når kvinnene kunne levere frå seg barna på dagtid hadde dei ein heilt anna moglegheit til å ta seg betalt arbeid (Danielsen, 2014). Yrkesaktiviteten til gifte kvinner fordobla seg i perioden frå 1960 til 1970, han gjekk frå 10 % til 20 %. I 1979 hadde 70 % av alle skatteytande ektepar to skattbare inntekter. Ved tusenårsskiftet kan ein sjå at talet på yrkesaktive kvinner og menn nesten var likt (Blom, 2004, s. 350).

Når det gjeld arbeidsstad, var der framleis ein skilnad mellom menn og kvinner. Menn dominerte i primærnæringane, i industri, olje, bygg og anlegg i tillegg til i transportbransjen. Kvinnene var godt representert i varehandel, bank og forsikring (Blom, 2004, s. 352). Gjennom utviklinga av velferdsstaten fekk ein også ein auke i omfanget av yrke innanfor undervisning og helse- og sosialarbeid, felles for dei var at dei var typiske kvinneyrke (Blom, 2004, s. 353).

Samfunnsendingane førte ikkje berre med seg endringar for kvinnene, det opna seg også fleire dører for mennene i samfunnet. Oppgåver og roller som tidlegare hadde tilhørt kvinnene, vart i større grad profesjonalisert. Dette gjorde at menn kunne tre meir inn i det som tradisjonelt hadde vore kvinnedominerte domene. Eit døme på dette er at sjukepleielova i 1948 gjorde sjukepleie til eit yrke med krav om formell autorisasjon. Denne lova gjorde også

at sjukepleie vart opna som ein mogleg yrkeskarriere for menn. Eit anna døme er arbeid med barn under skulealder. Tidlegare hadde barna vore heime med mor, men når mor begynte i arbeid, starta barna i barnehage. Slik vart barnepass meir profesjonalisert, og eit lønt arbeid. På den måten kunne menn til dømes få seg jobb som *barnehageonklar*.

3 Metode

3.1 Innleiing

I undersøkinga ynsker eg å gå omtrent hundre år tilbake. Av praktiske grunnar vil det difor vere vanskeleg å basere seg på noko anna enn korpus og skriftleg tekst. I teorien kan det nok vere mogleg å finne gamle taleopptak frå tidleg i perioden, men mengda ville truleg vere avgrensa, og lite eigna til den type undersøking eg ynsker å gjere. Å samle inn data frå skriftlege kjelder vert med dette det som er enklast å gjennomføre for den eldste delen av undersøkingsperioden, og når ein skal undersøke språkleg endring og utvikling, er korpussøk ein godt eigna metode (McEnery og Hardie, 2012, s. 94).

Eit viktig moment når ein driv med språklege undersøkingar, er at ein må samanlikne likt med likt (van Kemenade og Los, 2013, s. 224). Sjølv om det hadde vore mogleg å innhente datamateriale frå dei nyare periodane på ein annleis måte, er det difor naturleg å nytte data frå skriftlege kjelder også her. Eit skriftleg datamateriale vil i tillegg også kunne sikre meg både ei større mengde data, men også større variasjon i det eg får samla inn.

Eg har valt ei kvantitativ tilnærming til problemstillinga, og har ei todelt undersøking. Det første steget er å nytte eit korpus til å lage ei oversikt over ulike kjønnsmarkerte titlar. Steg nummer to vil vere å gjere eit utval av titlane frå korpusundersøkinga, for så å nytte Nasjonalbiblioteket si N-gram-teneste til å hente ut tidsseriedata som viser frekvens over tid. Resten av dette kapittelet vil gjere greie for prosessen rundt korpussøka, kapittel 4 vil gå nærare inn på det utvalet som er gjort av titlar for undersøking, medan kapittel 5 vil gå i detaljer rundt det å søke og hente ut data frå NB N-gram.

3.2 Om korpussøka

Det kan vere vanskeleg å studere ei endring medan ho skjer, men det er mykje enklare å finne ut at ho har skjedd. Når ein driv med diakron språkforskning, er det difor vanleg praksis å gjere nedslag i ulike tidsperiodar, for så å samanlikne dei. Når ein undersøker lengre tidsperiodar, vel ein seg gjerne ut nokon tidsintervall innanfor heile undersøkingsperioden. I arbeidet med å lage ei ordliste over kjønnsmarkerte yrkestitlar har eg arbeidd med to ulike nedslagsfelt. Periode 1, som går frå 1921 til 1925 og periode 2, som går frå 1961 til 1965.

Eg har valt å bruke korpuset *NBs frie tekster (bokmål)*, som er tilgjengeleg via *Korpuskel*. Det er eit korpus som er sett saman av tekstar frå Nasjonalbiblioteket si samling av digitaliserte tekstar. Dette korpuset inneheld tekstar frå 1765 til 2013, og dekkjer med det perioden eg

ynsker å undersøke. Den totale storleiken på korpuset er på i overkant av 516 millionar ord. Ser ein på periodane, inneheld periode 1 totalt litt over 17 millionar ord, medan periode 2 består av i underkant nesten 3 millionar ord.

Korpussøka som har vore gjort i forbindelse med dette masterprosjektet har vore meint eksplorative. Dei har hatt som føremål å gje meg meir innsikt i og kunnskap om kjønnsmarkerte ord. Dette har vore nødvendig fordi eg som språkbrukar i 2021 har kunnskarar om og kjennskap til korleis den språklege praksisen er i dag, men i mindre grad om korleis situasjonen har vore tidlegare. I arbeidet med dette masterprosjektet har eg ikkje klart å finne ei samla, utfyllande og detaljert skildring av det fenomenet eg undersøker. For å finne ut meir om kva titlar som har vore kjønnsmarkert, og kva etterledd og suffiks som har vore i bruk, har eg sjølv måtta undersøke språket frå dei eldre periodane av tidsrommet eg undersøker. Korpussøka har på den måten hatt ein utforskande funksjon for meg. Dei har gjeve meg meir innsikt i kva type yrkestitlar som har kjønna etterledd og suffiks. Resultata har også gjeve meg ein peikepinn på kva etterledd og suffiks som vart mest brukt.

Når det gjeld dei resultata eg har fått, er det viktig å få fram at dei ikkje må sjåast på som ein absolutt fasit. Særskilt gjeld dette sjølve frekvenstalet. Dei dataa eg har arbeida med har ikkje vore av veldig god teknisk kvalitet. Det har vore ein del feillesingar, og i nokon tilfelle har eg sjølv tolka kva ord eg trur eg har med å gjere, dette skriv eg meir om i *3.4.3 Sortering av data*. Av denne grunnen ser eg ikkje på resultata frå korpussøka som noko absolutt, men meir som ei innføring og ein måte å innhente kunnskap på.

Eg tenkjer at resultata frå korpussøka er eigna til å peike på tendensar. Om noko har høg frekvens er det eit mykje brukt ord, og om noko har låg frekvens er det eit lite brukt ord. Grunna ulike moment som feillesingar og feiltolkingar av ord kan likevel ikkje sjå bort i frå at der er ein grad sikkerheit knytt til det nøyaktige frekvenstalet. Ut ifrå det eg har funne ut, vil eg ikkje seie med absolutt sikkerheit at ord X er brukt 78 gongar medan ord Y er brukt 294 gongar, men eg kan seie noko om forholdet mellom dei ulike orda. Som at ord Y i dette dømet er brukt meir enn ord X.

Denne neste delen av oppgåva kjem til å forklare korleis eg har arbeidd med korpussøka, og korleis eg har valt ut ord til undersøkinga med N-gram.

3.3 Dei eksplorative korpusøka

3.3.1 Å finne etterledda og suffiksa

Det første steget i undersøkinga mi var å få ei oversikt over kva for nokon avleiingar og samansetningar som vert nytta for å markere kjønn i norsk. I undersøkinga valde eg å ta utgangspunkt i dei feminine suffiksa som vert presentert i *Norsk referansegrammatikk*. I desse korpusøka har eg med andre ord berre søkt eksplisitt etter suffiks som gjev kvinnelege uttrykk. Eg kunne gjort eigne søk på dei maskuline suffiksa, men desse er såpass mykje brukt at datamengda ville blitt veldig stor. Søka er difor gjort med den tanken at om der er ein yrkestittel med kvinneleg suffiks, så vil eg også finne tilsvarande tittel med eit maskulint suffiks. Dei kjønnsmarkerande etterledda eg har valt å ta utgangspunkt i, fann eg gjennom søk i diverse ordbøker, ordlister og korpus. Her valde eg å søkje etter både feminine og etter maskuline etterledd.

Det er mogleg at der er og har vore andre suffiks og samansetningar enn dei eg har valt å ta utgangspunkt i. Eg meiner likevel at utvalet mitt er stort nok til å skaffe ei generell oversikt, og at det er hensiktsmessig ut ifrå omfanget av dette prosjektet. Eg enda opp med 19 kjønnsmarkerte etterledd og 6 suffiks. Dei kjønnsmarkerte etterledda og suffiksa kan ein lese meir om i delkapittel 2.2. *Kjønnsmarkering av yrkestitlar*.

3.3.2 Å finne søkeuttrykk til korpus

Då eg hadde ei liste med kjønnsmarkerte etterledd og suffiks, byrja eg å finne fram til dei ulike søkeuttrykka eg skulle bruke i undersøkinga mi. Når ein skal undersøke bruken av ei gruppe ord, vil det vere naturleg å sjå på alle naturlege stavemåtar og former. Eg måtte difor byrje med å lage meg ein oversikten over alle realiseringar som måtte inkluderast i søka mine.

Eg byrja prosessen med å søke opp etterledda i *Bokmålsordboka*, og noterte meg alle skrivemåtane. Etter det valde eg å gjere eit tilsvarande søk i *Det norske akademis ordbok (NAOB)*, og noterte meg eventuelle nye former som dukka opp. Å søke ordet opp i *NAOB* viste seg å vere hensiktsmessig. *Bokmålsordboka* viser skrivemåtar og bøyning som er i tråd med dei gjeldande normene i dag (Universitetet i Bergen og Språkrådet, 2021). *NAOB* dokumenterer og gjev oss i større grad den ulike rettskrivinga som har vore gjennom tidene. Dei har omtrent 3000 kjelder som gjev ordboka rundt 420 000 sitat frå litteratur og andre skriftlege kjelder, og desse gjev deg døme på korleis orda er brukte i dag, men også korleis dei har vore i bruk tidlegare (Det norske akademi, u.å).

Gjennom søka i *NAOB* fekk eg betre oversikt og innsyn i forelda stavemåtar. For å vere sikker på at eg fekk med meg dei viktigaste formene, slo eg også orda opp i *Ordbog over det danske sprog*. Fordi undersøkinga inkluderer skriftleg materiale frå tidleg 1900-tal, vil truleg fleire av skribentane bruke ei form for dansk-norsk. 1900-talet var også prega av mange språklege reformer (sjå mellom anna Torp og Vikør, 2016, s. 261-281). Når eg då skal undersøke språk frå tidleg på 1900-talet og til 2013, er dette noko eg må ta omsyn til. Søkjeuttrykka mine må difor inkludere både forelda og moderne former av orda.

Tabell 3 Oversikt over moderne grunnformer

Feminint etterledd	Feminint suffiks	Maskulint etterledd
Kvinne, kvinnen, kvinner, kvinnne	-inne, -innen, -inna, -inner, innene	Mann, mannen, menn, mennene
Dame, damen, dama, damer, damene	-trise, -trisen, -trisa, -triser, -trisene	Onkel, onkelen, onkler, onklene
Kone, konen, kona, koner, konene	-erske, -ersken, -erska, -ersker, -erskene	Gutt, gutten, gutter, guttene
Jente, jenten, jenta, jenter, jentene	-ine, -inen, -ina, -iner, -inene	Kar, karen, karer, karene
Pike, piken, piker, pikene	-øse, -øsen, -øsa, -øser, -øsene	Bror, broren, brødre, brødrene
Søster, søsteren, søstre, søstrene	-esse, -essen, -essa, -esser, -essene	Svenn, svennen, svenner, svennene
Mot, moren, mødre, mødrene		Herre, herren, herrer, herrene
Tante, tanten, tanter, tantene		
Frue, fruen, fruer, fruene		
Jomfru, jomfruen, jomfruer, jomfruene		
Kjerring, kjerringen, kjerringer, kjerringene		

I tabell 3 viser dei moderne grunnformene og suffiksa, den totale oversikta over kva former eg søkte på er vist i vedlegg 1. Det er også andre former som har vore eller som er i bruk, men som ikkje er inkludert i vedlegget. Eg meiner likevel at utvalet mitt dekkjer det viktigaste.

Det kan vere verd å nemne det ikkje var alle formene frå vedlegg 1 som gav noko treff i korpussøka. Somme av formane, til dømes *quinda*, har neppe nokosinne vore brukte, men eg hadde dei med som eit resultat av at eg søkte på alle moglege kombinasjonar. Ein finn av den grunn ikkje alle desse uttrykt i datasettet mitt.

3.4 Korpussøk og datasortering

3.4.1 Søking i korpus

Inne i *Korpuskel* avgrensa eg korpuset til å berre gje meg resultat frå min valde tidsperiode. Då eg starta med å laste ned data, tok eg føre meg den tidlegaste perioden først. Her valde eg å søkje opp kvar enkelt realisering for seg (sjå vedlegg 1, høgre kolonne). Dette gjorde eg gjennom eit slikt søkeuttrykk, her vist gjennom etterleddet *svend*.

Uttrykk 1: `[".*svend" & year = "1922|1923|1924|1925|1921"]`.

Dette søkjeuttrykket vil finne alle ord frå perioden 1921 til 1925 som endar på *svend*.

Kombinasjonen av dei to teikna `.` og `*` opnar for alle moglege kombinasjonar av alle moglege teikn, med unntak av mellomrom, og *Year* avgrensar kva for eit tidsrom ein får søkeresultat frå.

Då eg skulle laste ned data frå perioden 1961-1965, valde eg å effektivisere søkjeprosessen noko. Eg kom då fram til søkjeuttrykk 2, her vist med realiseringa *pike*.

Uttrykk 2: `[".*pike(.{0,5})" & year = "1961|1962|1963|1964|1965"]`.

Year avgrensar framleis søket, men no til tekstar frå perioden 1961 til 1965. Dette uttrykket gjev deg framleis alle moglege kombinasjonar av alle moglege føreståande teikn, med unntak av mellomrom, men skilnaden kjem i `(.{0,5})`. Her definerer eg søket til å gje meg alle resultat som har frå 0 til 5 moglege etterfølgjande teikn, med unntak av mellomrom. Dette søkjeuttrykket vil på den måten kunne gje ord som endar på til dømes *piken*, *pikene* eller *pikerne*. Grensa på 5 vart til fordi *-erne* var den lengste fleirtalsforma av alle realiseringane eg hadde på lista. For å vere på den sikre sida valde eg av den grunn å gå ein opp i talet på teikn. Sånn gjekk eg frå å gjere fem enkeltsøk på *pike*, *piken*, *piker*, *pikene* og *pikerne* til å

gjere eitt søk. Når ei realisering ikkje passa inn i uttrykk av type 2 nytta eg meg framleis av uttrykk av type 1, som i realiseringa *pika*.

Ein vil kunne lage betre og meir presise søkjettrykk enn dei eg enda opp med. Eg gjorde nokon forsøk, men systemet ville ikkje samarbeide med meg. Av tidsmessige grunnar valde eg difor å gå for eit enklare søkjettrykk, og heller gjere nokon ekstra søk.

3.4.2 Nedlasting av data

Etter å ha kryssa av for ignorering av storskriving og på at eg ville ha med talet på førekomstar, lasta eg ned søka som tekstdokument i .txt-filer. Desse tekstfilene overførte eg så til eit samla Excel-dokument. Etter at nedlastinga var ferdig, hadde eg til saman 15 113 ord i dokumentet med resultat frå 1921-1925, og 2638 ord i dokumentet med resultat frå 60-talet.

3.4.3 Sortering av data

Eg sorterte datamaterialet frå dei to periodane kvar for seg. Eg starta med det eldste datasettet, og gjorde meg ferdig med det før eg starta på det neste. Sjølve sorteringsprosessen gjorde eg i tre ulike steg. Eg har her valt å kalle dei grovsortering, finsortering og merking.

3.4.3.1 Grovsortering

I den første runden med sortering delte eg orda inn i tre ulike grupper: utydelege feillesingar, ord heilt utan relevans og ord som var eller kunne tenkast å vere relevante for prosjektet mitt. Berre ord frå den siste gruppa, ord som var eller kunne tenkast å vere relevante fekk vere med vidare

Døme på søkjerresultat som vart kutta ut som følge av utydelege feillesingar er *X^r>mand*, *l^ormand*, *zuldbv32ntiner*, og *VexelBtrgm-^!aBkiner*. I dei tilfella der det var ei tydeleg feillesing, men der tydinga verka klår eller rimeleg klår, fekk ordet vere med vidare til neste runde. Dette gjeld ord som *3tortingBmand*, *3tuepigerne*, og *Blcueßpillerinde*.

Det at eg luka ut ord heilt utan relevans fjerna ord som *hyppige*, *protestanter* og *græskromerske*. Dette er reelle ord, men dei kan ikkje seiast å ha nokon relevans inn mot fokusområdet til dette prosjektet. Desse feiltreffa skuldast likskap med etterledda *-pige* og *-tanter* og suffikset *-erske*.

I denne runden med sortering hadde eg som hovudregel at dersom eg var usikker på om eit ord skulle vere med vidare, så blei det tatt med. Då kunne eg heller luke det ut ved ein seinare runde etter ei nærmare undersøking.

3.4.3.2 Finsortering

Hovudfokuset med denne runden av sortering var å finne dei orda som ville vere aktuelle objekt for undersøkinga i N-gram. For å finne desse orda arbeidde eg ut ifrå følgjande retningslinjer:

- Ordet må vere definert i ei eller fleire av ordbøkene *NAOB*, *Bokmålsordboka* og *Ordbog over det danske sprog*.
 - Unntak frå dette kravet kan gjerast dersom eg kjende eller kunne tenkje meg til betydninga av ordet
- Ordet må på ein eller anna måte seie noko om kva vedkommande gjer på. For å avgjere dette laga eg nokon underkategoriar:
 - Ordet er ein allment kjend yrkestittel
 - Ordet er eit uttrykk for eit verv eller menneske som har eit verv eller gjer frivillig arbeid
 - Ordet er eit uttrykk for kunstnariske eller kreative utøvarar

I møte med ukjende ord slo eg dei opp i ordbøkene. Dersom ingen av ordbøkene hadde ein definisjon av ordet, fekk det ikkje vere med vidare. *Hønsekone* er eit døme på eit ord som ikkje kom seg gjennom ordboktesten. Det er heller ikkje openbert kva ei *hønsekone* er, og av den grunn gjekk ordet ut. *Alkoholopsynsmanden* kom seg heller ikkje gjennom ordboktesten. Ordet *oppsynsmand* står derimot i ordboka, og det er ikkje vanskeleg å tenkje seg til kva ein *alkoholopsynsmand* gjer. Ordet fekk difor stå på lista.

Ord med ei meir skildrande tyding, slik som *fattiggutt* og *franskmann*, vart luka ut. Dette er fordi slike ord seier noko om ting som tilstandar, eigenskapar eller kvalitetar hos personen i fokus. Ein *fattiggutt* er ein gut som kjem frå fattige kår (NAOB, under *fattiggutt*), og ein *franskmann* er ein person frå Frankrike. Ord som dette står ikkje for noko som kan seiast å vere ein yrkestittel, eit verv eller uttrykk for kunstnarisk eller kreativ utøving. Det var difor ganske uproblematisk å sjå vekk i frå slike ord, dei passa ikkje inn i rammene for dette prosjektet.

Nokon ord kunne kanskje seiast å vere litt i grenseland, til dømes *morderske*, som tyder kvinneleg mordar, og *stavkar*, som tyder omvandrande tiggjar. Det er ord som seier noko om kva vedkommande gjer på eller driv med, men mord og tigging er normalt korkje yrke, verv,

frivillig arbeid eller kunstnarisk eller kreativ utøving. Ord av denne typen fekk difor ikkje vere med vidare til utvalsrundunden

I denne runden såg eg nøyare på dei feillesne orda som kom seg gjennom grovsorteringa. I utgangspunktet hadde eg bestemt meg for å sjå vekk ifrå alle feillesingar. Etter å ha sett på materialet bestemde eg meg for å ikkje vere fullt så streng. Mange av dei feillesne orda var eigentleg ganske lette å tolke. Ofte handla det om at visuelt like teikn var blitt bytta om. *3tortingBmand*, *3tuepigerne*, og *Blcueßpillerinde* er tre døme frå perioden 1921-1925 som viste seg å vere forstålege feillesingar. Etter å ha sett på materiale fann eg fleire ord der *3*, *B* og *ß* dukka opp på stader der ein kunne forvente å finne bokstaven *s*. Eg valde eit par av orda, og gjekk inn i originalteksten for å sjå ordet i kontekst. Som eg mistenkte, viste det seg å vere ei gjennomgåande feillesing av bokstaven *s*. Bytter ein ut dei tre nemnde teikna med bokstaven *s*, får me her *stortingsmann*, *stuepigerne* og *slcuespillerinde*. I *slcuespillerinde* ser ein også ein kombinasjonen av *l* og *c*, altså *lc*. Sett saman er desse to bokstavane visuelt veldig lik på bokstaven *k*. Her har eg altså tolka det slik at *slcuespillerinde* eigentleg skal vere *skuespillerinde*.

3.4.3.3 Merking av data

Hovudføremålet med denne datagjennomgangen var å finne og merkte alle ord som hadde felles betyding. Eg gjekk derfor gjennom datasettet og merkte det eg såg på som realiseringar av same ord med eit felles uttrykk. For å markere nytta eg ei modernisert form av ubestemt eintal i alle tilfelle. Ei illustrasjon av korleis dette gjekk føre seg kan ein sjå i figur 1.

7882	1	gjæterpiker	Pike	1920-1925	x	
7883	4	glædespiken	Pike	1920-1925	x	Gledespike
7884	1	Glædespiken	Pike	1920-1925	x	Gledespike
7885	1	glædespiker	Pike	1920-1925	x	Gledespike
7886	1	glædespikerne	Pike	1920-1925	x	Gledespike
7892	2	hotelpigen	Pike	1920-1925	x	

Figur 1 Illustrasjon over dataoppsett. Markeringsteknikken er merka med ein grøn sirkel

På same måte merkte eg også ord med same tyding, men med ulik skrivemåte som eitt ord. Til dømes vart både *gardsgutt* og *gårdsgutt* merka som *gårdsgutt*, og ord med dobbel *a* vart gruppert saman med ord der *å* var nytta.

Denne datagjennomgangen nytta eg også til å fjerne enkelte dublettar. Grunna lik stavemåte i nokon former dukka suffikset *-inne* opp i resultat frå søk på etterleddet *kvinne*. Desse doble

førekomstane vart så identifisert og fjerna. *-ine* og *-inne* hadde også nokon få overlapp som vart identifisert og justert for.

3.4.3.4 Lage ordliste til utval

Etter runden med datamarkering sat eg igjen med ei liste der alle dei ulike realiseringane av kvart enkelt ord var oppført med sin eigen frekvens. For å kunne seie noko om kva ord som var mest nytta, trong eg ein felles frekvens for alle dei ulike realiseringane av orda. Eg kunne ha summert dei opp manuelt, men for å spare tid og for å unngå menneskelege feil fekk eg Excel-fila køyrd gjennom eit script i R. Dette scriptet summerte saman frekvensen til alle dei orda eg hadde gjeve same merking, og førte dei opp som eit enkelt samla punkt på lista. Dei orda som ikkje var blitt merkt, vart oppført med det uttrykket som allereie var på lista.

Ord	1920-1925	1961-1965	Kategori
Kjøpmann	1334	234	Mann
Formann	1022	634	Mann
Lensmann	1014	201	Mann

Figur 2 2Illustrasjon over ordliste til utval

I vedlegg 2 finn ein ei oversikt over ordlista frå kvar periode.

4 Utval

4.1 Innleiing

Innanfor rammene til denne masteroppgåva seier det seg sjølv at eg ikkje kan undersøke alle dei kjønnsmarkerte titlane frå korpusløka. For å kunne svare på forskingsspørsmåla mine har eg difor gjort eit utval av ord til undersøking.

Eg valde å gjere eit selektivt utval av ord til nærare undersøking, eg har altså sjølv funne fram til og avgjort kva ord eg undersøker. Motivasjonen bak vala byggjer stort sett på resultatata frå korpusløka mine, men eg har også valt å ta med nokon ord og titlar basert på kunnskap om samfunnet.

Fordi eg ynska å trekkje linjer til moderne språk, var eg avhengig av å finne arbeid og yrke som framleis er aktuelle i dag. Som eg skriv om i 2.5 *Samfunnsutvikling*, har der skjedd store endringar dei siste hundre åra. Dette gjer at mange av dei orda som dukkar opp i korpusløka mine ikkje er relevante ord i dag. Døme på dette er at eg i korpusmaterialet mitt har ord som *ysterske*, *ystepike* og *meierske*. Desse tre døma er alle ord som har med produksjon av meieriprodukt å gjere. Fordi produksjonsmåtane har endra seg, har behovet for slike yrke endra seg. I dag er dei omtrent ikkje-eksisterande. På same måte er det ikkje lenger tale om *telegrafistinner* eller *tefondamer* i dag. Ein har slutta å telegrafere, og no kan ein ringe direkte til den ein vil snakke med, utan at nokon må sette over samtalen. Det gjev då ikkje meining å undersøke bruken av desse og tilsvarande ord i dag. At til dømes *tefondame* ikkje er bruk lenger, seier dermed noko om den teknologiske utviklinga, men ikkje så mykje om utvikling i tilhøvet mellom kjønna i arbeidslivet eller i bruken av kjønnsmarkerte yrkestitlar generelt.

Av samansette ord har i eg i utvalet mitt stort sett dei som endar på etterledda *-mann*, *-dame* og *-kvinne*. Dette er fordi det er dei som har halde seg best gjennom perioden. Mange av dei andre etterledda, som *dreng*, *svenn*, *kjerring* og *kar*, forsvinn gradvis ut av bruk og er i dag sett på som avleggs og utdatert. Det same gjeld etterledd som *gutt*, *pике* og *jomfru*. Det er ikkje like vanleg å vere i arbeid i ung alder, og skikken med å omtale den tilsette etter sivilstatus er ikkje rådande lenger.

Ord som står for 'kona til MANN SYRKE', slik som *prestekone* og *bispinne*, er heller ikkje inkludert i utvalet mitt. Det fylgde ofte og gjerne arbeidsoppgåver med slike roller, og det

vert feil å seie at dei ikkje arbeidde (Riiber, 2004, s. 26). Eg har trass i dette valt vekk slike ord.²

4.2 Ei skildring av utvalet

Det endelege utvalet mitt består av 58 yrkestitlar frå ulike område. Utvalet ein gjer er ein viktig faktor som kan ha påverknad på forskinga på mange ulike måtar. For å gje ei forståing av korleis og kvifor eg har valt dei titlane eg har gjort, skal eg i dette delkapittelet presentere og skildre utvalet mitt. Den følgjande gjennomgangen av utvalet er gjort dels semantisk etter ulike typar av yrke og dels etter kjønnsmarkerande suffiks eller etterledd.

Nokon yrkestitlar har både ei maskulin og ei feminin form, somme har berre ei maskulin form utan eit feminint motstykke, og eit fåtal har berre ein feminin variant. I utvalet har eg valt å berre inkludere titlar som er eit eige oppslagsord i anten Bokmålsordboka, eller i NAOB.

4.2.1 Suffikset -inne

Av orda med suffikset *-inne* valde eg ut seks ord: *lærerinne*, *forfatterinne*, *skuespillerinne*, *kunstnerinne*, *sangerinne* og *pianistinne*. Desse orda står alle for eit yrke eller ei form for kreativ utøving som er relevant i dag. I dette legg eg at aktiviteten som ordet inneber, framleis vert utført. Med unntak av *kunstnerinne*, som berre dukkar opp i periode 1, har eg førekomstar av desse orda frå begge korpussøka. Orda har med andre ord vore i bruk gjennom store deler av den perioden eg undersøker.

Alle desse orda har ei tilsvarende maskulin form, altså utan det feminine suffikset *lærer*, *forfatter*, *skuespiller*, *kunstner*, *sanger* og *pianist*. Fordi alle desse orda dannar par med både eit feminint og eit maskulint ord, gjer det dei veileigna til å sjå på bruken av adjektiva *kvinnelig* og *mannlig*. Eg får moglegheit til å sjå den hokjønnsmarkerte varianten av ordet opp mot den potensielt kjønnsnøytrale varianten av ordet.

4.2.2 Ord med -mann

Ord som sluttar på *-mann*, er den desidert største gruppa med ord frå korpusundersøkinga mi, både med tanke på ulike leksem, men også med tanke på eksemplar, altså treff på leksema. Av dei yrkestitlane som framleis er kjønna i moderne språk, er det også ei klår overvekt av leksem som endar på *-mann*.

² Eit unntak frå dette er ordet *vaskekone*, som har ei tydelegare yrkesretta tyding.

Når eg i ulike settingar har forsøkt å forklare til andre kva dette masterprosjektet mitt omhandlar, har samtalen gått føre seg omtrent slik som dette:

Meg: «Kort forklart så arbeider eg med kjønnsmarkerte yrkestitlar»

Samtalepartner: «Ååja, sånn som **brannmann** og sånt da?».

Denne uformelle observasjonen seier meg at *-mann* er noko av det folk flest tenkjer på når det er tale om kjønnsmarkerte titlar. Det er altså klart at eg måtte inkludere yrkestitlar som endar på *-mann* i undersøkinga mi. Eg vurderte lenge å sjå på titlane *fylkesmann* og *lensmann*. Dette er ord som har vore i bruk fram til no, men eg valde til slutt å ikkje ha dei med. Det skuldast at det har vore ei avgrensa mengde med menneske som har hatt desse jobbane. Eit fylke kan til dømes berre ha ein *fylkesmann*, og eg var ute etter å undersøke meir generelle og vanlege yrkestitlar.

4.2.3 Brann- og politivesen

Det at så mange trekte linja til *brannmann*, gjorde at dette ordet vart peika ut som eit naturleg undersøkingsobjekt for meg. I samband med dette har eg tenkt at det også er naturleg å undersøke *politimann*. Dette er ord dei fleste i dag kjenner til og veit kva tyder. Yrka har også vore aktuelle gjennom heile den perioden eg undersøker. Kjønnsbalansen i dei to yrka er ganske forskjellig i vår tid. Kvinneandelen i politiet er litt i underkant av 50 %, i brannvesenet er om lag 4 % av dei tilsette kvinner (Heyerdal, 2020; Politidirektoratet). Fordi kjønnsbalansen er så ulik fungerte det som ein ekstra faktor i valet av desse yrka. Har talet på kvinner og menn i yrket noko å seie for kva ord ein nyttar for å skildre dei som utøver yrket?

I undersøkinga mi har eg også valt å inkludere kjønnsnøytrale variantar av begge yrkestitlane, i form av *brannkonstabel*, *politibetjent* og *politikonstabel*. Frå politivesenet har eg også valt å sjå på *politikvinne*.

4.2.4 Kontorarbeidarar

Då eg gjorde dei eksplorative korpussøka mine, dukka orda *kontordame* og *kontormann* opp som relativt frekvente. Det å arbeide på eit kontor har vore ei viktig sysselsetting for mange gjennom lang tid, eg ynskte difor å ha stillingstitlane med i undersøkinga.

For å kunne sjå orda opp mot eit kjønnsnøytralt ord har eg også inkludert *kontorist* i utvalet. Dette fordi arbeidsoppgåvene til *kontoristen* har mange likskapar med dei til kontordama og kontormannen.

4.2.5 Leiing og styring

Summerer ein saman frekvensen frå korpussøk 1 og 2, så er det tittelen *formann* som det mest frekvente leksemet. Styring og leiing er arbeidsoppgåver som er like relevante i dag som dei var for 100 år sidan. På bakgrunn av bruksfrekvens og aktualiteten i arbeidet valde eg å ta med dette ordet. Eg har også valt å ta med den kvinnelege varianten *forkvinne*.

Formann og *forkvinne* vart etter kvart erstatta av ordet *leder*, og i dag er det nettopp ordet *leder* som er rådande. Som yrkestittel er *leder* relevant i dag. «Lederstillinger» er til dømes ein eigen kategori på jobbsidene til Finn.no.³ Historisk har det stort sett vore menn i leiarstillingar, men det kjem stadig fleire kvinner i slike verv og stillingar. Denne utviklinga gjer at eg tenkjer det er eit bra ord å undersøke saman med bruken av adjektiva *kvinnelig* og *mannlig*.

4.2.6 Handel og sal

Ei anna yrkesgruppe som har halde seg like relevant og aktuell gjennom dei siste hundre åra, er det som dreier seg om sal og butikkverksemd. I utvalet mitt har eg valt å inkludere yrkestiltar som representerer litt ulike sider ved arbeidet.

Det første eg har valt å ha med, er dei menneska som står på golvet, i kassa og som driv med direkte kundebehandling. Eg har her valt meg ut orda *butikkdame* og *butikkmann*, i tillegg til ei form utan kjønnsmarkerande ledd, *butikkbetjent*. Eg har også valt å sjå på formene *ekspeditør* og *ekspeditrise*.

I korpussøka mine dukka ordet *kjøpmann* opp, og det var eit av dei mest frekvente orda eg fann. Ordet *kjøpmann* er framleis aktuelt og relevant i dag. Fleire av dei store butikkjedene me har i Noreg i dag, nyttar nettopp ordet *kjøpmann* om den som leiar eller styrer butikken. Ingen av ordbøkene eg nyttar i denne oppgåva, har nokon kvinneleg variant av ordet *kjøpmann*.

Ein yrkestittel som kan seiast å ha fleire likskapar med *kjøpmann*, er *forretningsmann*. Forretningsmannen er ein person som lever av å drive forretning, og også dette ordet var blant dei med høgast førekomst i mine korpussøk. *Forretningsmann* har ein kvinneleg motpart i *forretningskvinne*. I utvalet mitt har eg valt å ta med både *forretningsmann* og *forretningskvinne*.

³ Ei nettbasert teneste der ein kan lyse ut og søke på stillingar.

4.2.7 Ord frå helse- og omsorgsektoren

Frå helsesektoren har eg valt ut seks yrkestitlar: *sykesøster*, *sykepleierske*, *sykepleier*, *helsesøster*, *helsebror* og *jordmor*.

Sykesøster og *sykepleierske* er yrke innan helsesektoren. I dag går sykesøster og sykepleierske inn under nemninga *sykepleier*. Orda *helsesøster* og *jordmor* viser begge til sjukepleiarar med vidareutdanning. Ei *helsesøster* arbeidar med helsefremmande og sjukdomsførebyggande arbeid for barn, unge og familiane deira. I 2018 vart tittelen *helsesøster* formelt endra til *helsesykepleier*, men fordi datamaterialet mitt berre strekkjer seg til 2013 har eg valt å ikkje undersøke ordet *helsesykepleier*. *Helsesøster* har ein maskulin variant i *helsebror*. *Jordmora* utførar svangerskapskontrollar og hjelper til under fødsel.

Desse yrka har tradisjonelt vore kvinnedominerte, og slik er det framleis. Denne historiske og noverande kvinnedominansen var ein viktig faktor i valet av desse orda. Det er snakk om yrke med ein klår ubalanse i talet på mannlege og kvinnelege tilsette. Dett gjer at det kan vere interessant å sjå på orda saman med adjektiva *mannlig* og *kvinnelig*. Har den ujamne kjønnsbalansen noko å seie for kor ofte kjønnet til vedkommande vert spesifisert? Det vil også vere aktuelt å sjå på yrkestitlane opp mot eventuelle tilsvarande mannstermar.

4.2.8 Styring av hus, heim og andre institusjonar

Det å vere *husmor* kan vere eit arbeid ein fekk i kraft av å vere gift, men også eit ansvar ein har fordi ein er leiar for ei fellehushaldning som eit internat eller ein annan institusjon.

Husmorrolla har vore viktig både i moderniseringa av Noreg, og i arbeidet for kjønnslikestilling som skjedde på 1900-talet (Klepp, 2019). I og med at husmora har vore så viktig og epokegjerrande, var det naturleg å ha ordet *husmor* med som ein del av utvalet. *Husmor* har ein maskulin variant i *husfar*, og dette ordet er også inkludert i utvalet.

I utvalet mitt har eg også med orda *husholderske* og *bestyrerinne*. På nokon måtar kan desse orda seiast å ha visse innhaldsmessige likskapar med husmora. Særskilt husholderska har tette band til husmora, ho er nemleg ei kvinne som styrer og står for hushaldninga når husmor ikkje er til stades (NAOB, under *husholderske*). *Bestyrerinna* er ei som leiar eller driv ei verksemd, ofte på vegner av andre. Ho kan forvalte ting som pensjonar, hus eller annan eigedom. Når eg ser på orda *husholderske* og *bestyrerinne*, er det også naturleg å inkludere orda utan dei kvinnelege suffiksa, altså *husholder* og *bestyrer*.

4.2.9 Tekstil- og klesproduksjon

I korpusundersøkinga mine fann eg fleire yrke som hadde tekstil- og klesproduksjon som ein fellesnemnar. Følgande sitat er henta frå nettsida til brudesalongen Belle Amie i Bergen «Vi

har erfarne og dyktige **syersker** som tilpasser kjolen i forhold din fasong (...)» (sic., lese 09.12.20, mi utheving). Sjølv om tekstil- og klesproduksjonen har vore gjennom endringar dei siste hundre åra, er det framleis menneske som arbeider med saum her i landet.

Eg har valt å ta føre meg følgjande ord frå denne bransjen: *syer, syerske, skredder og skredderske*.

4.2.10 Vasking og reingjering

Reingjering og vasking er arbeidsoppgåver som det historisk har vore og truleg alltid kjem til å vere bruk for. Arbeidet er nok meir profesjonalisert no enn det har vore historisk, men kjerneprinsippa er dei same. Yrket handlar framleis om å gjere reint.

I ordlista frå korpusøket mitt har eg ordet *vaskekone*. Ut ifrå den kunnskapen eg har om nyare språkbruk, har eg også valt inkludere ordet *vaskedame*.⁴ I samband med desse orda har eg også inkludert dei meir kjønnsnøytrale ordet *vaskehjelp*.

4.2.11 Ord som signaliserer at nokon gjer eller har eit arbeid

Om ein går heilt til kjernen av det dette masteprojektet handlar som, så er det ulike måtar å skildre dei som gjer eit arbeid på. Arbeid er fellesnemnaren i det heile. Dei som utøver eit yrke, dei som har verv eller dei som driv med kunstnarisk utøving, alt munnar ut i at det er nokon som gjer ein eller annan type arbeid.

Ein arbeidar kan anten vere ein som utfører eit arbeid, eller ein som er tilsett ein stad.

Arbeider kan nyttast som etterledd i ei samansetning for å vise til at personen arbeider med noko bestemt, på ein bestemt stad eller på ein bestemt måte (*NAOB*, under *arbeider*). Når eg har valt å ta føre meg ord som har med arbeid å gjere, er det likevel i ei litt anna tyding.

Arbeider kan også nyttast om dei som har som yrke å gjere underordna, fysisk prega arbeid, gjerne i ei (industriell) bedrift (*NAOB*, under *arbeider*).

I resultatata frå korpusundersøkinga mi fann eg ei rekkje titlar med *arbeid* eller *arbeider* som forledd: *arbeiderkvinne, arbeiderske, arbeidskone, arbeidermann, arbeidsmann, arbeidsdrenge, arbeidskar og arbeidsherre*. Av desse arbeidstitlane har eg valt å sjå nærare på *arbeiderske*, i tillegg til det potensielt kjønnsnøytrale *arbeider*.

Ein kan altså sjå at det er ei rekke både kvinnelege og mannlege variantar av arbeidartitlar. Dette kan tyde på det å vere *arbeider* var noko både kvinner og menn kunne gjere, og har gjort.

⁴ *Vaskemann* er ikkje definert i Bokmålsordboka eller *NAOB*, og er difor ikkje inkludert

Når ein då har ein potensielt kjønnsnøytral tittel som *arbeider*, kan det vere interessant å sjå på bruken av adjektiva *kvinnelig* og *mannlig*.

I utvalet mitt har eg også valt å inkludere nokon ord som står for at vedkommande har eller gjer eit arbeid, men utan at det er noko meir spesifisert enn det. Dei orda eg har valt meg ut, er *yrkeskvinne* og *yrkesmann*. Dette er ord som symboliserer at vedkommande er ein person som har eit yrke eller ein karriere, noko som implisitt vil seie at dei gjer eit arbeid av noko slag. *Yrkeskvinne* er eit ord som har vore ein del brukt som døme i debatten og diskusjonen kring likestilling og språk. Dette gjer at eg tenkjer det er naturleg å ha desse orda med i undersøkinga.

4.2.12 Lege og prest

For å få litt meir balanse og breidde i materialet mitt, ynska eg å ha med nokon yrkesternar som berre har ein maskulin form i norsk. Eg har difor også inkludert dei to yrkestitlane *lege* og *prest* i undersøkinga mi. Det skal seiast at *prestinne* er eit ord i norsk, men dette har aldri vore nytta av Den norske kyrkja som offisiell tittel. *Prestinne* har nok vore brukt om andre religionar, men neppe om kristendom.

Motivasjonen bak vala av *lege* og *prest* er ganske lik. Begge yrka har tradisjonelt vore veldig mannsdominerte. Det tok også ei stund før kvinner i det heile tatt hadde lov til å arbeide som prest i Den norske kyrkja. I dag har denne situasjonen snudd. Fleirtalet av både medisinstudentar og prestestudentar er i dag kvinner (Statistisk sentralbyrå, 2020; Kirkelig Pressekontor, 2014). Som ei følgje av den store endringa i kjønnsbalansen tenkjer eg at dette er yrkestitlar som kan vere godt eigna til undersøkingar rundt bruken av *kvinnelig* og *mannlig*.

4.3 Endeleg utval

Det endelege utvalet av yrkestitlar vert då som vist i tabell 4, her presentert etter grammatiske eigenskapar ved orda.

Tabell 4 Endeleg utval

Feminint etterledd	Feminint suffiks	Maskulint etterledd	Maskulint suffiks	Rotord
butikkdame	arbeiderske	brannkonstabel	arbeider	lege
forkvinne	bestyrerinne	brannmann	bestyrer	prest
forretningskvinne	ekspeditrise	butikkbetjent	ekspeditør	
helsesøster	forfatterinne	butikkmann	forfatter	
husmor	husholderske	formann	husholder	
jordmor	kunstnerinne	forretningsmann	kontorist	
kontordame	lærerinne	helsebror	kunstner	
politikvinne	pianistinne	husfar	leder	
sykesøster	sangerinne	kjøpmann	lærer	
vaskedame	skredderske	kontormann	pianist	
vaskehjelp	skuespillerinne	politibetjent	renholdsarbeider	
vaskekone	syerske	politikonstabel	sanger	
yrkeskvinne	sykepleierske	politimann	skredder	
		yrkesmann	skuespiller	
			syer	
			sykepleier	

5 NB N-gram

5.1 Innleiing

NB N-gram er ei søketeneste som er drifta av Nasjonalbiblioteket. Datagrunnlaget for tenesta er store delar av det digitaliserte bok- og avismaterialet ved Nasjonalbiblioteket. NB N-gram inneheld aviser og bøker frå 1810 til og med september 2013. Samla sett er det snakk om eit tekstmateriale på om lag 34 milliardar ord. Av desse 34 milliardane er det 23 milliardar som kjem frå aviser, og 11 milliardar som kjem frå bøker (Nasjonalbiblioteket, NB N-gram).

Denne søketenesta er framleis under utvikling. Nasjonalbiblioteket har som mål at oppdateringar av programmet og tenesta ikkje skal ha påverknad på søkeresultata, men dette kan skje. Det er med andre ord ikkje 100 % sikkert at søkeresultata ein får vil vere identiske mellom oppdateringar (Nasjonalbiblioteket, NB N-gram).

Tekstane i korpuset som NB N-gram byggjer på, var i utgangspunktet ikkje produsert digitalt. Gjennom programvare for optisk tolking kjend som OCR (*Optical Character Recognition*) blir teksten ein digital versjon. Denne digitale versjonen av teksten er sett saman av to komponentar, bileta av teksten, og den elektroniske tolkinga av teksten som ein sekvens av bokstavar (Johnsen, 2019, s. 194). Dei algoritmane som tolkar bileta av den digitale teksten kan ta feil, og gjengivinga er ikkje alltid heilt korrekt (Johnson, 2019, s. 197). Fordi tekstane som ligg til grunn for tenesta er skanna og automatisk korrekturlesne, kan det altså føre til feil i det underliggende materialet. Dette er særleg eit problem for dei eldre tekstane (Nasjonalbiblioteket, NB N-gram).

Per august 2021 har NB N-gram tre ulike funksjonar, råfrekvensar, galaksar og trendlinjer. Råfrekvensar gjev ut statistikk over ord og frasar i heile korpuset uavhengig av tid. Galaksar gjev moglegheit til å sjå på tydingsrelasjonar mellom ord, medan trendlinjer let ein undersøke og samanlikne utviklinga av ord og frasar over tid. I arbeidet med datainnsamlinga har eg berre nytta meg av tidsseriedata av årstal og frekvens i andel brukt av NB N-gram sin trendlinjefunksjon. Eg kjem difor ikkje til å omtale råfrekvensar og galaksar noko meir.

5.2 Å bruke NB N-gram

5.2.1 Innstillingar

Søk i NB N-gram kan gjerast på fleire ulike måtar. Eg vil i dette delkapittelet gjere greie for dei innstillingane eg har nytta i gjennomføringa av mine søk.

5.2.1.1 Val av korpus

Datamaterialet som danner grunnlaget for søk i NB N-gram, er som nemnt ei digitalisering av avis- og boktekstar frå Nasjonalbiblioteket. Etter kvart som NB N-gram blir etablert som teneste, er det planen at ein skal kunne avgrense søka etter ting som kjelde, sjanger og medietype, men sånn tenesta fungerte då eg gjorde søka, måtte eg velje mellom søk i avistekstar og søk i bøker.

I undersøkinga mi valde eg å avgrense søket mitt til avistekstar. Tekstmengda som danna grunnlaget for søk i aviser, var større enn for søk i bøker, men det var ikkje her hovudmotivasjonen for valet låg. Aviser er regelmessige publikasjonar som tek opp dagsaktuelle tema og hendingar, dei skriv derfor i stor grad om si eiga samtid. Avispråk speglar med det den offentlege samfunnsdiskursen (Blakar, 2004, s. 23). Aviser kan på den måten reflektere dei gjeldande språknormene på ein litt annan måte enn bøker. Der ei avis berre blir publisert ein gong, kan bøker bli trykt opp i nye opplag. Eit tenkt døme er at nokon skreiv ei bok i 1940. I 1960 blir boka trykt opp på ny utan endringar i det originale innhaldet. Sjølv om boka då blir publisert i 1960, vil språket i boka framleis vere slik ein skreiv i 1940. Eit anna døme er at eit materiale berre basert på bøker vil innehalde ein del skjønnlitteratur. I skjønnlitteratur står forfattaren noko friare med omsyn til språkbruk. Skriv ein til dømes ein historisk roman, kan ein legge om språket for at ord og uttrykk skal etterlikne den tida handlinga i boka tek stad.

5.2.1.2 Språkval

I NB N-gram er det standard at søk vert gjort i tekstar på både bokmål og nynorsk. Når ein gjer søk i bokmaterialet, kan ein velje å søke i tekstar frå berre eit av skriftspråka, men denne funksjonen er ikkje tilgjengeleg for avismaterialet. Når eg gjer søk i aviskorpuset, vil altså resultatane mine byggje på tekstar frå både bokmål og nynorsk.

Det faktum at det berre var i bokmaterialet, og ikkje i avismaterialet, ein kunne avgrense søka til eit spesifikt skriftspråk, var noko eg dessverre ikkje hadde fått med meg så eg starta søkeprosessen. For å gjere søkeprosessen noko mindre omstendeleg hadde eg i utgangspunktet tenkt å berre gjere søk i bokmålstekstar. Då eg oppdaga at dette ikkje var mogleg, var eg allereie i gong med å lage søkeuttrykk og å gjere søk. Eg valde difor å fortsette med søkeuttrykk på bokmål. Dette skuldast i hovudsak to ting, det hadde vore eit omfattande arbeid å endre søkeuttrykka og å gjere prosessen på nytt, men også fordi eg tenkte at søkeuttrykka i ganske stor grad ville regulere seg sjølv.

Dei feminine yrkestilane har mange former som er like i nynorsk og bokmål. Søkeuttrykka tek omsyn til skilnaden mellom bokmål med to og tre kjønn, og inkluderer difor til dømes både forma *dama* og forma *damen*. Dei maskuline titlane skal vere like i bestemt form eintal, men i fleirtalsformene er der ein skilnad mellom dei to skriftspråka. Når eg søker på til dømes *kvinnelig* i samanheng med eit substantiv, vil eg nok i stor grad få treff frå bokmålstekstar. Suffikset *-lig* var riktig nok tillate i nynorsk fram til 2012, men denne sideforma var lite brukt. I kapittel 9 kjem eg tilbake til korleis den språklege overlappinga kan påverke validiteten til oppgåva.

5.2.1.3 Frekvens

Standardinnstillinga i NB N-gram er at resultata vert vist gjennom relative frekvensar. Dette vil seie at ein tek absoluttfrekvensen for eit ord og dividerer på totalfrekvensen for alle ord i eit år. Om ein ynsker, kan NB N-gram også vise absoluttfrekvensen, altså talet på kor mange gongar ordet faktisk opptrer. Fordi absoluttfrekvensen gjerne seier meir om omfanget på materialet enn utviklinga til språket, er det oftast, også i mitt tilfelle, mest hensiktsmessig å operere med relative frekvensar.

Dersom eit ord førekjem to gongar i eit materiale på 1000 ord, vil altså absoluttfrekvensen vere 2, medan den relative frekvensen vil vere $2/1000$, noko som vil seie 0,002. Når eg undersøker frasar, får eg ofte svært små tal. Til dømes ligg toppunktet til frasen *kvinnelig kunstner* på 0,00003. Tal som 0,002 og 0,00003 vert veldig små, og dei kan vere vanskeleg å fatte. For å gjere det lettare å forstå kva tala inneber kjem eg til å oppgje tala per million. Ser ein på dei to døma her, så er 0,002 det same som 2000 per million, og 0,00003 det same som 30 per million.

5.2.1.4 Stor/liten bokstav

Gjer ein søk i NB N-gram, må ein velje om ein ynsker å skilje mellom stor og liten forbokstav. Skilnaden mellom stor og liten forbokstav kan vere avgjerande for å skilje eigennamn frå andre substantiv, til dømes adjektivet *tom* frå namnet *Tom*. I dei søka eg har gjort, har eg ikkje skilt mellom stor og liten forbokstav. Skulle ei setning starte med ein yrkestittel vil denne naturleg få stor forbokstav, men midt i ein setning kan det same ordet ha liten forbokstav. Ved å inkludere både stor og liten forbokstav i søka mine kan eg til dømes få med både *vaskekone* og *Vaskekone*.

5.2.1.5 Periode

Datamaterialet ein søker i gjennom NB N-gram, går som nemnt tilbake til 1810. Ein kan velje å tilpasse visninga av resultata til ein bestemd periode. Eg har valt å avgrense søka mine til å gjelde perioden frå 1920 og til det nyaste materialet som ligg inne i databasen.

5.2.1.6 Glatting

Frekvensen til eit ord eller ein frase er til ein viss grad tilfeldig. Han varierer til dømes med kva for nokon bøker som vert utgjeve bestemte år, eller om det er viktige saker ein skriv mykje om i avisene i ein periode. For å vege opp for slike tilfelle kan ein glatte ut resultata før dei vert vist. Prinsippet er at den relative frekvensen for eit år vert sett på som eit gjennomsnitt av frekvensen for det aktuelle året, pluss ei rekke føregåande og etterfylgjande år (Nasjonalbiblioteket, NB N-gram). Ei glatting på 4 vil med dette seie at ein tek resultata frå fire år før og fire år etter, og legg saman med talet frå det aktuelle året. Når ein har gjort det, så deler ein det summerte talet på like mange år som ein har henta resultat frå. Ved ei glatting på 4 vil ein altså dele på 9. Glatting gjer at kurvene er jamnare enn når ein ser på rådata. Lågare glatting vil føre til langt meir spisse toppar enn om glattinga er høg (Nasjonalbiblioteket, NB N-gram).


Ein kan i NB N-gram velje glatteverdiar som går frå 0, altså inga glatting, og til 15. Standardinnstillinga i NB N-gram er ei glatting på 4. Eg har ikkje sett noko behov for å endre på dette, så alle mine søk er gjort med eit glattenivå på 4.

5.3 Korleis søke i NB N-gram

Avhengig av søkeuttrykk kan ein gjere enkle, men også meir komplekse søk. Eg vil her forklare dei ulike funksjonane eg har nytta når eg har gjort søka mine.

Det enklaste søket ein kan gjere i NB N-gram, er å undersøke bruken av eit enkelt ord over tid. Då skriv ein det aktuelle ordet, til dømes *leder*, inn i søkefeltet. I tillegg til enkeltord er det mogleg å søkje på frasar med inntil tre ord (Nasjonalbiblioteket, NB N-gram). Ynsker ein å gjere søk på frasar, skriv ein heile frasen inn i søkefeltet, til dømes *kvinnelig leder* eller *den kvinnelige lederen*. Gjer ein slike søk på enkeltord eller frasar, får ein opp ei trendlinje som viser utviklinga til det aktuelle søket over tid.

Ein kan også gjere søkeuttrykka meir komplekse. Om ein ynsker å samanlikne utviklinga av to eller fleire ord, skriv ein orda inn i søkefeltet åtskilt med eit komma (Nasjonalbiblioteket, NB N-gram). Søker ein til dømes etter *sykepleierske, sykepleier* får ein opp to grafar, ein for kvart ord. Ein illustrasjon av korleis eit slikt søk ville sett ut er vist i figur 3.



Figur 3 Søk på sykepleierske, sykepleier. Søk gjort i aviskorpuset til webgrensesnittet den 19.08.21

Ein kan også søke på fleire frasar samtidig, til dømes *kvinnelig sykepleier, mannlig sykepleier*. Totalt kan ein søkje på inntil ti enkeltord eller frasar samtidig, noko som gjev ut inntil ti ulike grafar (Nasjonalbiblioteket, NB N-gram).

Om ein sett eit plussteikn, +, mellom ord eller frasar, kan ein leggje saman frekvensen til dei aktuelle orda eller frasane. Eit søk på *lege+legen+leger+legene* vil gje ein graf der frekvensen for alle dei ulike bøyingsformene av *lege* er summert opp. Totalt er det mogleg å leggje saman frekvensane av inntil ti ord eller frasar.

Det er mogleg å kombinere dei ulike formene for søk, noko som gjer at ein kan samanlikne seriar av ord (Nasjonalbiblioteket, NB N-gram). Skriv ein inn søkestrengen *lærer+læreren+lærere+lærerne, lærerinne+læreren+lærerinna+lærerinne+lærerinne*, vil ein få to grafar, ein for alle formene av *lærer* og ein for alle formene av *lærerinne*. Tilsvarende søk kan ein også gjere med frasar.

Når ein skal gjere like og repeterande søk, kan ein velje å gjere eit forkorta søk ved hjelp av parentesar. Søket *(kvinnelig mannlig) lege* vil gje resultat for både *kvinnelig lege* og *mannlig lege* utan at ein må repeterer *lege*. Tilsvarende kan søk på *(kvinnelig mannlig) (formann leder)* resultere i fire ulike grafar, *kvinnelig formann, kvinnelig leder, mannlig formann* og *mannlig leder*. Inni kvar parentes kan det stå opp til tre ulike alternativ (Nasjonalbiblioteket, NB N-gram).

Søka eg har gjort omfattar både moderne og eldre stavemåtar av orda. For å finne dei eldre skrivemåtane gjekk eg fram på same måte som med korpussøka. Eg sjekka dei historiske sitata frå NAOB, og nytta språkhistorisk kunnskap om rettskrivingsreformer.

5.4 Ulike utfordringar

5.4.1 Modifikasjon av programkode

Nasjonalbiblioteket har publisert alt av kjeldekode og data på internett. Der ligg det fritt tilgjengeleg for bruk. Kjeldekoden er tilgjengeleg på Github (Nasjonalbiblioteket NB-N-Gram 2016), medan datagrunnlaget er lasta ned frå språkbanken sin ressurskatalog som SQLite database filar frå juni 2015.⁵ Database filane krev SQL-spørjingar for å hente ut og behandle data.⁶ NB N-gram nyttar Python som serverspråk som eit mellomledd mellom brukargrensesnittet og SQL-databasane. Serveren mottek spørjingar frå brukaren i grensesnitt og legg saman opptil fleire tidsseriar anten som ein tidsseriegraf/ei trendlinje eller som eit datasett ein kan laste ned.

Då eg skulle gjere mine søk, vart det eit problem at Nasjonalbiblioteket sitt webgrensesnitt berre var opna for søk på inntil 10 ord eller frasar.⁷ Grunna endringar i skrivemåte må eg inkludere fleire former av same ord, og fekk difor lengre søkeuttrykk enn det var sett opp for.

For å løyse dette problemet fekk eg hjelp av Sondre Birkeland Eide. Kjeldekoden vart lasta ned lokalt i lag med SQLite databasefilane. Berre Python-serverfila (backend.py) vart endra, med hensikt om å gjere koda kompatibel med Python versjon 3, i tillegg til å tillate meir enn 10 søkeord. Kodebasen publisert i Nasjonalbiblioteket sitt fillager på Github har ikkje vore endra sida februar 2016, og som følgje er Python-koden skriven i ein forelda versjon. Dette inneber berre små endringar i importeringa av tredjeparts bibliotek i Pythonfila.

Søkerestriksjonane vart løyst ved å endre maksgrensa på talet for søkeord, maksgrensa for teikn i søkestrengen og maksgrensa for søkeoperasjonsteikn.⁸ Etter endringane må ein lokal server køyrast for å returnere søkeresultatata gjennom eit kall til Backend.py fila i terminal.

Som ei følgje av desse endringane vil eg gjerne få litt andre resultat enn dei ein får gjennom Nasjonalbiblioteket sitt webgrensesnitt. Gjennom forklaringa gjeve i denne delen av oppgåva

⁵ Github er eit fillager som vert nytta til «open source» utviklingsprosjekt for formidling av kode og data.

⁶ SQLite er eit verktøy som muliggjer enkel tilkopling til ein SQL database. Data er oppbevart i ein enkel fil som er tilgjengeleg for mange program.

⁷ Webgrensesnitt er enkelt forklart ei internettside som lar deg bruke eit system eller eit program. I dette tilfelle er systemet søketenesta NB N-gram slik ho er tilgjengeleg på nettsida til Nasjonalbiblioteket.

⁸ Søkeoperasjonsteikn er teikn som + og *. Bruken av slike er forklart i 5.3 Korleis søke i NB N-gram.

burde likevel resultatene kunne gjenskapast. Skulle Nasjonalbiblioteket gjere endringar i sin kode eller i datamateriale, vil dette ikkje påverke det eg har lagra på min lokale server.

5.4.2 Problem i møte med homografar

Ei utfordring ein treffer på når ein gjer søk på denne måten, er at NB N-gram gjev alle resultat som vert skrivne likt som søkeuttrykket. Dette vil vere problematisk i møte med homografar. Eit søk på *lege* vil resultere i alle ord som er stava på den måten. Utan å gå inn i kvart enkelt tilfelle kan ein ikkje vite om det er tale om *lege* i tydinga yrkestittel, eller verbet *lege*. Tilsvarende kan *sanger* vere ein person som driv med song, men *sanger* kan også vere den ubestemde fleirtalsforma av *sang*. Dersom datamaterialet hadde vore ordklassetagga, kunne ein lettare avgrensa søka til bestemte ordklassar, men denne moglegheita har ein ikkje i NB N-gram.

Problemet med homografar er nok størst i møte med ord som endar på suffikset *-er* i ubestemt eintal. Dette fordi det overlappar med presensforma til mange ord. Ord med mange tydingar kan også føre til mindre valide data.

Ei mogleg løysing om ein vil unngå problemet, kunne ha vore å utelate alle homografar, altså at ein berre søker på dei formene som har ei enkelt tyding. Eg har likevel vurdert dette til å vere ei dårleg løysing. Skulle ein utelate alle homografar vil det vere meir utfordrande å samanlikne utviklinga og frekvensen til ulike ord. Ser ein på ordparet *lærer* og *lærerinne* måtte ein så samanlikne: *læreren* + *lærere(r)* + *lærerne* med *lærerinne* + *lærerinna/-en* + *lærerinne* + *lærerinne*.⁹ Frekvensen vert oppgjeve som eit tal for heile søkeuttrykket, og ved å utelate noko heilt frå enkelte søk vil dette påverke frekvensen i negativ retning. På den måten kan ein få inntrykk av at enkelte ord er mindre brukt enn det dei eigentleg er. Feilkjelda ein vil få ved å utelate realiseringar er truleg større og meir alvorleg enn om ein inkluderer former med fleire tydingar.

Det er vanskeleg å vurdere nøyaktig kor alvorleg slike feilkjelder er. Truleg vil det vere mindre alvorleg for ei trendlinje enn for eit enkelt punkt. På same tid kan den relative vekta av ønskte og uønskte treff forskyve seg, ved at eitt eller fleire av orda endrar frekvens i høve til det eller dei andre. Det kan særleg skje dersom eit ord «konkurrerer» med andre, til dømes *lege* med *doktor* og verbet *lege* med *helbrede* og *kurere*.

⁹ Dette oppsettet er forenkla for å bli meir tekstvennleg, og det er difor ikkje funksjonelt.

Søk som inkluderer adjektiva *kvinnelig* og *mannlig*, kan redusere problemet i nokon av tilfella med fleire tydingar. I ordsekvensen *kvinnelig lege* er det til dømes usannsynleg at *lege* er eit verb.

Uri har som nemnt gjort nokon liknande undersøkingar i NB N-gram. Ho møter problemet med å putte inn ein fotnote der ho gjer lesaren merksam på at det er eit ord med fleire tydingar, og at dette vil vere ei feilkjelde rundt søket (2019, s. 223)

Ideelt sett burde ein finne ein metode for å ta omsyn til homografane, men dette er vanskeleg. Ved dei tilfella der det er tale om overlapp mellom eit substantiv og eit verb i infinitiv, slik som i *(en) lege* og *(å) lege*, kan ein gjere eit søk på infinitivkonstruksjonen *å lege*. Dette vil få fram dei gongane det er tale om verbet i infinitiv, men dette er ikkje uttømmmande. Slike søk på infinitivkonstruksjoner vil til dømes ikkje få med dei gongane verbet nyttast saman med eit modalt hjelpeverb, slik som i spørsmålet «*Kan du lege meg?*».

5.4.3 Overlapping av frekvens ved enkeltord og frasar

Når ein søkjer på enkeltord i NB N-gram får ein opp alle dei gongane det eine ordet er brukt.

Når ein søkjer på ein frase, i mitt tilfelle to ord, så får ein opp alle gongane dei to orda inntreff i den aktuelle rekkjefølga. Dette inneber til dømes at frekvensen til alle frasar er inkludert i frekvensen til det gjeldande substantivet. Alle treffa på frasen *mannlig sykepleier* er altså også inkludert i søket på *sykepleier*. For å eksemplifisere kan ein tenkje seg eit søk der det er 100 treff på ordet *sykepleier* og 10 treff på frasen *mannlig sykepleier*. 10 av dei 100 treffa til *sykepleier* vil då vere akkurat dei same 10 som i *mannlig sykepleier*. Dette vil også seie at i 90 av dei 100 treffa på *sykepleier* er utan adjektivet *mannlig* framfor.

Skulle ein samanlikne frekvensen til ein frase med frekvensen til substantivet i frasen, må ein vere klar over denne overlappinga.

6 Skildring av resultat

6.1 Innleiing

Det følgjande kapittelet går gjennom resultata frå alle søka eg har gjennomført. Kapittelet er strukturert morfologisk. Først kjem alle samansetningar med feminine etterledd, så avleingar med feminint suffiks, etterfølgt av samansetningar med maskuline etterledd og avleingar med maskulint suffiks. Til slutt kjem det ein femte gruppe med ord som eg har valt å kalle «Ord utan motstykke».

6.2 Om tolking av trendlinjene

Eg har valt å presentere dei data eg har henta ut frå NB N-gram som trendlinjer og rå frekvensar. Datamaterialet vart henta inn og behandla i programmeringsspråket R. Fordelen med å nytte R framfor eksempelvis Excel, er blant anna raskare prosesseringstid, og enklare behandling av fleire datasett samtidig. Datasetta i denne oppgåva kan ikkje seiast å vere store, men mengda av dei er stor nok til at databehandling kan bli vanskeleg. Ein annan subjektiv fordel med R, er at det støttar «ggplot». Dette er ein pakke som gjer at grafane reint estetisk ser noko betre ut enn grafane som er tilgjengeleg på webgrensesnittet til Nasjonalbiblioteket eller i Excel.

Etter at dataa er henta inn i R, genererer programmet ein graf for kvar av tidsseriedatasetta med to seriar, råfrekvensar og ein glatta trendlinje.¹⁰ Den glatta serien blir laga som skildra tidlegare

Mine grafar skil seg hovudsakleg frå dei produsert av webgrensesnittet til Nasjonalbiblioteket på to måtar. Den første og viktigaste endringa er i utrekninga av den glatta tidsserien, der Nasjonalbiblioteket reknar ut glatta frekvensar sjølv når datapunkt i serien manglar. Nasjonalbiblioteket tek utgangspunkt i dei fire førre og dei fire neste åra, uavhengig av tidsperioden mellom observasjonane. Eksempelvis gjev søkestrengen til ordet *helsebror* ein tidsserie med få observasjonar, der den glatta produserte serien frå Nasjonalbiblioteket kan gje eit noko mislesande uttrykk av den sanne utviklinga. Det kjem ikkje tydeleg fram på nettsida nøyaktig korleis den glatta serien blir rekna ut ved få og manglande observasjonar, og berre ein nøye gjennomgang av kjeldekoden til Nasjonalbiblioteket vil kunne gje eit reproduserbart resultat. Ein slik gjennomgang er forbeholden dei som har ein del erfaring med programmering. Den andre endringa av mindre betydning er at mine grafar også inneheld råfrekvensane, framstilt som prikkar i grafane.

¹⁰ Kode og dataa er tilgjengeleg via Github. For å finne dette, sjå vedlegg 3 Referanse til Github.

Dei grafiske framstillingane mine består med andre ord av to slags element: prikkar og linjer. Dei oransje prikkane den absolutte observerte frekvensen. Kvar prikk representerer eit enkelt år. Dei åra det ikkje er noko treff, er det heller ikkje nokon prikk. Om ei framstilling berre har tre prikkar, så vil det altså seie at ein berre har belegg for det aktuelle ordet eller frasen frå dei tre åra prikkane representerer.

Den svarte linja viser glattingslinja. Som nemnt i delkapittel 5.2.1.6 Glatting, har eg valt ei glatting på 4. Dette vil seie $4 + 1 + 4$. Ein tek dei fire åra før, året i fokus, og dei fire åra etter. Totalt nyttar altså kvart glatta punkt seg av data frå ni ulike år. Glattingslinja trer berre fram når alle desse ni åra har observerte frekvensar. Som ein følge av dette kan glattingslinja ha brot, eller berre dekkje delar av perioden. Ein må her ha i mente at glattingslinja aldri vil nå dei aller siste åra. Datamaterialet sluttar i 2013, så etter 2009 er det ikkje mogleg med fire etterfølgjande år. Sjølv om eg berre har nytta meg av data frå 1920 og utover, så har eg også lasta ned alle tilgjengelege tal før dette tidspunktet. I dei tilfella der det er data frå 1916 og til 1919, vil glattingslinja difor kunne gå frå 1920.

Prikkane og glattingslinja er plassert inn i eit koordinatsystem med ein x-akse (vassrett) og ein y-akse (loddrett). X-aksen viser tidsaspektet. Det første året som vert undersøkt, ligg heilt til venstre på linja, og det siste ligg heilt til høgre. Når ein beveger seg frå venstre til høgre langs den vassrette linja, beveger ein seg altså framover i tid. Y-aksen viser frekvensen til ordet eller frasen. Er frekvensen høg, vil prikken eller linja vere høgt oppe, og er han låg, vil prikken eller linja vere langt nede. Dette vil altså seie at om den glatta linja går oppover, går frekvensen opp, om linja går ned, så går frekvensen ned, og om linja går rett fram, held frekvensen seg stabil.

Når eg i dette og dei neste kapitla omtalar tidsperiodar og år, har eg i mange tilfelle valt å runde dei av til næraste årstal som endar på 0 eller 5. Om noko toppar seg i 1939 eller i 1941 har eg altså valt å skrive «ca. 1940». Det vert mange tidspunkt å forholde seg til, så denne avrundinga er for å gjere det lettare å lese og henge med på tekst og tabellar. Dei nøyaktige årstala er å finne i grafane i vedlegg 5.¹¹

¹¹ Glattinga har også hatt noko å seie. Ved ein annan glattingsverdi enn den eg har valt (4), vil trendlinjene kunne sjå noko annleis ut. Ting som nøyaktig plassering på toppar kan med det endre seg noko.

Når eg i dette kapitlet omtalar objektet for undersøking som *ordet* eller *frasen*, inkluderer dette alle bøyingsformer og skrivemåtar. Alle referansar til trendlinja viser til glattingslinja. Ved bruk av ordet *graf* er det også denne linja eg talar om.

Alle trendlinjene er å finne i vedlegg 5. I vedlegget er trendlinjene nummerert og presentert i alfabetisk rekkjefølge. Talet som står i parentes bak ordet eller frasen, viser til kva nummer grafen har i vedlegget.

6.3 Samansettingar med feminine etterledd

I dette delkapitlet vert trendlinjene til dei feminine samansetningane med etterledda - *kvinne*, -*dame*, -*kone*, -*søster* og -*mor* presentert. Felles for titlane i dette delkapitlet er at dei har, eller kan tenkjast å ha, ein tilsvarande maskulin tittel. *Forretningskvinne* har til dømes ein maskulin motstykke i *forretningsmann*, og det er ikkje noko i vegen for å bruke *vaskemann* som eit maskulin motstykke til det feminine *vaskedame*.

6.3.1 Ord med -kvinne


Forretningskvinne (V16)

Forretningskvinne har ei ganske flat kurve med svak vekst i perioden 1920 til 1940. Det er ein auke i bruk frå midten av 40-talet til 1959. Frå 1960 til før 1980 avtek bruken noko. Etter 1980 er der kraftig vekst, og denne veksten held seg gjennom resten av perioden. I 1920 ligg frekvensen på 5 ord av ein million. I 1980 ligg bruken på om lag 10 per million, og etter den kraftige veksten er ein i 2013 på nesten 60 per million.

Forkvinne (V14)

Det første treffet på *forkvinne* har eg i 1925. Fram til rett før 1970 held bruken eit veldig jamt nivå på om lag 10 per million. Etter 1970 er der ein massiv auke, og i 1979 er ordet oppe på ein frekvens på nesten 160 per million. Denne veksten held seg ikkje lenge, og bruken fell med ein gong. I 1990 er ein nede igjen på omtrent 30 ord per million. Dei siste 23 åra går bruken framleis nedover, men mykje saktare enn dei føregåande ti åra. I 2013 er frekvensen igjen på 10 per million.


Politikvinne (V84)



Figur 4 Politikvinne

I materialet mitt får eg det første treffet på ordet *politikvinne* på midten av 1920-talet. Fram til rett før 1970 ligg bruken ganske stabilt på om lag 9 på ein million ord. I perioden frå 70- til 80-talet aukar frekvensen til ca. 15 treff per million. Etter dette skyt veksten fart. I 1990 er ein oppe på 50 per million, og når ein kjem til 2000, er det 90 ord per million. Dei siste ti åra stagnerer veksten, om noko med ein mogleg negativ tendens, men frekvensen held seg på mellom 80 og 90 per million.

Yrkeskvinne (V102)



Figur 5 Yrkeskvinne

Ordet *yrkeskvinne* dukkar opp for første gong i 1932. Dei første ti åra endrar bruken seg frå 100 per million til nesten 300 per million. Etter dette skyt veksten fart, og *yrkeskvinne* når sitt toppunkt i 1953, då med ein frekvens på nesten 900 per million. Etter dette fell frekvensen. I


1990 er bruksfrekvensen på i underkant av 50 per million, og utover 2000-talet ligg han stort sett mellom 10 og 20 per million.

6.3.2 Ord med -dame

Kontordame (V26)

Kontordame er eit ord eg har treff på frå heile perioden eg undersøker. Dei første 15–20 åra av perioden er ordet gjennom ei negativ bruksutvikling, frå ca. 4000 per million i 1920 til ca. 1000 per million sist på 30-talet. Så stiger frekvensen til eit toppunkt på nesten 9000 per million i 1955. Etter dette søkk frekvensen til ca. 5500 per million i 1970 og fortsetter ned til omlag 1000 per million ved inngangen til 80-talet. Resten av perioden ligg bruken stort sett mellom 30 og 70 per million.

Butikkdame (V8)



Figur 6 *Butikkdame*

I perioden 1920–40 fluktuierer frekvensen til *butikkdame* mellom 200 og 500 per million. Så skjer det ein vekst frå ca. 300 per million i 1940 til ein topp på 1600 per million i 1955. Etter dette fell bruken, og ved inngangen til 80-talet er ein nede på 60 per million. Utover mot og gjennom 2000-talet ligg frekvensen stort sett mellom 10 og 30 per million.

Vaskedame (V99)

Frå 1920 til 1970 er der berre nokon sporadiske treff på ordet *vaskedame*. Utover 70-talet byrjar bruken av ordet å bli meir konstant, og det dukkar opp i omtrent alle år frå dette tidspunktet. Fram til 1980 ligg frekvensen på godt under 5 per million med ord. Etter dette byrjar frekvensen å auke, og i 2000 ligg han på litt over 10 ord per million. Frå 2000 til 2013 har dette talet nesten dobla seg, og frekvensen når omtrent 25 per million.


6.3.3 Ord med -kone

Vaskekone (V101)

Alt i alt har ordet *vaskekone* ei roleg og negativ utvikling, med unntak av perioden frå midten av 30-talet til 1950. Ordet byrjar perioden med ein frekvens på 200 ord per million. På midten av 30-talet ligg frekvensen på 100 per million, men i 1944 kjem der eit toppunkt på godt over 250 per million. I 1950 er frekvensen igjen på 100 per million. Gjennom 70-talet ligg frekvensen rundt 30 per million, og etter 1990 ligg frekvensen stort sett mellom 10 og 20 per million.

6.3.4 Ord med -søster

Helsesøster (V19)



Figur 7 Helsesøster

Den overordna utviklingstendensen til *helsesøster* viser at ordet er stadig meir brukt. Ordet har første treff midt på 20-talet, då ligg frekvensen på 50 per million. Litt utpå 50-talet er frekvensen oppe på rundt 300 ord per million. Dei neste 30 åra held bruken seg på dette nivået. Når ein kjem nærare 90-talet, byrjar bruken så smått å auke litt, det kjem eit nytt

toppunkt i 1992, og då er frekvensen på 400 ord per million. Etter dette er der eit lite fall, men veksten tek seg opp igjen, og ved 2013 er ein oppe på over 500 per million.

Sykesøster (V98)


Utviklinga til *sykesøster* går gjennom tre ulike stadium. Den første fasen er ein med vekst, og han varar frå 1920 til eit toppunkt på midten av 50-talet. Ved starten av denne fasen ligg frekvensen på godt under 50 per million, men når ein kjem til toppunktet, ligg talet på over 350 per million. Etter dette toppunktet byrjar ein fase som er prega av nedgang. Midt på 60-talet ligg frekvensen på 250 ord per million, og i 1970 er han på omtrent 150 per million. Den siste fasen er frå 1980 og ut perioden. Desse tretti åra skjer det lite, og frekvensen endrar seg frå omtrent 40 til ca. 20 per million.

6.3.5 Ord med -mor

Husmor (V23)


I 1920 ligg bruksfrekvensen til *husmor* på om lag 3000 per million. Dei neste ti åra skjer det lite, men så byrjar bruken å auke meir og meir. I 1940 er det om lag 4000 per million, i 1950 mellom 6000 og 7000 per million, og når trendlinja når toppunktet sitt i 1955, er frekvensen oppe på rundt 9000 per million. Etter dette toppunktet avtek bruken ganske raskt og jamt dei neste tjue åra. På 80-talet går det kraftige fallet over i ei mykje slakkare kurve, og dei siste 15 til 20 åra ligg frekvensen rundt 300 per million.

Jordmor (V24) og mannlig jordmor (V67)



Figur 8 Jordmor

Med eit overordna blick kan ein sjå at bruken av tittelen *jordmor* først har ein periode med negativ utvikling, før bruken tek av og skyt i veret. Dei første tretti åra av perioden går frekvensen litt opp og ned, men han held seg heile tida rundt 600 til 700 per million. Frå 50-talet byrjar bruken å falle tydeleg, og han når eit botnpunkt på godt under 400 per million rundt 1980. Etter dette botnpunktet går grafen oppover. I 2000 er frekvensen igjen på mellom 600 og 700 per million. Bruken fortset å vekse, og når 1000 per million ord rett før 2013.



Figur 9 Mannlig jordmor

Frasen *mannlig jordmor* opptre for første gong på 50-talet. Etter dette går det nokon år, før han igjen dukkar opp på 70-talet. Både på 50- og på 70-talet ligg frekvensen på rundt 3 per million. Etter 70-talet kjem der sporadiske treff resten av perioden. Frekvensen ved dei treffpunkta som er, vert lågare og lågare. Treffa på 80-talet ligg på ein frekvens rundt 2 per million. Treffa etter 90-talet ligg alle under 1 per million.

6.4 Avleiingar med feminint suffiks

I dette delkapittelet vert trendlinjene til yrkestitlane med feminint suffiks presentert. Dei feminine suffiksa er *-inne*, *-erske* og *-trise*. Alle desse feminine orda har eit tilsvarande maskulint motstykke. Det feminine *sangerinne* har til dømes eit maskulint motstykke i *sanger*.

6.4.1 Suffikset -inne

Sangerinne (V89) og *kvinnelig sangerinne* (V53)

Sangerinne byrjar med ein vekstperiode. Frå ein frekvens på mellom 500 og 600 per million i 1920 er ordet oppe på 1000 per million dryge ti år seinare. Dei neste åra varierer frekvensen noko, men midt på 40-talet er han igjen på 1000 ord per million. Frå dette punktet går bruken

berre nedover. Fallet skjer ganske fort fram til 60-talet, og så slakkar det av noko. I 1960 ligg *sangerinne* på mellom 500 og 600 per million, i 1970 ligg bruken på mellom 400 og 500 per million, i 1990 mellom 200 og 300 per million, og etter 2000 er ein nede på rundt 150 per million.

Søk på frasen *kvinnelig sangerinne* gjev utslag på tre ulike tidspunkt, alle rundt år 2000. Frekvensen er veldig låg og ligg under 1 per million.

Forfatterinne (V13)

Ordet *forfatterinne* byrjar perioden med vekst. Frå 1920 til slutten på 30-talet aukar bruksfrekvensen frå 250 til 550 per million. Dei neste åra er der ein liten negativ tendens, og litt utpå 40-talet er bruken nede på mellom 350 og 400 per million. Etter denne vesle dumpen tek bruken seg opp igjen, og når ein nærmar seg 60-talet, er frekvensen igjen oppe på rundt 550 per million. Frå 60-talet går det berre ein veg, og det er nedover. Når ein når 70-talet, er frekvensen på 400 per million, i 1980 er frekvensen 200 per million, og etter tusenårsskiftet er frekvensen nede på rundt 30 per million.

Kunstnerinne (V30)

I byrjinga av perioden ligg frekvensen til ordet *kunstnerinne* på rundt 120 per million. Dei neste ti åra aukar frekvensen, og ved inngangen til 30-talet når ordet sitt toppunkt, på om lag 180 treff per million. Etter dette går frekvensen berre ned. I 1950 ligg han på 110 per million, i 1970 på 60, og i 1990 på 20 per million. Frå år 2000 flatar grafen ut på under 10 per million.

Pianistinne (V81)

Trendlinja til *pianistinne* er dei første femti åra prega av svingingar. På 20-, 40-, og 60-talet ligg frekvensen på rundt 250 per million. Toppunkta på 30-, 50- og 70-talet er på om lag 350 ord per million. Frå 70-talet er det slutt på denne svingande tendensen, og ein kan sjå eit kraftig fall fram til 80-talet. I 1980 ligg *pianistinne* på 50 per million. Dei siste tretti åra flatar trendlinja ut, og etter 1990 ligg frekvensen under 20 per million.

Skuespillerinne (V93) og *kvinnelig skuespillerinne* (V56)

Dei første nesten tjue åra er trendlinja til *skuespillerinne* prega av kraftig vekst. Bruksfrekvensen går frå 20 til 80 per million midt på 30-talet. Etter denne veksten er dei neste ti åra prega av eit tilsvarande kraftig fall. Midt på 40-talet har frekvensen sokke til ca. 45 per million. Dei følgande ti åra snur trenden, og pila peiker oppover igjen. Mot slutten av 50-talet

er frekvensen oppe på nesten 700 per million. Frå 60-talet og ut perioden går bruksfrekvensen stadig nedover. I 1980 er frekvensen nede på rundt 300 per million, i 2000 er talet på 200 per million, og utover 2000-talet stabiliserer frekvensen seg på rundt 100 per million.

Frasen *kvinnelig skuespillerinne* har eit fåtal av treff. Første gong han dukkar opp, er rett før 1960. Etter dette kjem der nokon treff utover 70-, 80- og 90-talet. Frekvensen er aldri høg, og varierer mellom 1,6 og 1,9 per million.

Bestyrerinne (V4)

Mellom 1920 og 1940 ligg frekvensen til *bestyrerinne* og svingar rundt 1000 per million. Frå 40- til 50-talet skjer der ein tydeleg auke, og når grafen når eit toppunkt heilt mot slutten av 40-talet, ligg frekvensen på litt over 2000 per million. Etter dette høgdepunktet går bruken utelukkande nedover fram til 80-talet. I 1960 er frekvensen på 1400 per million, og i 1980 er talet nede på 200 per million. Frå 90-talet og ut perioden flatar bruken heilt ut, og legg seg på verdiar under 50 per million.

Lærerinne (V61)


Trendlinja til *lærerinne* viser oss at frekvensen har ein svakt positiv tendens dei første 40 åra av perioden. I 1920 ligg bruksfrekvensen på 2000 per million. Denne aukar til 2200 utover 30-talet, men mot slutten går han litt ned, og hamnar på rundt 1800 per million på byrjinga av 40-talet. Etter denne vesle dumpen byrjar frekvensen å auke igjen, og grafen når sitt toppunkt på om lag 2500 per million midt på 50-talet. Frå denne toppen går det brått ned, i 1960 er frekvensen 2200 per million og i 1970 er han om lag 800 per million. Når ein når 1980, er frekvensen nede på 150 per million, og resten av perioden ligg frekvensen rundt 100 per million.

6.4.2 Suffikset -erske

Husholderske (V22)

Trendlinja til ordet *husholderske* startar med ein nedgangsperiode. Frå 1920 til midten av 30-talet søkk frekvensen frå 2000 per million til 800 per million. Etter dette kjem der ein vekstperiode som varar frå midten av 30-talet til midten av 40-talet. Midten av 40-talet er grafens toppunkt, og frekvensen ligg på 2400 per million. Etter toppunktet byrjar frekvensen å gå ned. Tjue år fram i tid, i 1960, er frekvensen på 1000 per million, og i 1980 er han på 200 per million. Frå 1980 og ut perioden ligg frekvensen stort sett mellom 40 og 50 per million.

Syerske (V95)




Figur 10 Syerske

Utviklinga til *syerske* går gjennom fire ulike stadium. Frå 1920 til 1940 er der ein periode med nedgang. Gjennom desse tjue åra endrar frekvensen seg frå 1500 til 750 per million. Etter dette kjem det ein periode med vekst, og toppunktet kjem i 1950 med ein frekvens på 3000 per million. Dei neste tjue åra vert frekvensen merkbar lågare. I 1960 ligg talet på rundt 1500 per million, og i 1970 er det litt under 1000 per million. Halvvegs ute på 70-talet er frekvensen nede på 200 per million, og frå 80-talet og utover ligg frekvensen under 100 per million.

Sykepleierske (V97)

For ordet *sykepleierske* byrjar bruksutviklinga med ein kort periode stabilitet, før han aukar ei stund, når eit toppunkt, fell og til slutt flatar ut. Den korte perioden med stabilitet varar dei første ti åra, og frekvensen ligg rundt 1000 ord per million. Vekstperioden som følgjer, varar fram til midten av 40-talet. Her når grafen sitt toppunkt, med ein frekvens på 2000 per million. Fram til omtrent 1960 er nedgangen ganske beskjeden, og gjennom desse åra søkk frekvensen til om lag 1600 per million. Resten av nedgangsperioden søkk frekvensen mykje raskare, og i 1970 er talet nede på 400 per million. Mot slutten av 70-talet flatar grafen ut, og frekvensen ligg stort sett mellom 20 og 40 per million.

Arbeiderske (V2) og kvinnelig arbeiderske (V32)



Figur 11 Arbeiderske

Frå 1920 og nesten heilt fram til 1940 ligg frekvensen til ordet *arbeiderske* og svingar rundt 70 per million. Etter dette startar ein relativt kort vekstperiode, og grafen når toppunktet sitt midt på 40-talet, med ein frekvens på rundt 120 ord per million. Frå toppen går det ganske kjapt nedover igjen. I 1960 er frekvensen på 40 ord per million, og i 1970 er talet nede på omtrent 10 per million. Utover 70-talet flatar grafen ut og held seg på ein frekvens godt under 10 per million. Frå 1990 er det fleire periodar heilt utan belegg for bruk.

Frasen *kvinnelig arbeiderske* gjev treff frå to ulike år, 1947 og 1949. Frekvensen er låg, med 8 og 4 per million.

Skredderske (V91)

Ordet *skredderske* har så få treff at det er vanskeleg å prate om ei tydeleg trendlinje, men det er to periodar som skil seg ut. Den første perioden er frå 1920 til 1930. Gjennom denne perioden har eg treff frå kvart einaste år. Frekvensen er litt varierende, dei første åra ligg han rundt 8 treff per million, og dei siste på 4 per million. Etter dette går der ein del år utan vesentlege treff. Den neste perioden ein kan merke seg, er på 40-talet. Her har ein belegg for bruk gjennom fleire år. Ved inngangen til 40-talet ligg frekvensen på rundt 3 per million, men han aukar, og kjem heilt opp på 7 per million i løpet av nokon få år. Etter dette andre toppunktet kjem der nokon år utan bruksbelegg, før ein igjen kan sjå spor av bruk på slutten av 50-talet. Frå 1960 har ordet gått heilt ut av bruk.

6.4.3 Suffikset -trise

Ekspeditrise (V19) og *kvinnelig ekspeditrise* (V37)¹²

Grafen til *ekspeditrise* held seg ganske stabil frå 1920 til 1940, og frekvensen ligg her på rett over 500 per million. Frå 1940 til 1950 aukar frekvensen til 3000 ord per million. Gjennom heile 50-talet til litt utpå 60-talet held frekvensen seg på mellom 3000 og 3500 per million. Dei siste åra av 60-talet byrjar frekvensen å gå ned. Mellom 1970 og 1980 endrar frekvensen seg frå 2400 til 240 per million, og frå 1990 held frekvensen seg stort sett under 50 per million.

Frasen *kvinnelig ekspeditrise* dukkar opp ved nokon få høve mellom 1960 og 1980.


Frekvensen er veldig låg og varierer mellom 1,4 og 2 per million.

6.5 Samansettingar med maskuline etterledd

I dette delkapittelet vert trendlinjene til yrkestitlane med maskulint etterledd presentert. Dei ulike etterledda er *-mann*, *-bror* og *-far*. Alle orda som vert presentert i dette kapittelet har også ein tilsvarande feminin variant.

6.5.1 Ord med -mann

Kjøpmann (V25) og *kvinnelig kjøpmann* (V41)



Figur 12 Kjøpmann

Frekvensen til ordet *kjøpmann* byrjar på ca. 3500 per million i 1920. Gjennom dei neste ti åra aukar frekvensen, og han er på nesten 6000 per million i 1930. Etter dette søkk frekvensen

¹² I etterkant har eg oppdaga at forma *expeditrise* ikkje var komen med i søkeuttrykket. Dette vil særleg påverke frekvensen frå dei tidlegaste åra.

ganske fort, og i 1940 er førekomsten på omtrent 4000 per million. Ved inngangen til 60-talet ligg frekvensen på om lag 3000 per million, og i 1980 er han nede på ca. 1000 per million. Når ein når 90-talet, har bruken sokke til ein frekvens på 500 per million, og resten av perioden held frekvensen seg rundt 400 per million.

Frasen *kvinnelig kjøpmann* har ein nedgåande tendens gjennom heile perioden. Frasen har sin topp i 1920, med ein frekvens på 1000 per million. Frekvensen søkk fort. Midt på 30-talet er han på om lag 500 per million og her held han seg til 50-talet. Gjennom nesten heile 60-talet ligg frekvensen på litt under 300 per million. På 70-talet skjer der ein liten auke, med ein frekvens som går opp til 400 per million. I 1990 er frekvensen nede på rundt 200 per million. Utover 2000-talet stabiliserer frekvensen seg rundt 100 per million.

Butikkmann

Bruken av ordet *butikkmann* aukar frå ein frekvens på 2 per million på 1920-talet til nesten 20 per million ved inngangen til 50-talet. Frekvensen ligg så og svingar rundt 18 per million heilt fram til 1970, før han byrjar å falle ganske kraftig. I 1980 har frekvensen sokke til om lag 6 per million, og frå 1990 og utover held frekvensen seg stabil på rundt 2 per million.

Politimann

Alt i alt har ordet *politimann* hatt ei positiv utvikling gjennom perioden. Frå 1920 til 1930 aukar frekvensen frå 500 til rundt 1200 per million. Frekvensen held seg på 1200 per million fram til 1950, så aukar han litt og når 1600 per million på 60-talet. Etter dette går frekvensen noko ned, og er i 1980 1300 per million. Frå 80-talet byrjar bruken å auke igjen. Midt på 90-talet når *politimann* sitt absolutte toppunkt, med ein frekvens på nesten 2000 per million. Etter toppunktet fell frekvensen, og dei siste åra fram mot 2013 ligg frekvensen rundt 1300 per million.

Yrkesmann (V103)

Trendlinja til ordet *yrkesmann* viser at bruken har vore noko sporadisk. Dei første tilfella dukkar opp på 30-talet. Gjennom 40- og 50-talet ligg frekvensen og fluktuerer rundt 3,5 per million. På 70- og 80-talet er det ein periode der frekvensen ligg rundt 2,5 per million. Treffa på 90-tallet ligg stort sett på ein frekvens mellom 1,5 og 2 per million. Dei åra som har treff etter 2000, ligg alle på under eit treff per million.

Formann (V15), kvinnelig formann (V40) og mannlig formann (V66)

Ordet *formann* har ei negativ utvikling gjennom perioden. I 1920 ligg frekvensen til *formann* på 20 000 per million. Gjennom 20-talet aukar frekvensen, og på 30-talet ligg han på nesten 35 000 per million. Etter dette går frekvensen noko ned, og litt utpå 40-talet er han på 25 000 per million. Så kjem der ein ny vekstperiode. Gjennom 50-og halve 60-talet ligg frekvensen på nesten 40 000 per million. Frå midten av 60-talet byrjar bruken å avta. I 1970 ligg frekvensen på ca. 32 500 per million, i 1980 ca. 22 500 per million og i 1990 er ein nede på 8000 per million. Frå 2000 og vidare ligg frekvensen rundt 2000 per million.

Frekvensen til frasen *kvinnelig formann* ligg på rundt 4 per million gjennom 30-talet. I 1950 ligg frekvensen på 10 per million, og i 1970 på om lag 16 per million. Toppunktet til grafen kjem litt utpå 80-talet, med ein frekvens på litt over 20 per million. Etter dette går frekvensen kjapt ned. I 1990 er han på rundt 10 per million, og i 2000 er talet nede på 2 per million. Resten av perioden er frekvensen mellom 1 og 2 ord per million.

I resultat mine har eg treff på frasen *mannlig formann* frå sju ulike år, 1977-1980, 1982, 1991 og 1992. Frekvensen er heile tida veldig låg, på rundt 2 per million.


Forretningsmann (V17)

Ordet *forretningsmann* har sitt toppunkt i 1920, med ein frekvens på 2000 per million. Fram til midten av 40-talet ligg frekvensen og vakar rundt 1800 per million. Innan 1960 har frekvensen sokke til 1000 per million, og i 1980 er talet på under 500 per million. På 90-talet er der ein liten topp, og frekvensen er her nesten 700 per million. Resten av perioden ligg frekvensen i området mellom 100 og 500 per million.

Kontormann (V23)

Trendlinja til ordet *kontormann* startar i 1920, og då ligg frekvensen på nesten 1800 per million. Dei neste 15 åra går frekvensen fort ned, og midt på 30-talet ligg han på omtrent 400 per million. Frå dette punktet går frekvensen noko opp, og gjennom nesten heile 40- og 50-talet ligg frekvensen litt over 1000 per million. Når ein nærmar seg 1960, byrjar bruken å falle igjen, og i 1970 har *kontormann* igjen ein frekvens på 400 per million. I 1980 ligg frekvensen på godt under 100 per million, og her held han seg resten av perioden.

Brannmann (V6), mannlig brannmann (V63) og kvinnelig brannmann (V35)



Figur 13 Brannmann

Alt i alt har tittelen *brannmann* ei positiv utvikling. I 1920 er frekvensen på godt under 50 per million. Frå slutten av 30-talet byrjar frekvensen å auke noko, og fram til midten av 80-talet ligg han i underkant av 100 per million. Midt på 80-talet kjem der ein ganske bra auke, og ved inngangen til 90-talet ligg frekvensen rundt 200 per million. Dette talet går så litt ned, og i 2000 er frekvensen på 150 per million. Ordet *brannmann* når toppunktet sitt rett før 2013, med ein frekvens på over 250 per million.

Frasen *mannlig brannmann* dukkar opp ved eit par tilfelle på 20-talet, nokon særdeles få gongar frå 50- til 80-talet, men litt oftare på 90-talet. Frekvensen er låg, og aldri høgare enn 10 per million.

Totalt har eg seks år der frasen *kvinnelig brannmann* har vore i bruk, dei ligg i tida frå 1982 til 2010. Frekvensen er under 2 per million ved alle.

6.5.2 Ord med -bror

Helsebror (V18)

I resultatane mine har eg nokon sporadiske treff på ordet *helsebror*. Den første førekomsten er på 60-talet, men dei resterande tilfella er frå midten av 90-talet og utover. Frekvensen til ordet er heile tida svært låg, og han varierer ein del. Den høgaste verdien er i 1999, på litt over 1,4 per million med ord.

6.5.3 Ord med -far

Husfar (V20)

Trendlinja til ordet *husfar* viser oss at bruken var aukande den første halvdel av perioden som vert undersøkt. Ordet når sitt toppunkt rundt 1960, før trenden snur og frekvensen byrjar å falle. Frekvensen går nedover heilt til litt utpå 2000-talet, før han plutseleg skyt i veret og blir mykje høgare. Ser ein på frekvensen ligg han på ca. 70 per million på 20-talet. Den første auken går ganske gradvis, og når grafen når toppunktet sitt i 1960, ligg frekvensen rundt 1000 per million. Nedgangen som følgjer toppunktet, går noko raskare, og i 1970 er frekvensen ca. 65 per million, i 1990 er talet nede på rett over 30 per million. Botnpunktet i grafen kjem rundt 2000, med ein frekvens på litt under 25 per million. Etter dette botnpunktet kjem det ein ganske merkbar vekst, og frekvensen kjem heilt opp mot 90 per million mot slutten av perioden.

6.6 Avleiingar med maskulint suffiks

Dette delkapittelet har eg valt å kalle «Avleiingar med maskulint suffiks». Dette er maskuline ord, og dei aller fleste av avleiingane som er plassert her har kjende feminine motpartar, til dømes *kunstner* med motparten *kunstnerinne*. Desse orda har i dag også ein generisk funksjon. Ein kan difor diskutere i kva grad dei i dag står for noko mannleg, og i kva grad dei kan reknast for å vere kjønnsnøytrale.

I møte med desse resultata må ein ha feilkjeldemomentet som går på homografar i mente. Særskilt i orda med suffikset *-er*, som *lærer* og *sanger*, vil ein få støy i form av feiltreff på ulike andre ord frå substantiv/verb.

6.6.1 Suffikset *-er*

Sanger (88), *mannlig sanger* (V77) og *kvinnelig sanger* (V52)

Ordet *sanger* har alt i alt ei positiv utvikling. Frå 1920 til midt på 40-talet aukar frekvensen frå ca. 1000 til eit toppunkt på rett over 4800 per million. Etter dette toppunktet på 40-talet går frekvensen noko ned, og frå 1950 til 1980 ligg frekvensen og svingar mellom 3000 og 3500 per million. Gjennom 80- og 90-talet er frekvensen noko lågare, og ligg her mellom 2500 og 3000 per million. Frå rundt 2000 byrjar frekvensen igjen å auke og går frå 2500 per million i 2000 til nesten 4000 per million i 2013.

Før 1960 har eg berre fem treff på frasen *mannlig sanger*. Etter 1960 er der treff i nesten alle år. Frekvensen er låg. Rundt 1960 ligg han rundt 3,5 per million, men mot slutten av perioden går han opp mot 5,5 per million. Det kan altså sjå ut som ein positiv tendens.

Frasen *kvinnelig sanger* har på si side sju år med treff før 1960, og også her er det treff frå dei fleste år etter 1960. Frekvensen er låg. I 1960 er han på 2 per million og mot slutten av perioden 7 per million. Tendensen verkar altså å vere positiv.

Skuespiller (V92), mannlig skuespiller (V78) og kvinnelig skuespiller (V55)

Ordet *skuespiller* har alt i alt ei positiv utvikling. Frå 1920 til 1940 endrar frekvensen seg frå 1500 til 2500 per million. Gjennom 40-, 50- og 60-talet ligg frekvensen mellom 2000 og 2500 per million. Litt utpå 70-talet er frekvensen rett under 2000 per million, og frå dette punktet byrjar bruken å ta seg kraftig opp. I 1980 ligg frekvensen på ca. 2500, i 1990 på 3000 og i 2000 på om lag 3500 per million. I åra frå 2000 til 2013 aukar frekvensen kraftig, og ordet *skuespiller* når sitt absolutte toppunkt i 2013 med ein frekvens på over 5000 per million.

Gjennom 30- og 40 talet er der nokon sporadiske år der frasen *mannlig skuespiller* dukkar opp. Frekvensen er låg og ligg på under 5 per million. Frå 1950 og vidare er det treff i nesten alle år. Frå 50- til 80-talet ligg frekvensen rundt 10 per million. Etter dette skjer der ein auke. I 1990 ligg frekvensen på ca. 25 per million, og tidleg på 2000-talet er han på nesten 40 per million. På slutten av perioden har frekvensen gått noko ned og ligg på rundt 25 per million.

Frasen *kvinnelig skuespiller* førekjem i eit fåtal av år fram til 1960. Ved alle tilfelle er frekvensen under 5 per million. Etter 1960 dukkar frasen opp i stadig fleire år, og frekvensen vert høgare og høgare. I 1980 er han på 15 per million, i 1990 på nesten 40 og litt utpå 2000-talet ligg frekvensen på omtrent 60 per million. Mot slutten av perioden går frekvensen noko ned, og han ligg på 40 per million i 2010.


Renholdsarbeider (V87)

Frå 1920 til byrjinga av 50-talet ligg frekvensen til ordet *renholdsarbeider* i området rundt 5 per million. Gjennom 60- og 70-talet er frekvensen noko høgare, og ligg på i overkant av 10 per million. Frå midten av 70-talet til midten av 80-talet er der ein tydeleg topp. Desse ti åra ligg frekvensen på rundt 35 per million. Etter dette søkk frekvensen. Frå slutten av 80-talet til 2000 ligg frekvensen på rundt 20 per million. Frå år 2000 søkk frekvensen endå meir, og han byrjar å nærme seg 10 per million i 2013.

Husholder (V21)

Gjennom 20- og 30-talet ligg frekvensen til ordet *husholder* og svingar mellom 60 og 80 per million. Når ein nærmar seg 1940, byrjar frekvensen å auke noko, og midt på 40-talet når ordet sitt absolutte toppunkt, med ein frekvens på godt over 120 per million. Frå dette toppunktet går det relativt kjapt nedover. I 1960 er frekvensen rett under 80 per million, og i 1980 rett over 20 per million. Det er ein liten topp med frekvens på rundt 20 per million midt på 90-talet, men elles ligg frekvensen på ca. 10 per million resten av perioden.


Kunstner (V29), mannlig kunstner (V69) og kvinnelig kunstner (V43)



Figur 14 Kunstner

Grafen til ordet *kunstner* viser oss at ordet har hatt tydeleg positiv utvikling. I starten av perioden ligg frekvensen på rundt 2000 per million. Det er ein kortvarig topp på ca. 3300 per million tidleg på 40-talet, men bortsett frå det aukar frekvensen stort sett jamt, og han når ca. 3000 per million i 1970. Frå dette punktet går det noko raskare oppover, og i 1980 er frekvensen litt over 3500 per million. Rett etter 1990 ligg frekvensen rundt 4500 per million, så skjer det eit lite fall mot slutten av 90-talet, og frekvensen søkk til ca. 4000 per million. Frå 2000 går frekvensen berre opp, og i 2013 ligg frekvensen på nesten 4750 per million.

Fram til 1980 er det berre nokon få sporadiske treff på frasen *mannlig kunstner*. Etter 1980 er det treff nesten kvart einaste år. Frekvensen er låg og er aldri over 3 per million.



Figur 15 Kvinnelig kunstner

Frå 1930 og til 1970 er der ein del år som har treff på frasen *kvinnelig kunstner*, men frekvensen er låg og ligg i området rundt 5 per million. Frå 1970 aukar frekvensen. I 1980 er han på 15 per million, i 1990 rundt 25 per million, og gjennom 90-talet på nesten 30 per million. Etter 2000 går frekvensen noko ned og ligg på 15 per million mot slutten av perioden.

Forfatter (V12), *mannlig forfatter* (V65) og *kvinnelig forfatter* (V39)

I 1920 ligg frekvensen til ordet *forfatter* på 3500 per million. Gjennom 20-talet aukar frekvensen, og ved starten av 30-talet har frekvensen komme opp til 5000 per million. Den første halvdel av 40-talet ligg frekvensen rundt 4500 per million. Frå siste halvdel av 40-talet og fram til 1980 ligg frekvensen og svingar rundt 5000 per million. På 80- og 90-talet er frekvensen noko høgare og ligg rundt 5500 per million, men i 2000 er frekvensen igjen på 5000 per million. Frå dette punktet går det berre opp, og i 2013 når ordet *forfatter* sitt toppunkt, med ein frekvens på over 7000 per million.

Fram til 1970 er det berre nokon få år med treff på frasen *mannlig forfatter*. Alle treffa som er, har ein låg frekvens og ligg på 3 per million eller lågare. Utover 70-talet kjem det stadig fleire år med treff, og frekvensen vert også høgare. Frasen har sitt toppunkt tidleg på 80-talet, med ein frekvens på om lag 10 per million. Etter dette går frekvensen noko ned, og han er på litt i underkant av 5 per million ved slutten av perioden.

I perioden frå 1920 til 1970 er det ein god del treff på frasen *kvinnelig forfatter*, og frekvensen ligg stort sett under 10 per million. Utover 70- og 80-talet er der ein ganske kraftig auke. Frekvensen når ca. 45 per million i 1980, og innan midten av 80-talet ligg talet

på nesten 70 per million. Etter dette går frekvensen ned resten av tida, og ved slutten av perioden ligg han på omtrent 20 per million.

Bestyrer (V3) og kvinnelig bestyrer (V33)

Tittelen *bestyrer* har sitt absolutte toppunkt midt på 20-talet, med ein frekvens på 10 000 per million. Etter toppunktet kjem der eit fall, denne nedgangen varar fram til rundt 1940, og då er frekvensen på ca. 4000 per million. Gjennom 40-, 50- og 60-talet ligg frekvensen ganske stabilt mellom 4000 og 5000 per million, om noko med ein svak negativ tendens. Frå 1970 er det tydelegare at bruken av ordet fell, og innan 1990 har frekvensen sokke til 1000 per million. Resten av perioden ligg frekvensen godt under 1000 per million.

Frekvensen til frasen *kvinnelig bestyrer* går noko opp og ned. Det er eit fåtal av år med treff før 1960, før førekomsten aukar noko gjennom 60-, 70- og 80-talet. Frekvensen er låg, og ligg heile tida under 4 per million.

Skredder (V90) og kvinnelig skredder (V54)

Det skjer lite med frekvensen til ordet *skredder* frå 1920 til slutten av 30-talet. Heile denne tida ligg frekvensen mellom 1000 og 1200 per million. Frå slutten av 30-talet til midten av 40-talet er der ein periode med noko vekst, og frekvensen når eit toppunkt på rundt 1350 per million. Etter dette fell frekvensen ganske fort. I 1950 er han på 1000 per million og i 1960 på 400 per million. Dei siste åra er prega av meir stabilitet, og gjennom 70- og 80-talet ligg frekvensen på 200 per million. Frå 90-talet flatar grafen heilt ut, og frekvensen legg seg godt under 200 per million.

Totalt er det tre år med tilfelle av frasen *kvinnelig skredder*. Dei er i 1936, 1937 og i 1961. Frekvensen er låg, og ligg på 5 per million eller lågare.


Syer (V94)

Trendlinja til ordet *syer* byrjar med eit fall frå 14 per million i 1920 til litt under 6 per million tidleg på 30-talet. Frå dette botnpunktet kjem der ein vekstperiode. Ved inngangen til 50-talet når frekvensen 22 per million, og dette er det første toppunktet. Det neste botnpunktet kjem i 1970, med ein frekvens på litt under 6 per million. Neste toppunkt kjem halvvegs utpå 80-talet, med ein frekvens på 18 per million. Litt utpå 2000-talet er frekvensen nede på 4 per million. Dei siste åra går frekvensen litt opp, og i 2013 er han på ca. 8 per million.

Arbeider (V1), mannlig arbeider (V62) og kvinnelig arbeider (V31)

Frekvensen til ordet *arbeider* endrar seg frå 18 000 per million i 1920 til litt over 22 000 per million på starten av 50-talet. Dette er den høgste registrerte frekvensen for dette ordet. Frå dette toppunktet går frekvensen noko ned, og gjennom 60-, 70- og 80-talet ligg bruken på om lag 16 000 per million. I perioden frå 1980 til 1990 søkk frekvensen frå 16 000 til 10 000 per million. Fallet fortset på 90-talet, men ikkje like raskt. Frekvensen er nede på 8000 per million i 2000, og held seg rundt dette nivået resten av perioden.

Gjennom 20-talet og byrjinga av 30-talet ligg frekvensen til *mannlig arbeider* rundt 20 per million. Dei siste åra av 30-talet byrjar frekvensen å auke. I 1950 når grafen sitt toppunkt, med ein frekvens på 140 per million. I løpet av dei neste 30 åra går frekvensen ganske jamt nedover, og i 1980 er han på litt over 10 per million. Resten av perioden held frekvensen seg under 10 per million.



Figur 16 Kvinnelig arbeider

Frå 1920 til slutten av 30-talet ligg frekvensen til *kvinnelig arbeider* rundt 30 per million. Den første halvdel av 40-talet skjer der ein tydeleg auke, og frekvensen når 500 per million i 1946. Etter dette toppunktet går bruken ned, og i 1960 er frekvensen på ca. 100 per million. I 1970 er frekvensen på om lag 50 per million. Frekvensen fortset å gå ned, og etter 1990 ligg han stabilt på under 10 per million.

Lærer (V60), mannlig lærer (V72) og kvinnelig lærer (V46)


Frekvensen til ordet *lærer* ligg på ca. 9000 per million i 1920. På 30-talet er der ein liten topp, og då ligg frekvensen på 12 000 per million. Gjennom 40-talet er frekvensen noko

lågare, og søkk til 10 500 per million. Trendlinja når toppunktet sitt mot slutten av 60-talet, med ein frekvens på 13 500 per million. Frå 1970 til 1980 fell bruken raskt, og endrar seg frå rett under 13 000 til ca. 9000 per million. *Lærer* når botnpunktet sitt tidleg på 90-talet, med ein frekvens på litt under 8000 per million. 2000-talet er prega av ein vekstperiode, og i 2013 er frekvensen på 10 500 per million.

Frå 1920 til 1950 ligg frekvensen til frasen *mannlig lærer* på 10 per million eller under. Gjennom 50-talet aukar frekvensen, og ordet når sitt toppunkt i 1963, med ein frekvens på ca. 90 per million. Etter dette toppunktet går bruken ned igjen. I 1970 er frekvensen ca. 50 per million, og i 1980 ca. 20 per million. Frå 1980 og ut perioden ligg frekvensen stort sett og svingar mellom 10 og 20 per million.

I perioden frå 1920 og til 1950 ligg frekvensen til frasen *kvinnelig lærer* rundt 10 per million. Gjennom 50- og 60-talet aukar frekvensen, og ordet når sitt toppunkt i 1967, då med ein frekvens på ca. 100 per million. Etter dette går frekvensen noko ned, og i 1980 er han på 40 per million. I 1990 ligg frekvensen på 25 per million, han går så opp til 35 per million i år 2000. Utover 2000-talet søkk frekvensen, og i slutten av perioden ligg han rundt 15 per million.

Sykepleier (V96), *mannlig sykepleier* (V57) og *kvinnelig sykepleier* (V79)




Figur 17 Sykepleier

I perioden frå 1920 til 1950 endrar frekvensen til ordet *sykepleier* seg frå 7 til 17 per million. Mot slutten av 40-talet kan ein sjå tendensar til at bruken byrjar å auke, og frå midten av 50-talet tek veksten seg veldig opp. I 1960 ligg frekvensen på litt under 700 per million.


Gjennom 60-talet skjer det store endringar, og innan 1970 er frekvensen oppe på nesten 3000

per million. På 70- og 80 talet svingar frekvensen i området rundt 3500 per million. Grafens toppunkt kjem på slutten av 90-talet, med ein frekvens på rundt 4400 per million. Etter dette søkk frekvensen, og ved slutten av perioden ligg han rundt 2700 per million.



Figur 18 Mannlig sykepleier

Det første tilfellet av frasen *mannlig sykepleier* er i 1936. Fram til 50-talet er der nokon sporadiske treff, med ein frekvens mellom 6 og 8 per million. Utover 50-talet kjem treffa hyppigare, og i 1960 har frekvensen auka til ca. 10 per million. Trendlinja har sitt toppunkt rundt 1970, med ein frekvens på ca. 25 per million. Etter dette går frekvensen ned, og i 1980 er han nede på 10 per million. Resten av perioden svingar frekvensen mellom 6 og 10 per million.



Figur 19 Kvinnelig sykepleier

Dei første to tilfella av frasen *kvinnelig sykepleier* er på 30-talet. Etter dette er det ein periode utan resultat, før frasen igjen dukkar opp på 50-talet. Frå 50-talet og til rundt 1980 endrar frekvensen seg frå ca. 3 per million til 16 per million. Etter dette går han noko ned, og i 1990 ligg frekvensen rundt 9 per million. Mot 2000 kjem der ein ny topp, med frekvens på rundt 15 per million. I løpet av 2000-talet søkk frekvensen, og han ligg på ca. 5 per million i slutten av perioden.

Leder (V58), *mannlig leder* (V70) og *kvinnelig leder* (V44)

Bruken av ordet *leder* går utelukkande gjennom ei positiv endring. Frå 1920 til slutten av 70-talet endrar frekvensen seg frå ca. 4500 per million til i overkant av 15 000 per million. Frå slutten av 70-talet byrjar bruken å vekse raskare. I 1990 er frekvensen oppe på nesten 30 000 per million. Den kraftige veksten slakkar litt av utover 90- og 2000-talet, men frekvensen vert stadig høgre, og innan 2013 er han oppe på litt over 35 000 per million.

Det første tilfellet av frasen *mannlig leder* er i 1946. Fram til 1980 held frekvensen seg under 4 per million. I perioden etter 1980 aukar frekvensen noko, og han når sitt toppunkt i 2002 med ein frekvens på 15 per million. Frekvensen går så noko ned, og ligg rundt 9 per million mot slutten av perioden.

Frasen *kvinnelig leder* dukkar for første gong opp på 30-talet. Fram til 1976 held frekvensen seg under 10 per million. Utover 80-talet skjer der ein tydeleg auke, og i 1990 er frekvensen på 90 per million. Frasen har sitt toppunkt i 1999, med ein frekvens på ca. 120 per million. Utover 2000-talet går frekvensen noko ned, og ved slutten av perioden er han på rundt 70 per million.

6.6.2 Suffikset -ist

Kontorist (V27), *mannlig kontorist* (V68) og *kvinnelig kontorist* (V43)

Grafen til ordet *kontorist* viser oss at bruken i perioden frå 1920 og til midt på 50-talet hadde ein svak nedgang, frå 1000 til rundt 800 per million. Etter midten av 50-talet er der ein ganske lang periode med kraftig fall. I 1960 er frekvensen på ca. 600 per million, og i 1970 er talet rundt 350 million. Midt på 80-talet når ordet *kontorist* ein frekvens på rundt 30 per million, og her blir han liggjande resten av perioden.

Totalt er det 11 år som har frasen *mannlig kontorist* i materialet. Det første er 1934, og dei resterande fordeler seg på tida frå 1945 til 1976. Frekvensen er dalande gjennom perioden, med eit toppunkt i 1945 på litt over 7 per million.

Frasen *kvinnelig kontorist* har eit par treff i tiåret frå 1920 og til 1940. Gjennom 40- og 50-talet er det nokon fleire. Etter 1960 er der omtrent eit år med treff per tiår. Frekvensen er dalande gjennom heile perioden. I 1920 ligg frekvensen rundt 9 per million, på 40- og 50-talet ligg han og svingar mellom 4 og 5 per million, og siste registrerte treff er på 2 per million.

Pianist (V80), *mannlig pianist* (V73) og *kvinnelig pianist* (V48)

Ordet *pianist* har ein svakt positiv tendens i perioden frå 1920 til byrjinga av 60-talet, og endrar seg frå 900 til ca. 1000 per million i 1960. Etter dette kjem der ein periode med kraftig vekst, og *pianist* når sitt toppunkt tidleg på 70-talet, med ein frekvens på 1800 per million. Gjennom 70-, 80- og 90-talet går frekvensen tydeleg ned, og innan 2000 er han nede på 800 per million. Resten av perioden ligg frekvensen og svingar mellom 800 og 900 per million.

Gjennom perioden som vert undersøkt, dukkar frasen *mannlig pianist* opp i fem ulike år: 1985, 1987, 1988, 1991 og 1996. Frekvensen er veldig låg, den høgste registrerte er på i overkant av 1 per million.

Det er to tilfelle av frasen *kvinnelig pianist* på 50-talet. Etter det dukkar ikkje frasen opp igjen før på 70-talet. Frekvensen er svært låg, og med ein negativ tendens. Midt på 70-talet ligg han på 4 per million, og mot slutten av perioden er han på under 1 per million. Det er heile perioden snakk om treff på enkeltår, og det er aldri nokon samanhengande trendlinje.

6.6.3 Suffikset -tør

Ekspeditør (V11), *mannlig ekspeditør* (V64) og *kvinnelig ekspeditør* (V38) ¹³

Dei første tjue åra er utviklinga til ordet *ekspeditør* prega av ein svak negativ tendens. Frekvensen endrar seg frå 1000 per million i 1920 til nesten 830 per million i 1940. Frå 1940 er det ein ganske bra vekst i bruk, og grafen når sitt toppunkt midt på 50-talet, då med ein frekvens på 1800 per million. Etter dette toppunktet går frekvensen noko ned, og ligg på 1400 per million gjennom 60-talet. I løpet av 70-talet søkk frekvensen endå meir, og i 1980 er han på 480 per million. Utover 90-talet ligg frekvensen på 20 per million, og etter år 2000 ligg han litt over 10 per million.

Det første treffet på frasen *mannlig ekspeditør* er i 1947. Fram til 1970 ligg frekvensen og svingar mellom 2 og 2,5 per million. Midt på 70-talet kjem grafen sitt toppunkt, med ein

¹³ I etterkant har eg oppdaga at forma *expeditør* ikkje var komen med i søkeuttrykket. Dette vil særleg påverke frekvensen frå dei tidlegaste åra.

frekvens på 3,5 per million. Midt på 70-talet er også den einaste perioden ein kan sjå ein kort samanhengande trendlinje, resten av perioden er det tale om enkeltstående år med treff. I dei treffa som er utover 80- og 90-talet, ligg frekvensen mellom 1 og 1,5 per million, og etter 2000 ligg han under 1 per million.

Frasen *kvinnelig ekspeditør* dukkar for første gong opp i 1938. Fram til 70-talet er det snakk om enkeltstående år med treff, og frekvensen ligg i områder rundt 2 til 3 per million. Frå midten av 70-talet og til litt forbi 2000 kjem det til syne ein samanhengande trendlinje. Ser ein på frekvensen er det ein topp på 70-talet med frekvens på 4 per million, men på byrjinga av 80-talet er han igjen nede på 2 per million. 80- og 90-talet er prega av vekst, og grafen når sitt toppunkt rundt år 2000, då med ein frekvens på 8 per million. 2000-talet er prega av nedgang, og ved slutten av perioden ligg frekvensen litt over 2 per million.

6.7 Ord utan motstykke

Dette delkapittelet har eg valt å kalle «Ord utan motstykke». Med ord una motstykke meiner eg ord som berre har ein variant. I motsetnad til titlar som kan ha både feminine og maskuline variantar gjennom til dømes etterledda *-mann/-dame* eller suffiksa *-tør/-trise*, har desse orda ein form. Det maskuline etterleddet *-betjent* har til dømes ikkje ein tydeleg feminin motpart, og tilsvarande har ikkje det feminine etterleddet *-hjelp* noko maskulint motstykke.

Lege (V59), *mannlig lege* (V71) og *kvinnelig lege* (V45)

Frå 1920 til midten av 30-talet aukar bruken av ordet *lege* merkbart, og i dette tidsrommet endrar frekvensen seg frå rundt 5000 til 8000 per million. Frekvensen går så noko ned, og innan midten av 40-talet ligg han på litt over 6000 per million. Dei neste åra går frekvensen noko opp, og frå midten av 50-talet til slutten av 70-talet ligg han og svingar mellom 7500 og 8000 per million. 80-talet er prega av eit lite fall, og i 1990 er frekvensen ca. 7300 per million. Frekvensen aukar så, og grafen når sitt toppunkt midt på 90-taler, med ein frekvens på ca. 8300 per million. Tidleg på 2000-talet har frekvensen gått ned til 6500 per million, men i 2013 er han igjen på litt over 8000 per million.


Frå 1934 til 1960 dukkar frasen *mannlig lege* opp i fire ulike år. Det er seks tilfelle på 60-talet og åtte på 70-talet. Frå 1980 til 2010 er frasen i bruk i alle år, i denne perioden er det altså tale om ein samanhengande trendlinje. Frekvensen er låg, men ein kan sjå ein positiv tendens. På 60-talet ligg frekvensen stort sett mellom 4 og 5 per million, og innan 1980 er han på ca. 8 per million. Veksten fortset gjennom 80-talet, og i 1990 er frekvensen på 11 per million. På

90-talet ligg frekvensen og svingar mellom 12 og 14 per million, og frå år 2000 svingar han mellom 9 og 13 per million.

Frå 1920 og til midten av 30-talet har frasen *kvinnelig lege* ein tydeleg vekst, og frekvensen aukar frå 10 til 50 per million. 20-talet har berre enkeltstående år med treff, men frå 30-talet er det ein samanhengande trendlinje heilt til slutten av 2000-talet. Gjennom 40- og 50-talet svingar frekvensen mellom 30 og 50 per million. Mot slutten av 60-talet søkk frekvensen, og frå 1970 til 1990 ligg han mellom 20 og 30 per million. Det skjer så ein tydeleg auke, og midt på 90-talet når grafen sitt toppunkt, med ein frekvens på 80 per million. Mot 2000 er der ein nedgang, og på slutten av perioden ligg frekvensen rundt 30 per million.

Prest (V86), *mannlig prest* (V76) og *kvinnelig prest* (V51)


I perioden frå 1920 til 1930 aukar frekvensen til ordet *prest* frå 4500 til 7000 per million. Etter dette fell bruken noko, og mot slutten av 40-talet ligg frekvensen 5500 per million. Mot slutten av 50-talet har frekvensen gått noko opp igjen, og ligg på 6800 per million. Etter denne vesle toppen er der ein lang periode med nedgang. I 1970 er frekvensen på 5000 per million, og når ein når 1990, er frekvensen nede på nesten 3000 per million. Tidleg på 2000-talet ligg frekvensen rundt 2500 per million, men mot slutten av perioden har han auka til ca. 3000 per million.



Figur 20 Mannlig prest

Fram til 1950 er det fire år der frasen *mannlig prest* finst i materialet. Desse fire åra ligg frekvensen stort sett på 4 per million. Frå 50-talet og utover kjem der stadig fleire treff på frasen. Gjennom 50-taler aukar frekvensen, og i 1962 når frasen sitt absolutte toppunkt med ein frekvens på 19 per million. På 60-talet går frekvensen ned, og ligg på ca. 3 per million i

1968. 70-taler er prega av litt vekst, og mellom 1980 og 1990 ligg frekvensen mellom 6 og 8 per million. 90-talet er prega av nedgang, og frekvensen søkk frå 6 per million i 1990 til 2,5 per million i 1999. Åra etter 2000 ligg frekvensen mellom 2 og 3 per million.



Figur 21 Kvinnelig prest

I perioden frå 1920 og til 1930 aukar frekvensen til frasen *kvinnelig prest* frå ca. 10 til ca. 50 per million. Utover 30-talet går frekvensen noko opp, og på slutten av 30-talet er der ein liten topp, med frekvens på 160 per million. Frekvensen går så noko ned, og ligg i underkant av 30 per million i 1944. 50-talet er prega av kraftig vekst, og grafen når sitt toppunkt rundt 1960, med ein frekvens på nesten 290 per million. I løpet av 60-talet søkk frekvensen, og han ligg rundt 65 tidleg på 70-talet. Gjennom 70-talet aukar frekvensen, og til tidleg på 90-talet ligg frekvensen i området rundt 150 per million. Frå 90-talet av går frekvensen ned, og han ligg rundt 50 per million på slutten av perioden.

Politikonstabel (V83), *mannlig politikonstabel* (V75) og *kvinnelig politikonstabel* (V50)¹⁴

Frå 1920 til midt på 40-talet går ordet *politikonstabel* gjennom ein periode med vekst. Denne perioden endrar frekvensen seg frå ca. 250 til nesten 760 per million. Etter dette er der ein periode med nedgang som varar til 1980. Nedgangen går ganske kjapt. I 1950 er frekvensen på 550 per million, i 1970 nesten 300 per million, og i 1980 er talet nede på 70 per million.

14 Etymologisk kjem ordet *konstabel* via tysk frå mellomalderlatin *constabularius* som kan tyde «stallbror» eller «teltbror». Det er ein maskulin avleidd stamme, og det er altså ikkje nokon del av betydning 'bror'. Eg reknar ordet for å vere tilnærma kjønnsnøytralt i dag. Korkje NAOB eller Bokmålsordboka nemnar noko om kjønn.

Frå 1980 til 2000 ligg frekvensen i området rundt 120 per million. Frekvensen søkk så, og ved slutten av perioden ligg han rundt 30 per million.

Frasen *mannlig politikonstabel* dukkar opp ved to høve, i 2000 og i 2004. Frekvensen er veldig låg, og den høgste verdien er i 2000, med rundt 1 per million.


Kvinnelig politikonstabel har sine første treff på 30-talet. Etter dette har frasa regelmessige førekomstar resten av perioden. Frekvensen er ganske låg, og ligg stort sett i området frå 15 per million til under 1 per million. Om noko kan det kanskje sjå ut som om frekvensen har eit lite oppsving rundt 60-talet, og eit på 90-talet.

Brannkonstabel (V5) og kvinnelig brannkonstabel (V34)

Dei tjue åra frå 1920 til 1940 ligg frekvensen til ordet *brannkonstabel* og svingar mellom 60 og 70 per million. Etter dette aukar frekvensen noko, og gjennom 40- og nesten heile 50-talet fluktuerer frekvensen mellom en frekvens på 80 og 90 per million. På slutten av 50-talet byrjar frekvensen å falle, og innan 1960 er han nede på 70 per million. I 1970 ligg frekvensen på nesten 40 per million. Gjennom 70-, 80- og 90-talet ligg frekvensen i området rundt 30 til 40 per million. Mot slutten av 2000-talet går frekvensen litt opp igjen, og i 2013 er han nesten på 50 per million.

Totalt er det 16 år med treff på frasen *kvinnelig brannkonstabel*. Desse 16 åra fordeler seg på perioden frå 1979 til 2010. Dei første sju treffa har ein frekvens på mellom 3 og 1 per million, dei resterande har alle ein frekvens på under 1 per million.

Butikkbetjent (V7)



Figur 22 Butikkbetjent

Frå 1920 til om lag 1940 aukar frekvensen til ordet *butikkbetjent* frå 10 til 20 per million. Gjennom 40-talet fortset auken, men han går mykje raskare enn tidlegare. Grafen når toppunktet sitt tidleg på 60-talet, med ein frekvens på nesten 70 per million. Etter denne toppen kjem der eit ganske kraftig fall. I 1960 er frekvensen nede på 40 per million, og i 1970 er han på 20 per million. I 1980 er frekvensen 5 per million, og resten av perioden ligg han mellom 2 og 3 per million.


Politibetjent (V82), *mannlig politibetjent* (V75) og *kvinnelig politibetjent* (V49)

Frå 1920 til tidleg på 30-talet aukar frekvensen til ordet *politibetjent* frå 830 per million til 1100 per million, noko som er grafens høgdepunkt. Frå høgdepunktet går det kjapt ned, i 1940 ligg frekvensen på 660, og i 1950 er bruken rundt 470 per million. Resten av perioden svingar frekvensen noko. Midt på 50-talet er frekvensen litt over 500 per million, i 1970 ligg han på 400 per million og i 1980 620 per million. Rett før 1990 er frekvensen igjen nede på 400 per million, men gjennom 90-talet held frekvensen seg på 500 per million. Utover 2000-talet aukar frekvensen til 600 per million, men innan slutten av perioden er han nede på 500 per million.

Totalt er der 15 år med treff på frasen *mannlig politibetjent*. Dei 15 åra ligg mellom 1983 og 2010. Frekvensen varierer litt, men ligg mellom 1 og 2 per million.

Det første året med treff på frasen *kvinnelig politibetjent* er i 1931, og har ein frekvens på 19 per million. Med unntak av ein kort periode på 50-talet, er det tale om enkeltståande år med treff heilt fram til 1980. Etter 1980 er der ein samanhengande trendlinje heilt til slutten av 2000-talet. Ser ein på frekvensen er han på 2 per million i 1970. Frekvensen går så noko opp, og ligg på 6 per million i 1990. Veksten fortset, og grafen når sitt toppunkt i 1995, med ein frekvens på 23 per million. Frekvensen går så noko ned, og ligg på 10 per million ved slutten av perioden.

Vaskehjelp (V100)



Figur 23 Vaskehjelp

I perioden frå 1920 til slutten av 30-talet ligg frekvensen til ordet *vaskehjelp* rundt 10 per million. Mot 40-talet byrjar frekvensen å auke, og i 1940 er frekvensen 50 per million. Midt på 40-talet kjem det ein liten topp, med frekvens på litt over 150 per million. Frekvensen går så litt ned og ligg på 120 per million i starten av 50-talet. 50- og 60-talet er prega av vekst, og det er ein ny topp i 1970, då med ein frekvens på 270 per million. Dei følgjande ti åra går frekvensen nedover, og i 1980 er han på 150 per million. Frå dette tidspunktet av går frekvensen omtrent berre opp. I 2000 er han på 230 per million, og i 2013 på 280 per million.

7 Ulike utviklingstrender

7.1 Innleiing

Eit av føremåla med dette masterprosjektet er å kunne seie noko overordna om utviklingstrender og tendensar. For å få til dette vil eg her gjere eit forsøk på å sortere dei ulike orda og frasane etter utviklingstrend. Hensikta med dette er å betre kunne sjå dei ulike trendlinjene opp mot kvarandre. Kva likskapar og skilnadar er der, og er det mogleg å trekkje nokon overordna linjer?

For å sortere dei ulike grafane har eg nytta meg av ein heuristisk metode. Eg har gjort ei sortering ut ifrå visuell likskap. Ut ifrå utsjånaden til kvar enkelt graf kopla eg han saman med andre eg tykte han hadde likskapar med. Reint praktisk vart dette gjennomført ved at eg tok utskrifter av alle grafane, la dei på eit bord og grupperte saman dei eg tykte var like.

Dette er ein effektiv metode, men han har sine klårt svake sider. Når ein arbeider på denne måten, er det ingen garanti for at dei eg har gruppert saman, faktisk er dei som er likast. Det er lett for at det oppstår ei form for bias, altså at dei vala og vurderingane eg gjer, avvik frå det som faktisk er tilfelle. Eit døme på dette kan vere at eg ser tendensar som eigentleg ikkje er der fordi eg vil at grafen skal passe betre inn i ei overordna gruppe.

Ei slik subjektiv gruppering vil ha ein påverknad på reliabiliteten. Om andre menneske enn meg skulle oppfatta, vurdert og plassert dei same grafane, så er det ikkje sikkert at resultatet hadde blitt det same. Kvar enkelt har ulike oppfatningar og perspektiv, og bakgrunnen til den enkelte kan vere med på å påverke korleis ein vurderer og grupperer (Grønmo, 2016, s. 220-222). Det er nokon moglege måtar å redusere dette problemet på. I dette tilfellet her vil truleg det viktigaste vere å gjere prosessen bak plasseringa i dei ulike gruppene så tydeleg som mogleg. Dette fordi ei presis og tydeleg utforming og forklaring av gruppene kan vere med på å gje ein meir eintydig forståing og plassering (Grønmo, 2016, s. 220).

Det er mogleg å nytte seg av statistiske metodar for å få meir objektive grupperingar. Ei meir statistisk undersøking vil også kunne finne andre likskapar enn dei eg har funne. Eg vurderte det likevel dit at ut ifrå eigne evner, kunnskap og tid til rådighet, så var ei visuell sortering det mest hensiktsmessige. For menneske utan statistisk kunnskap vil ei visuell sortering truleg også vere meir forståeleg. Ein treng ikkje sette seg inn i formlar og tal for å forstå kva som er blitt gjort. Ei visuell sortering er med dette noko som kan vere med på å gjere funna noko meir tilgjengelege for folk flest.

7.2 Dei ulike grupperingane

Etter å ha gjennomgått alle resultata enda eg til slutt opp med seks ulike grupperingar. Kvar av desse gruppene representerer ulike utviklingstendar. Gruppene er gjeve namn etter det eg ser på som det mest markante trekket ved kvar enkelt av dei. Den endelege gruppedelinga består av følgjande seks grupperingar: «Opp», «Fjell», «Ned», «Stabil», «Raritet» og «Rest».

Nokon av trendlinjene har eigenskapar som gjer at dei kan passe i fleire av gruppene. Ein må difor ikkje sjå på denne inndelinga som noko fast og endeleg, men som eit av fleire moglege forslag.

I gjennomgangen som følger, skal eg presentere dei ulike grupperingane. Eg vil gje ei kort skildring av kva som kjenneteiknar gruppa som heilskap, og presentere kva ord og frasar som er plassert i kvar enkelt gruppe.

Ein kan seie mykje om resultata. For å avgrense oppgåva noko kjem eg under kvar hovudgruppe berre til å trekke fram enkelte observasjonar og tendensar. Nokon av dei kjem til å dreie seg om fellestrekk innanfor dei ulike ordgruppene (t.d. ord med mannleg etterledd) andre om tendensar som går på tvers av dei ulike ordgruppene.


7.2.1 Opp

Det alle trendlinjene som er plassert i gruppa «Opp» har til felles, er at frekvensen er høgare ved slutt enn ved start. Det er altså snakk om ord og frasar som har ein auke i bruk. Nøyaktig korleis og når auken skjer, varierer ein del frå trendlinje til trendlinje. Nokon har ein ganske jamn auke heile tida, andre veks i rykk og napp, andre igjen ligg stabilt lenge før frekvensen plutselig skyt i veret. Orda og frasane som er plassert i denne gruppa, er vist i tabell 5.


Tabell 5 Ord og frasar i grupperinga "Opp"

Kvinnelig-frase	Mannlig-frase	Feminint etterledd	Feminint suffiks	Maskulint etterledd	Maskulint suffiks	Ord utan motstykke
<i>kvinnelig leder</i>	<i>mannlig leder</i>	<i>politikvinne</i>		<i>brannmann</i>	<i>sykepleier</i>	<i>vaskehjelp</i>
<i>kvinnelig skuespiller</i>	<i>mannlig skuespiller</i>	<i>vaskedame</i>		<i>politimann</i>	<i>skuespiller</i>	
<i>kvinnelig kunstner</i>		<i>forretningskvinne</i>			<i>forfatter</i>	
		<i>helsesøster</i>			<i>kunstner</i>	
					<i>leder</i>	

Ut frå tabell 5 kan ein sjå at det er flest ord med mannlege suffiks med fem tilfelle, kvinnelege etterledd har fire, frasar med *kvinnelig* tre, og til slutt to frasar med *mannlig* og ord med mannleg etterledd. Det er ingen ord med kvinneleg suffiks i denne gruppa. Blant frasane er det substantiv med mannleg suffiks som er representert.




Figur 24 Leder. Døme på stigande frekvens



Figur 25 Skuespiller. Døme på stigande frekvens

Om ein ser på figur 24 *leder* og figur 25 *kunstner*, er dei døme på ord som har ei jamn stigning. Det er ord og frasar som har ein konstant auke gjennom heile perioden. Dei vert stadig meir brukt. Ein slik konstant vekst er ikkje tilfelle for alle orda i denne gruppa.

Nokon ord og frasar har lenge ein låg frekvens, før han går inn i ein kraftig vekstperiode og plutsleg aukar. Ei av trendlinjene som passar inn i ei slik skildring, er den til frasen *kvinnelig leder*. Som ein kan sjå ut frå figur 26 ligg frekvensen ganske stabilt fram til rundt 1975, så byrjar veksten. Denne same tendensen kan ein sjå fleire stadar. I tillegg til *kvinnelig leder* er dette trekket mest tydeleg ved titlane *vaskedame*, *sykepleier* og *politikvinne* pluss i frasen *kvinnelig skuespiller*.



Figur 26 Kvinnelig leder- Døme på stigning med plutsleg auke

Veksten til ordet *sykepleier* byrjar så smått på 40-talet, og tek seg veldig opp frå midten av 50-talet. Den kraftige veksten avtek noko etter 1975, men frekvensen held fram å auke heilt til slutten av 90-talet. Det er litt vanskelegare å tolke ordet *vaskedame*, men det er tydeleg at veksten byrjar for fullt mot 80-talet, for så å auke resten av perioden. Ordet *politikvinne* byrjar å auke i frekvens på 70-talet, men skyt i veret rundt 1980 og avtek litt før 2000. Vekstperioden til frasen *kvinnelig skuespiller* startar rundt 1970 og held fram til litt etter 2000. Frasen *kvinnelig leder* byrjar så smått å auke rundt 1970, men den kraftige veksten kjem ikkje før mot slutten av 70-talet. Frekvensen aukar heilt til rundt 2000.



Med unntak av ordet *sykepleier* kan det sjå ut som om tida rundt 1970 og 1980 er ein fellesnemnar for når dei kraftige vekstperiodane byrjar. Tilsvarande kan det sjå ut som om tida rundt 90- og 00-talet går igjen for når den kraftige vekstperioden avtek.

I gruppa «Opp» er det flest tilfelle av ord med maskulint suffiks, totalt fem. Desse fem utviklar seg på litt ulike måtar. Orda *leder*, *kunstner* og *sykepleier* har eg allereie omtala. *Leder* og *kunstner* har ei ganske jamn stigning gjennom heile perioden, medan *sykepleier* ligg lågt og stabilt før frekvensen plutselig skyt i veret. Ordet *skuespiller* veks litt dei første femten åra, men ligg så stabilt ein lang periode før veksten aukar frå 70-talet igjen. Ser ein på ordet *forfatter*, så er veksten svak gjennom nesten heile perioden, før han tek seg opp frå rundt 2000. Utviklinga til dei ulike orda er med andre ord ganske forskjellig. Med unntak av at dei alle har ein stigande frekvens, kjem der altså ikkje fram noko veldig tydeleg mønster.

Det er fire ord med kvinneleg etterledd som er plassert i denne hovudgruppa. Orda *politikvinne* og *vaskedame* er allereie omtalt. Dei er av dei som lenge har ein jamn frekvens før han aukar kraftig rundt 70- og 80-talet. Om ein ser på ordet *helsesøster*, så har det ei ganske konsistent stigning. Skulle ein trekkje fram noko, er det at stigninga er på sitt kraftigaste fram til om lag 1955. Vender ein blikket mot ordet *forretningskvinne*, så er den overordna stigninga på sitt svakaste fram til om lag 1975. Frå det tidspunktet kan ein sjå at frekvensen aukar i eit mykje raskare tempo. Ser ein desse fire orda under eitt, kan det sjå ut som om 70- og 80-talet går igjen som eit felles startpunkt for kraftig stigning. Utvalet er likevel så lite at det er vanskeleg å seie om dette er tilfeldig eller ikkje.

7.2.2 Fjell

Det som kjenneteiknar medlemmane i gruppa «Fjell», er at trendlinja kan minne om nettopp eit fjell. Dei har alle det til felles at der er ei stigning som er følgd av ein nedgang. Trendlinja har med andre ord ein spiss formasjon som kan likne noko på eit fjell. Nokon av desse fjella er spisse, andre er meir stumpe. Enkelte av fjella har veldig glatte fjellsider, andre er meir hakkete eller med andre små toppar. Breidda, altså tidsperioden fjella strekkjer seg over, varierer frå berre eit par år til periodar på fleire tiår. Start- og slutfrekvensen er i dei fleste tilfella ganske lik.



Figur 27 Mannlig lærer og pianist. Illustrasjoner av fjellformasjon

I dei to døma vist i figur 27 er fjellformasjonane gjort tydelege gjennom to sirkelar.

Dei orda og frasane som er plassert i denne gruppa, er vist i tabell 6.

Tabell 6 Ord og frasar i grupperinga «Fjell»

Kvinnelig-frase	Mannlig-frase	Feminint etterledd	Feminint suffiks	Maskulint etterledd	Maskulint suffiks	Ord utan motstykke
<i>Kvinnelig prest</i>	<i>Mannlig lærer</i>	<i>Yrkeskvinne</i>	<i>Ekspeditrise</i>	<i>Butikkmann</i>	<i>Pianist</i>	<i>Butikkbetjent</i>
<i>Kvinnelig lærer</i>	<i>Mannlig arbeider</i>	<i>Sykesøster</i>	<i>Syerske</i>			
<i>Kvinnelig arbeider</i>	<i>Mannlig sykepleier</i>	<i>Butikkdame</i>				
<i>Kvinnelig formann</i>		<i>Forkvinne</i>				
<i>Kvinnelig forfatter</i>		<i>Husmor</i>				
<i>Kvinnelig sykepleier</i>		<i>Kontordame</i>				


Av tabell 6 kan ein sjå at det totalt sett er ei god blanding mellom frasar (9 stk.) og enkeltståande ord (11 stk.) i denne gruppa. Det er særleg mange frasar med adjektivet *kvinnelig* og ord med kvinneleg etterledd (seks i kvar av kategoriane).

Noko av det som kan seiast å kjenneteikne orda og frasane i denne gruppa, er at dei har hatt ei stordomstid. Dei har hatt ein periode der dei har vore klårt meir nytta enn tidlegare, men bruken har ikkje halde seg. Slik eg der det, er det særleg desse periodane med stordomstid som kan gje oss ny og nyttig kunnskap og innsikt. Dei kan fortelje oss noko om kva type ord og frasar som var mest nytta når. Ut frå dette kan ein trekkje linjer til samfunnsutvikling, historie og språkdebatt.

Av den grunn er det særleg tre punkt på desse trendlinjene som er verd å kommentere nærare. Den første foten av fjellet (når veksten byrjar), når toppunktet inntreff, og den andre foten av fjellet (når frekvensen har sokke og er nede igjen).

Fordi det er ord med kvinneleg etterledd og frasar med adjektivet *kvinnelig* som dominerer i denne gruppa, har eg valt å sjå noko nærare på desse.

Figur 28 viser ein dei log-transformert trendlinjene til orda *butikkdame*, *forkvinne*, *husmor*, *kontordame*, *yrkeskvinne* og *sykesøster*. Grafen under er eit resultat av samanslåinga av fleire tidsseriar/trendlinjer der frekvensdata er log-transformert. Resultatet er ein graf der dei relative endringane vert tydeleggjort betre på tvers av tidsseriane.



Figur 28 Log-transformert tidsserie av utvalde ord

I dette tilfellet kan ein sjå at der er fleire likskapar i utviklinga til desse yrkestitlane. Dei startar alle med ein periode med litt vekst, når eit toppunkt, og går så ned. Noko av det ein kan merke seg er at med unntak av *forkvinne*, så når alle toppen ein gong rundt 50- og 60-talet.¹⁵ I figuren er denne perioden merka med ein blå firkant. *Forkvinne* har sin vekstperiode og topp noko seinare. Toppunktet til *forkvinne* er markert med pilen i figuren.

Ser ein på frasane med adjektivet *kvinnelig*, som her er vist i tabell 7, så er dei ulike fjella meir spreidd utover tidslinja.

Tabell 7 Toppunktet til fjellformasjonen til frasar med adjektivet *kvinnelig*

Frase	Toppunkt
<i>Kvinnelig arbeider</i>	Ca. 1945
<i>Kvinnelig prest</i>	Ca. 1960
<i>Kvinnelig lærer</i>	Ca. 1965
<i>Kvinnelig sykepleier</i>	Ca. 1980
<i>Kvinnelig formann</i>	Ca. 1980
<i>Kvinnelig forfatter</i>	Ca. 1985


Ein kan merke seg at frasane med adjektivet *kvinnelig* når sine toppar ein del seinare enn orda med kvinneleg etterledd. Fleire av frasane har også det ved seg at fallet ikkje går rett ned, men at trendlinja flatar meir ut. Nokon av frasane har også andre og mindre toppar i tillegg.

Adjektivet i desse frasane markerer for hokjønn, men om ein ser på substantivet i frasane, er det eitt med mannleg etterledd, dei resterande har eit mannleg suffiks. I alle desse frasane med *kvinnelig* er det med andre ord tale om samansetninga kvinne + mann. Ein nyttar altså adjektivet for å tydeleggjere at sjølv om det er mannlege suffiks og etterledd, så er det i desse tilfella snakk om ei kvinne.


¹⁵ Denne perioden vert noko meir omtala i delkapittel 8.2.

7.2.3 Ned

Trendlinjene som er plassert i gruppa «Ned», har det til felles at frekvensen er lågare ved slutt enn ved start. Her er det altså tale om ord som søkk i frekvens, dei vert mindre og mindre brukt utover perioden. Når og korleis dei ulike orda og frasane søkk i frekvens, varierer. Det er nokon som fell jamt gjennom heile perioden, her eksemplifisert i figur 29 *Kvinnelig kjøpmann*. Andre fell i periodar eller har kortare periodar med stigning, som vist i figur 30 *Sykepleierske*.



Figur 29 Kvinnelig kjøpmann. Døme på gradvis søkkande frekvens



Figur 30 Sykepleierske. Døme på søkkande frekvens, men med ein periode med vekst

Orda og frasane som er plassert i denne gruppa, er her presentert i tabell 8:

Tabell 8 Ord og frasar i grupperinga «Ned»

Kvinnelig-frase	Mannlig-frase	Feminint etterledd	Feminint suffiks	Maskulint etterledd	Maskulint suffiks	Ord utan motstykke
<i>kvinnelig kjøpmann</i>		<i>vaskekone</i>	<i>kunstnerinne</i>	<i>kjøpmann</i>	<i>kontorist</i>	<i>politibetjent</i>
			<i>sykepleierske</i>	<i>kontormann</i>	<i>bestyrer</i>	<i>politikonstabel</i>
			<i>bestyrerinne</i>	<i>forretningsmann</i>	<i>arbeider</i>	<i>brannkonstabel</i>
			<i>arbeiderske</i>	<i>formann</i>	<i>ekspeditør</i>	<i>prest</i>
			<i>lærerinne</i>		<i>husholder</i>	
			<i>pianistinne</i>		<i>skredder</i>	
			<i>forfatterinne</i>			
			<i>sangerinne</i>			
			<i>skuespillerinne</i>			
			<i>husholderske</i>			

Nokon av desse orda har som nemnt ein eller fleire periodar med stigning. Fleire av desse har likskapar med trendlinjene i gruppa «Fjell». Dette gjeld til dømes orda *arbeiderske*, *bestyrerinne*, *ekspeditør* og *sykepleierske*. Det som var utslagsgjevande for at desse orda likevel var plassert i «ned», er at nedgangen dominerer noko meir enn fjellformasjonen, og at det var ein tydeleg skilnad mellom start- og slutfrekvens.

På same måte er det ord frå «Fjell» som også kunne vore plassert her i «Ned», til dømes *husmor* og *syerske*. Desse er plassert i «Fjell» fordi eg tykkjer fjellformasjonen dominerer trendlinja noko meir enn nedgangen.

Eit fellestrekk ved fleire av medlemmane i denne gruppa er at trendlinja flatar veldig ut på slutten. Det skjer eit tydeleg fall, men så stabiliserer frekvensen seg på eit lågt nivå. Orda forsvinn ikkje heilt, men det vert etter kvart tale om svært avgrensa bruk. Særskilt gjeld dette dei 13 orda *sykepleierske*, *pianistinne*, *lærerinne*, *husholderske*, *ekspeditør*, *kontorist*, *bestyrer*, *kjøpmann*, *kontormann*, *vaskekone*, *kunstnerinne*, *arbeiderske* og *bestyrerinne*.

Denne gruppa med ord har altså sju tilfelle av kvinneleg suffiks, tre tilfelle av mannleg suffiks, to tilfelle av mannleg etterledd og eitt tilfelle av kvinneleg etterledd.

I tabell 9 er desse orda ført opp med eit tidspunkt som kan seiast å vere toppunktet som innleiar fallet, og tidspunktet der trendlinja kan seiast å flate ut.

Tabell 9 Oversikt over tidspunkt for toppunkt og utflating hos ord der frekvensen fell, for så å stabilisere seg

Ord	Toppunkt/fall startar	Flatar ut
<i>Sykepleierske</i>	Ca. 1945	Ca. 1980
<i>Pianistinne</i>	Ca. 1970	Ca. 1985
<i>Lærerinne</i>	Ca. 1955	Ca. 1980
<i>Husholderske</i>	Ca. 1945	Ca. 1980
<i>Arbeiderske</i>	Ca. 1945	Ca. 1975
<i>Bestyrerinne</i>	Ca. 1945	Ca. 1985
<i>Kunstnerinne</i>	Ca. 1930	Ca. 2000
<i>Vaskekone</i>	Ca. 1945	Ca. 1970
<i>Ekspeditør</i>	Ca. 1950	Ca. 1990
<i>Kontorist</i>	Ca. 1950	Ca. 1985
<i>Bestyrer</i>	Ca. 1925	Ca. 1990
<i>Kjøpmann</i>	Ca. 1930	Ca. 1990
<i>Kontormann</i>	Ca. 1945	Ca. 1980


Ut frå tabell 9 kan ein sjå at dei ulike toppunkta, altså tidspunktet for når fallet byrjar, er spreidd utover tidslinja. Det tidlegaste punktet er i 1925 med ordet *bestyrer*, medan ordet *pianistinne* ikkje når sitt toppunkt før i 1970. Ein ser likevel at det er ei samling av ord i dei ti åra mellom 1945 og 1955, med heile ni av tretten ord innanfor dette tidsrommet. Flest er det i 1945, med heile seks ord. Av desse ni orda er det seks som har kvinneleg suffiks eller etterledd, og tre med mannleg suffiks eller etterledd.

Ser ein på tidspunkta for når frekvensen stabiliserer seg og trendlinja flatar ut, så er dei noko nærare i tid enn toppunkta. All utflating skjer i dei tretti åra mellom 1970 og 2000. Likevel er dei individuelle orda spreidd innanfor denne perioden. Fire av orda flatar ut frå 1980, tre frå 1985 og tre frå 1990. Ti av tretten ord flatar altså ut i dei ti åra mellom 1980 og 1990. Av desse ti er det fem tilfelle med kvinneleg suffiks, tre tilfelle med mannleg suffiks og to tilfelle med mannleg etterledd.

Av dei andre orda som ikkje flatar like tydeleg ut på slutten, er det også visse mønster. Orda *sangerinne*, *politikonstabel*, *skredder*, *husholder* og *forretningsmann* har alle sitt siste toppunkt rundt 1945. Tida mellom 1950 og 1960 går også igjen som eit felles punkt, med det siste toppunktet til orda *skuespillerinne*, *forfatterinne*, *brannkonstabel*, *arbeider* og *prest*. Felles for alle desse er at nedgangen held fram ut heile perioden. Ser ein på både dei som flatar ut, og på dei som ikkje gjer det, så kan det sjå ut som om perioden mellom 1945 og 1960 er den med høgast frekvensar. Det er etter denne perioden frekvensen byrjar å søkke.

7.2.4 Stabil

Medlemmane i gruppa «Stabil» har det til felles at dei ligg ganske jamt gjennom store delar av perioden. Fleire av trendlinjene svingar noko, men dei svingar stort sett innanfor det same frekvensområdet gjennom heile perioden. For å få plass i denne gruppa har eg hatt som overordna regel at om lag 2/3 av trendlinja skal ligge på omtrent same nivå. Eit døme på ein yrkestittel med slik stabil frekvens er vist i figur 31 Renholdsarbeider.



Figur 31 Renholdsarbeider. Døme på stabil frekvens


Orda og frasane som er plassert i gruppa «Stabil» er vist i tabell 10.

Tabell 10 Ord og frasar i grupperinga «Rest»

Kvinnelig-frase	Mannlig-frase	Feminint etterledd	Feminint suffiks	Maskulint etterledd	Maskulint suffiks	Ord utan motstykke
<i>Kvinnelig politibetjent</i>	<i>Mannlig prest</i>			<i>Husfar</i>	<i>Renholdsarbeider</i>	<i>Lege</i>
<i>Kvinnelig politikonstabel</i>					<i>Sanger</i>	
<i>Kvinnelig lege</i>						

7.2.5 Rest

Gruppa «Rest» er satt saman av dei orda som ikkje umiddelbart kan seiast å ha store likskapar til nokon av dei andre trendlinjene. Dei er stort sett samanhengande trendlinjer og frekvensen har gjerne store og/eller fleire svingingar og endringar. Eit døme på ord som er plassert i denne gruppa er vist i figur 32 Syer.



Figur 32 Syer. Døme på grupperinga "Rest"

Syer og dei andre orda og frasane som kjem fram frå tabell 11, er plassert i gruppa «Rest».


Tabell 11 Ord og frasar i grupperinga «Rest»

Kvinnelig-frase	Mannlig-frase	Feminint etterledd	Feminint suffiks	Maskulint etterledd	Maskulint suffiks	Ord utan morstykke
	<i>Mannlig brannmann</i>	<i>Jordmor</i>			<i>Syer</i>	
					<i>Lærer</i>	


7.2.6 Raritet

Dei orda og frasane som er plassert i gruppa «Raritet», har det til felles at dei ikkje har fullstendige trendlinjer. Raritet viser her til korleis trendlinja ser ut. Det er altså ikkje eit uttrykk for at det er noko underleg med utviklinga eller resultatet i seg sjølv.

Noko av det som kjenneteiknar denne gruppa, er gjerne få og spreidde år med treff, og ein kan ikkje snakke om nokon gjennomgåande bruk. Det er likevel noko variasjon. I figur 33 Skredderske kan ein sjå eit døme på eit ord med relativt mange treff for kategorien, medan figur 34 Mannlig pianist, viser eit ord med noko færre treff.



Figur 33 Skredderske. Døme på "Raritet"



Figur 34 Mannlig pianist. Døme på "raritet"

I tabell 12 presenterer eg dei orda og frasane som er plassert i gruppa «Raritet».

Tabell 12 Ord og frasar i grupperinga "Raritet"

<i>Kvinnelig- frase</i>	<i>Mannlig- frase</i>	Feminint etterledd	Feminint suffiks	Maskulint etterledd	Maskulint suffiks	Ord utan motstykke
<i>Kvinnelig sanger</i>	<i>Mannlig lege</i>		<i>Skredderske</i>	<i>Yrkesmann</i>		
<i>Kvinnelig ekspeditør</i>	<i>Mannlig forfatter</i>			<i>Helsebror</i>		
<i>Kvinnelig brannmann</i>	<i>Mannlig ekspeditør</i>					
<i>Kvinnelig brannkonstabel</i>	<i>Mannlig kunstner</i>					
<i>Kvinnelig arbeiderske</i>	<i>Mannlig pianist</i>					
<i>Kvinnelig ekspeditrise</i>	<i>Mannlig politibetjent</i>					
<i>Kvinnelig pianist</i>	<i>Mannlig politikonstabel</i>					

Kvinnelig-frase	Mannlig-frase	Feminint etterledd	Feminint suffiks	Maskulint etterledd	Maskulint suffiks	Ord utan motstykke
<i>Kvinnelig sangerinne</i>	<i>Mannlig jordmor</i>					
<i>Kvinnelig skredder</i>	<i>Mannlig formann</i>					
<i>Kvinnelig skuespillerinne</i>	<i>Mannlig kontorist</i>					
<i>Kvinnelig kontorist</i>	<i>Mannlig sanger</i>					
<i>Kvinnelig bestyrer</i>						

(Fortsetjing av tabell 12)

Noko av det som kjenneteiknar denne gruppa er at det er mange frasar.

Dei har også ein gjennomgåande låg frekvens. Dette er noko som er naturleg. Ein vil nødvendigvis finne færre døme på *kvinnelig lege* eller *mannlig lege* enn på *lege*. Fordi substantivet er det same i begge tilfella, så vil statistikken til frasane vere ein del av statistikken til enkeltorda.

Ser ein på kva for nokon substantiv ein finn i desse frasane, er det 12 med maskulint suffiks, 2 med mannleg etterledd, 4 med kvinneleg suffiks, 1 med kvinneleg etterledd og 3 maskuline utan feminint motstykke. Summerer ein opp tala, ser ein at det er ei klår overvekt av frasar med maskuline substantiv.

6.2.7 Ingen funn kan også vere eit funn

I gjennomgangen av resultatata ynsker eg også å rette eit lite blick mot dei søka som enda opp med å ikkje gje noko resultat i form av treff. Dette fordi ein forelesar eg hadde ein gong, prenta i meg på ei forelesing at «ingen funn er også eit funn».

Totalt har eg 76 frasar med *kvinnelig/mannlig* som ikkje gjev noko resultat. Ser ein på substantivet i desse frasane, er det 17 som har maskulint etterledd, 8 som har maskulint

suffiks, 5 som har maskulin form utan motstykke, 24 som har har feminint etterledd og 22 med feminint suffiks. Totalt er det altså 46 frasar med feminint substantiv, og 30 frasar med maskulint substantiv. Av frasane utan resultat er det med andre ord ei lita overvekt av dei med feminint substantiv.

Rettar ein blikket mot adjektiva som er brukt, ser ein at 38 av frasane har dobbel kjønnsmarkering (t.d. *mannlig* + maskulint substantiv). Av desse 38 er det 16 mannlege dobbeltmarkeringar og 22 kvinnelege dobbeltmarkeringar. Dei siste 37 frasane har motstridande kjønnsmarkering (t.d. *mannlig* + feminint substantiv). 12 av desse 37 frasane er maskuline substantiv med adjektivet *kvinnelig*, og 25 er feminine substantiv med adjektivet *mannlig*.

Av frasar utan resultat er det altså flest av dei med dobbelt feminin markering (t.d. *kvinnelig yrkeskvinne*) og av dei med feminint substantiv med adjektivet *mannlig* (t.d. *mannlig yrkeskvinne*). Ut frå dette resultatet kan det altså sjå ut som om det er noko meir vanleg å markere kjønnet til vedkommande gjennom adjektiv når yrkestittelen er eit maskulint substantiv. Ein vidare diskusjon av adjektivbruk finn ein i delkapittel 8.3.

7.3 Ei lita oppsummering av dei ulike grupperingane

For å summere opp grupperinga kan ein sjå på tabell 13 Denne tabellen viser talet på ord og frasar i dei enkelte hovudgruppene. Ein kan altså sjå at gruppa Rest inneheld eit ord med kvinneleg etterledd, to ord med mannleg suffiks og ein frase med adjektivet *mannlig*.

Tabellen kan også lesast med utgangspunkt i dei ulike ordtypene, for så å sjå kva gruppe dei er i. Ser ein på frasar med adjektivet *mannlig*, kan ein sjå at det er to tilfelle i gruppa Opp, tre tilfelle i gruppa Fjell, eit tilfelle i gruppa Stabil, elleve tilfelle i gruppa Raritet og eit tilfelle i gruppa Rest.

Tabell 13 finn ein på neste side.

	Opp	Fjell	Ned	Stabil	Rest	Raritet	TOTAL
Feminint etterledd	4	6	1	0	1	0	12
Feminint suffiks	0	2	10	0	0	1	13
Maskulint etterledd	2	1	4	1	0	2	10
Maskulint suffiks	5	1	6	2	2	0	16
Kvinnelig frase	3	6	1	3	0	12	25
Mannlig frase	2	3	0	1	1	11	18
Ord utan motstykke	1	1	4	1	0	0	7
TOTAL	17	20	26	8	4	26	

Tabell 13 Oversikt over gruppering

Det er også nokon tidspunkt som kan sjå ut til å gå igjen. 40- til 60-talet verkar å vere ei stordomstid for mange av orda. Det er i denne perioden fjella har sine toppar, og det er her mange av orda som har ein nedgåande frekvens, har sitt siste toppunkt.

Tilsvarande kan det sjå ut som om det er noko som skjer mellom 70- og 90-talet. Det er i denne perioden fleire av orda i «Opp» byrjar å auke i frekvens, men det er også i denne perioden frekvensen til mange av orda i «Ned» flatar ut.

8 Diskusjon

8.1 Innleiing

Føremålet med dette kapittelet er å sjå dei resultata eg har fått i lys av teorien som vart presentert i kapittel 2. Hensikta er å gjere nokon betraktningar rundt samanhengen mellom språk og samfunn, kjønnsmarkering gjennom adjektiv og kva grad grammatisk maskuline titlar kan seiast å vere kjønnsnøytrale.

Før vi går vidare er det eit par ting som må kommenterast. Det eg har gjort her er ikkje meint som ein statistisk oppgåve. I denne oppgåva har eg undersøkt to faktorar, tid og frekvens. Ut frå dette har eg moglegheit til å seie noko om korleis frekvensen utviklar seg over tid. Eg kan med andre ord observere korleis utviklinga har vore, men eg kan ikkje seie noko bestemt om kvifor det skjer.

Dei resultata eg har, er likevel nyttige, og dei kan seie oss mykje. Me veit i dag mykje om korleis samfunnsutviklinga har vore. Det er til dømes ein del statistikk som ser på kjønnsfordelinga i arbeidsmarknaden. Me veit også ein del om språkutviklinga på feltet. Me veit når kjønn og språk har vore aktuelle tema i språkdebatten, og me veit noko om den språklege situasjonen i dag.

Denne undersøkinga har fått fram ny informasjon, ho har fått fram ny kunnskap om språkutviklinga. Dei resultata eg finn, kan eg delvis nytte samfunnsutviklinga til å forklare. Når ein kjenner tendensane i samfunnet, kan dei forklare kvifor noko er tilfelle, har endra seg eller skjer. Uri (2019, s. 315) poengterer at det ikkje er rart at frasen *mannlige ingeniører* ikkje er å finne før i 1978. Ut frå kunnskap om samfunn og kjønnsroller veit ein at det tidlegare var utenkjeleg at ein ingeniør skulle vere noko anna enn ein mann. Ein trong difor ikkje opplyse om kjønn når det var tale om menn. Å skulle putte på adjektivet *mannlige* vart difor overflødig.

I nokon grad kan også dei resultata eg har fått vere med på å kaste lys over samfunnsutviklinga. Det er ikkje alltid like lett å oppdage endring når ein står midt i noko, men undersøkingar som denne kan vere med på å vise kva som har skjedd, og når det skjedde. Dette poenget er kanskje viktigast for den delen av undersøkinga som er retta mot frasar med adjektiva *kvinnelig* og *mannlig*. Ei systematisk undersøking av slik adjektivbruk kan vere med på å synleggjere kva for adjektiv som vert nytta, og når. Dette kan synleggjere tendensar som ein elles ikkje ville lagt særskilt merke til.

8.2 Språk og samfunn

Denne neste delen skal ta føre seg nokon ulike døme på at språk og samfunn er tett knytt saman. Dei påverkar kvarandre. Dette delkapittelet kjem til å handle om to ting, ordforråd og endringar i dette, og konkretiseringar av korleis endringar i samfunnet kan komme til syne i språket på andre måtar.

8.2.1 Endring i ordforråd

Som nemnt i kapittel 2.3, er ordforrådet noko av det som vert endra raskast i språket. Somme ord kjem til, andre fell frå. Samfunnet utviklar seg, og det same gjer språket. Det dreier seg ikkje berre om at fenomenet eller tingen som vert omtalt forsvinn, nokon eksisterer i beste velgåande. Menneske handlar framleis mat, men i dag er det vanlegare å seie at ein går på butikken eller på REMA, ikkje på kolonialen. Når ein undersøker yrkestitlar over ein lengre periode

I tida frå 1900 og til i dag har der vore store omveltingar i samfunnet. Det er ein periode som er prega av mange teknologiske framsteg og av nye kjønnsrollemønster i samfunnet. Talet på menneske som arbeider i primærnæringane har gått ned, og stadig fleire har fått seg arbeid i sekundær- og tertiærnæringane. Når det gjeld kor menneske arbeider, og med det også kva arbeid dei utfører, skjedde der altså betydelege endringar. I 1900 arbeidde om lag halvparten av alle yrkesaktive menn i alderen 15 år og oppover i primærnæringane. I 1990 var talet på snaue 7 % (Blom og Sogner, 2005, s. 392).

Som ein konsekvens av at samfunnet, og med det også arbeidsmarknaden, endrar seg, vil også yrkes- og arbeidstitlar endre seg. Nokon titlar vil forsvinne, andre vil komme til. Nokon av dei titlane som før var vanlege, er no sjeldne, på same måte er nokon av dei uvanlege blitt meir vanlege. Som ein konsekvens av dette var det med andre ord mykje meir sannsynleg å treffe på ein *fjøs-gutt* eller ein *gjeter-gutt* i 1920 enn i 2000. Om ein i dag spør tilfeldige tenåringar om kva ei *ysterske* gjer for noko, vil ein truleg få mange varierende svar. Dette skuldast gjerne ei form for referendød. Det er ikkje lenger vanleg å arbeide som gjeter eller ysterske. Spør ein dei same tenåringane kva ein *influenser* gjer for noko, går eg ut ifrå at ein får betydeleg meir velinformerte svar. *Influenser* er eit døme på eit relativt ny yrkestittel, han eller ho arbeider med marknadsføring i sosiale medium.

Ser ein på orda med maskulint suffiks i gruppa «Ned», vil eg seie ein finn fleire døme på at termar går ut av bruk. Eit konkret døme er ordet *kontorist*. Med den teknologiske utviklinga har arbeidsverktøyet endra seg noko, men det er framleis menneske som arbeider på kontor

og med administrative oppgåver. Skilnaden er at dei i dag gjerne vert kalla andre ting. Alternative yrkestitlar som svarar til *kontorist* er til dømes *kontormedarbeider*, *administrasjonssekretær* eller *administrasjonsmedarbeider*. Ordet *konsulent* vert også mykje brukt i dag.

Denne oppgåva seier ikkje noko om ord som kjem til, det er heller ikkje hensikta. Eg vil likevel vie ordparet *helsesøster* og *helsesykepleier* eit lite avsnitt her. Ordet *helsesøster* er eit av dei få orda med feminint etterledd som aukar i frekvens gjennom heile perioden. Med tanke på utviklinga av velferdsstaten og skulehelsetenesta, er dette kanskje ikkje veldig rart. I 2018 kom ordet *helsesykepleier* og erstatta nettopp *helsesøster*. Om nokon år kan det vere interessant å undersøke frekvensen til ordet *helsesøster* på nytt, då også med eit datamateriale frå tida etter 2013, for så å samanlikne med frekvensen til nyordet *helsesykepleier*. Kor lang tid tar det før det nye ordet er i bruk, og kva skjer då med utviklinga til ordet *helsesøster*?

8.2.2 Utvikling i samfunnet

Ser ein på trendlinjene til frasane *mannlig prest* og *kvinnelig prest*, kan ein sjå at det skjer noko i tida rundt 1960. Frasen *kvinnelig prest* har ein liten fjellformasjon som strekkjer seg frå rundt 1950 og til 1970, med eit toppunkt rundt 1960. Hjø *mannlig prest* er det ikkje nok datagrunnlag til at det er ei samanhengande linje, men ein kan sjå at i dei to åra 1961 og 1962 der det er ein klårt høgare frekvens enn alle dei andre åra.

I kapittel 2.5 vart det nemnt at presteyrket ikkje opna for kvinnelege arbeidstakarar før i 1956. Sjølv om yrket no er opent for alle, er det i visse kretsar framleis kontroversielt med kvinnelege prestar (Hjetland og Aas, 2020). Det er ingen grunn til å tru at det ikkje skapte diskusjon og debatt då den første kvinnelege presten i Den norske kyrkja, Ingrid Bjerkås, vart tilsett i 1961. Denne kunnskapen kan vere med på å forklare kvifor trendlinjene til frasane *mannleg prest* og *kvinneleg prest* oppfører seg som dei gjer på 60-talet. Med desse to frasane ser ein tydeleg korleis enkelthendingar i samfunnet kan gje utslag i samfunnsdiskursen, og med det språket som vert nytta i offentlege medium.

Ein annan stad der ein kan sjå spor av samfunnsutviklinga i språket, er ved ordet *skredder*, som er plassert i gruppa «Ned». Etter den industrielle revolusjonen var tekstil- og kledeproduksjonen noko som endra seg kraftig. Det er i dag vanleg med masseproduserte klede frå fabrikkar i andre land, og det er gjerne billigare å kjøpe nytt enn å fikse det ein allereie har. Skreddaren har med andre ord fått ein mindre marknad for jobben han eller ho gjer. Det er framleis skreddarar i arbeid i Noreg, men det er ein mindre arbeidsmarknad enn

det har vore tidlegare. Når ein då ser at frekvensen til ordet *skredder* har gått ned, så er ikkje dette veldig merkeleg. Grunna den overordna samfunnsutviklinga er det ikkje lenger behov for like mange skreddarar, og det er difor naturleg at dei ikkje vert omtala i aviser i like stor grad.

Til no har kommentarane gått på enkeltord og frasar, men ein må også vie heilskapen litt merksemd.

I kapittel 7.2.2 peika eg på ein tendens som gjekk på at mange av orda med feminint etterledd og suffiks hadde sitt høgdepunkt i det same tidsintervallet, perioden frå 1940 til 1970. Eit døme på dette er orda med feminine etterledd i gruppa «Fjell».

1950-talet vert omtalt som glanstida til husmora. Det var mange husmødrer, og dei fekk betre og betre utstyr til å drive heimen. Ser ein på utviklinga til nettopp ordet *husmor*, kan ein sjå at frekvensen toppar seg innanfor dette tidsrommet som vert omtala som glansperiode. Ifølgje Ellingsæter (2019) var det på 70-talet tydeleg at kvinnene hadde gjort inntog både i arbeidsmarknaden og i utdanningsinstitusjonane. Etter kvart som kvinneandelen auka, er det også naturleg at frekvensen til dei feminine etterledda følgde med.

Vender ein blikket mot det språkhistoriske, veit me at debatten kring markering av kjønn og språk var stor på 70-talet. Grunnen til at debatten kom på dette tidspunktet, var at kvinnene var komne til syne på stadig fleire arenaer. Av tabell 7, som viser når fjell med adjektivet *kvinnelig* toppar seg, ser me at det er noko seinare enn orda med feminint etterledd. Kanskje kan dette vere ein konsekvens av denne debatten kring kjønn og språk på 70-talet.

Perioden der frekvensen til dei ulike orda toppar seg, stemmer altså til ein viss grad overeins med ein periode der det gradvis kom fleire og fleire kvinner ut i arbeid (Blom, 2004, s. 350).

8.3 Markering av kjønn gjennom adjektiv

I resultatane mine er det ein gjennomgåande trend at frasane med adjektiv har dei lågaste frekvensane. Frasane er også det undersøkingsobjektet som har flest tilfelle i gruppa «Raritet». Undersøkinga av frasane viste nokon tendensar eg ynsker å trekkje fram.

8.3.3 Kva adjektiv vert nytta?

I 1973 hevda Blakar i boka «Språk er makt» (2004, s. 100) at i vanleg språkbruk impliserte ofte *kvinne* og *kvinnelig* ikkje noko anna enn *ikkje-mann*. Det var mann som var av betydning, og difor fekk ein konstruksjonar som *kvinnelig formann* og *kvinnelig overlege*. Då Blakar redigerte boka i 2004, kommenterte han dette poenget (s. 35). Han argumenterte for at

om det var nådd rimeleg grad av likestilling og dette var avspegla i språket, så burde orda *kvinnelig* og *mannlig* vere omtrent like frekvente i det offentlege mediespråket. Dersom det framleis var slik at *kvinnelig* ikkje impliserte noko anna enn «ikkje-mann», så ville det vere eit meir frekvent ord enn *mannlig*.

I 2004 gjorde Blakar nokon undersøkingar i mediearkivet A-tekst. Då fann han fleire tilfelle av uttrykk av typen «kvinnelig(e) ... mann/menn», men ikkje noko tilfelle på «mannlig(e)... kvinne(r)». Han fann også seks gongar så mange tilfelle av «kvinnelig(e) leder(e)» som av «mannlig(e) leder(e)»; dette sjølv om det i realiteten var langt fleire mannlege leiarar enn kvinnelege i samfunnet (Blakar, 2004, s. 36).

Eg har søkt på ein annan måte og i ein annan database, men dei funna eg har stemmer ganske godt overeins med dei Blakar hadde. Ser ein på frasane med *mannlig*, kan det verke som om det vert fleire av dei mot slutten av perioden. Ut frå dei grafiske framstillingane til frasane som er plassert i «Raritet», ser ein at treffa ligg i den høgre delen av tidslinja. Sjølv om frekvensane er låge og noko sporadiske, kan ein kanskje sjå tendensar til at frasar med *mannlig* vert vanlegare.

Er det då som Blakar hevdar, at *kvinnelig* berre impliserer «ikkje-mann»? Eg vil kanskje ikkje vere like bombastisk. I visse språklege miljø vil det nok framleis vere slik at det er det mannlege som er utgangspunktet når det ikkje vert spesifisert at vedkommande er ei kvinne, men eg trur dette i nokon grad er i endring. Noreg er fleire gongar blitt kåra til eit av dei mest likestilte landa i verda (Kulturdepartementet, 2019), og dette må kunne reknast som det Blakar kallar «rimeleg grad av likestilling». Det er likevel framleis slik at i resultata mine er det ein overvekt av frasar med adjektivet *kvinnelig*, og desse frasane er å finne i store deler av perioden.

Til ein viss grad kan det nok vere slik at ein pratar om *leger* og *kvinnelige leger*, og tilsvarande. Med det fokuser på kjønnsnøytralitet og likestilling i språket som har vore dei siste åra, som vedtaket på å gjere alle statlege titlar kjønnsnøytrale, kan ein kanskje vente å sjå ei utvikling i tida som kjem. Det er ikkje umogleg at ein framtida i mindre grad kjem til å nytte kjønn som ein identifiserande eller skildrande faktor. Ein kan i dag sjå subkulturar der foreldre vel å oppdra barna sine kjønnslose, og somme engelsktalande vel i dag å nytte dei kjønnsnøytrale pronomena *they*, *them* og *their* i staden for *he* og *she* (Sjå til dømes Myers, 2020).

8.3.1 Frasar med feminint etterledd eller suffiks

Av alle frasane med resultat er det berre fem som har feminine substantiv. Dei fem frasane er *kvinnelig arbeidarske*, *kvinnelig ekspeditrise*, *kvinnelig sangerinne*, *kvinnelig skuespillerinne* og *mannlig jordmor*. Alle desse frasane er plassert i gruppa «Raritet». Dette vil seie at dei har noko sporadiske treff, og at dei ikkje har vore i regelmessig bruk. Dei resterande frasane med treff har alle maskuline eller nøytrale substantiv.

Ut frå desse resultatata kan ein seie at det har vore vanlegare å markere kjønn gjennom adjektiv når det er eit maskulint eller eit nøytralt substantiv. Ein får også fram at det ikkje har vore vanleg å markere kjønn gjennom adjektiv når det er eit feminint substantiv. Spørsmålet vert då kvifor det er sånn.

Ei mogleg forklaring er at det ikkje er det same behovet for å markere kjønn når substantivet er feminint. Det feminine etterleddet eller suffikset talar for seg sjølv. Dette poengterer også Uri (2019, s. 208). Ho forklarar at ord som *lærerinne* og *forkvinne* utelukkande vert nytta når ein talar om ei kvinne. Det å då skulle tale om ei *kvinneleg skuespillerinne* vert pleonastisk, det er ei unødvendig markering. Frasen *mannlig skuespillerinne* vert på si side ulogisk. Det – iallfall tradisjonelt – ikkje mogleg å vere ei mannleg kvinne.¹⁶

I resultatata mine er treffa på frasen *mannlig jordmor* eit unntak frå denne umoglegheita som mannlege kvinner representerer. Dette er det einaste tilfellet eg har fått med treff på adjektivet *mannlig* saman med eit kvinneleg etterledd eller suffiks, noko som kan skuldast fleire ting. Det har aldri vore i bruk noko kjønnsnøytral eller maskulin form av ordet,¹⁷ og det feminine uttrykket vert nytta om alle. Fordi det feminine vanlegvis talar for seg sjølv, vert det då naudsynt å bruke adjektiv dersom ein vil få fram det mannlege kjønn. Det kan vere verd å nemne at det har vore, og er, diskutert i kva grad ordet *jordmor* er ein kjønnsnøytral yrkestittel eller ikkje. Somme meiner at ordet er ein kjønnsnøytral tittel, fordi dei meiner ordet kan bety den som løfter barnet frå jorda og gjev til mor (sjå til dømes By, u.å). Denne tydinga står likevel ikkje særleg sterkt. Språkforskar Jahr (2012) diskuterer i sin artikkel «Etymologien til ordet ”jordmor”» fleire etymologiske forklaringar. Han landar til slutt på at

¹⁶ Eg vil her vise til det eg skreiv om kjønnsidentitet i delkapittel 1.5.

¹⁷ Ingen av ordbøkene eg har nytta, omtalar nokon maskulin versjon. Eg har møtt på ordet *jordfar*, då typisk i tekstar som handlar om eller som diskuterer markering av kjønn.

den mest trulege forklaringa er at ordet kjem frå det norrøne *jóð*, ordet for nyfødt foster eller lite barn.

Det at eg har treff på fire frasar av typen kvinneleg kvinne, er kanskje noko vanskelegare å forklare enn treffa på *mannlig jordmor*, men pleonasmar er ikkje ulovlege, dei er berre unødige. Fordi eg utelukkande har gjort ei kvantitativ undersøking, veit eg ingen ting om kva kontekst desse frasane dukkar opp i. Eg kan difor ikkje seie noko om korleis dei er nytta. Som nemnt er alle desse frasane klassifisert som Raritet. Ser ein på trendlinjene, kan ein altså sjå at dei dukkar opp såpass sjeldan og med så låg frekvens at det er tale om svært avgrensa bruk. Ein kan med andre ord observere at dei har vore nytta, men ikkje så mykje meir enn det.

8.3.2 Frasar med maskuline etterledd og suffiks

Når eg har søkt på frasar, er det dei med eit maskulint substantiv som gjev flest resultat. Desse frasane er å finne i alle dei ulike hovudgruppene for utviklingstendens. I motsetnad til frasane med kvinneleg etterledd eller suffiks, har ein her frasar der ein kan tale om meir utstrekt bruk. Det kan altså sjå ut som om det er noko meir vanleg å markere kjønnet til vedkommande gjennom adjektiv når yrkestittelen inneheld eit maskulint substantiv.

I materialet mitt er det totalt fem frasar med eit tydeleg kjønna maskulint etterledd som gjev resultat.¹⁸ Dei fem frasane, med gruppering frå kapittel 7 i parentes, er *kvinnelig formann* (Fjell), *kvinnelig kjøpmann* (Ned), *kvinnelig brannmann* (Raritet), *mannlig brannmann* (Rest) og *mannlig formann* (Rest). Desse fem frasane har ulike utviklingstendar. Det er vanskeleg å seie noko konkret om kvifor desse frasane har vore i bruk. Ser ein på frasane med *formann*, kan kanskje noko av forklaringa ligge i at ordet *formann* har vore ein del nytta som språkleg døme i debatten kring kjønn og språk. Ein kan difor kanskje tenkje seg at frasar som *mannleg formann* kan vere nytta for å eksemplifisere. I denne oppgåva (inkludert vedlegg) er til dømes frasen *mannlig formann* å finne 8 gongar, og *kvinnelig formann* 10 gongar.

Det er frasane med maskulint suffiks det er klårt flest treff på. Dette vil seie frasar som *kvinnelig* og *mannlig forfatter*, eller *kvinnelig* og *mannlig leder*. Desse orda med grammatisk maskuline suffiks, men neppe dei med klårt mannlege etterledd, har i aukande grad blitt brukt kjønnsnøytralt gjennom perioden eg har undersøkt. Tilsvarande feminine suffiks eller

¹⁸ Med tydeleg kjønna etterledd meiner eg her etterledd der kjønn vert eksplisitt nemnt. Døme på maskuline etterledd som ikkje har ein tydeleg kjønnsreferanse, er *-betjent* eller *-konstabel*.

etterledd har forsvunne ut av bruk, og dei maskuline suffiksa har erstatta dei. Den funksjonen som markerer for hankjønn hos dei maskuline suffiksa har i stor grad blitt fortrent av den generiske funksjonen. Når orda med maskuline suffiks på denne måten vert kjønnsnøytrale, er det også eit behov for å markere kjønn på andre måtar, til dømes gjennom adjektiv.

Dette bringar oss vidare til neste del av diskusjonen. I kva grad kan ein seie at dei maskuline yrkestittlane er kjønnsnøytrale?

8.4 I kva grad er noko kjønnsnøytralt?

Som nemnt i delkapittel 2.2.3, kan maskuline ord seiast å ha ein dobbel tyding. Dei kan vere generiske, og med det står for alle, men dei kan også ha ein mannleg/maskulin funksjon. Ved siste tilfelle viser orda til mannlege individ. Historisk har den mannlege/maskuline tydinga stått sterkt. Dette skuldast at det lenge var vanleg å skilje mellom kvinner og menn ved dei orda ein nytta. Ei kvinne kunne til dømes arbeide som *butikkdame* eller *ekspeditrise*, og ein mann kunne arbeide som *butikkmann* eller *ekspeditør*. Var etterleddet eller suffikset i yrkestittelen feminint var det tale om ein kvinneleg arbeidstakar, var dei maskuline var det tale om ein mannleg arbeidstakar.

Etter kvart som dei feminine suffiksa forsvann ut av bruk, så har dei tilsvarande maskuline orda tatt over for dei feminine. I dag ville ein sagt at både ei kvinne og ein mann arbeider som *ekspeditør*. Ser ein på dagens språkbruk kan ein argumentere for at titlar med maskuline suffiks har ein generisk, og med det ein kjønnsnøytral funksjon. Ein nyttar dei same orda om både menn og kvinner. Av yrkestittlar som er danna gjennom avleiing er det i dag berre dei med maskuline suffiks som nyttast. Då seier det seg litt sjølv at den generiske funksjonen står ganske sterkt.

Eg trur likevel at ein her kanskje kan ha eit visst generasjonsskilje. Av resultatane mine kan ein sjå at dei feminine suffiksa nesten er ute av bruk frå 80-talet, men på 40- og 50-talet var dei i full bruk. Har ein vakse opp i eit språkleg miljø der dei feminine suffiksa er eller har vore i aktiv bruk, så kan det tenkast å påverke kor kjønnsnøytrale ein tenkjer maskuline suffiks som *-er*, *-ist* og *-tør* er. Er ein vand med at det vert omtalt som *en kunstner* og *ei kunstnerinne*, så står nok den maskuline tydinga til *-er* sterkare enn hjå menneske som aldri har nytta og knapt har høyrte dei feminine suffiksa i bruk. Ein kan difor tenkje seg at det vil vere lettare å oppfatte maskuline suffiks som *-er* og *-ist* som kjønnsnøytrale for visse grupper, til dømes yngre generasjonar.

Sjølv om ein i dag nok kan seie at dei maskuline suffiksa i stor grad har ein generisk funksjon, må ein altså vere klar over at det ikkje alltid har vore slik. I møte med eldre tekstar, men også i møte med somme språkbrukarar, vil maskuline titlar i mykje større grad nyttast om menn.

Om ein seier at titlar med maskuline suffiks er blitt meir generiske fordi dei har overtatt for dei feminine suffiksa, korleis er det då med dei klårt maskuline etterledda? Har desse også i stor grad gått over til å ha ein generisk, og med det ein kjønnsnøytral, funksjon?

Til ein viss grad kan ein nok argumentere for at desse har ein generisk funksjon. Dei blir i alle fall brukt på den måten. Ser ein på ord som ikkje er yrkestitlar, finn ein ord som *førstemann*, *sistemann*, *sidemann* og *nordmann*. Alle desse orda har det maskuline etterleddet *-mann*, men dei vert nytta om begge kjønn. Både ei jente og ein gut kan vere førstemann i mål, og ein nordmann kan vere kven som helst.

Ein kan også sjå noko av det same i møte med yrkestitlar. På kvinnedagen i 2015, la den norske franchisekjeda med daglegvareforretningar REMA 1000 ut følgjande tekst på si offisielle Facebook-side:

Vi hyller våre kvinnelige kjøpmenn som hver dag gjør en fantastisk jobb (...). Vi er stolte over at det stadig blir flere kvinnelige kjøpmenn i våre butikker – slik skal det fortsette. Og ja – vi kaller også damene kjøpmenn, har dere et annet forslag?

I kommentarfeltet til innlegget finn ein fleire kommentarar frå kvinner som ytrar ei positiv haldning til tittelen. Dei er stolte av tittelen, og ynsker å fortsette å kalle seg nettopp kjøpmenn. Ein finn også nokon kommentarar som foreslår ord som *butikksjef* eller *butikkdame*. På same måte som dei maskuline suffiksa kan ein altså sjå at etterleddet *-mann* vert nytta på ein generisk måte, det kan stå for begge kjønn. Eg vil likevel argumentere for at det skal meir til enn generiske ord for å gjere yrkestitlar til noko ein ser på som kjønnsnøytralt eller uavhengig av kjønn.

Språk og tankegang heng saman. Innan den kognitive semantikken er det ein grunnleggjande tanke at måten ein talar om verda på, påverkar korleis ein ser på verda (Vogel, 2011, s. 44). Språket ein nyttar, er sånn med på forme tankesettet til kvar enkelt. Det er gjort undersøkingar som viser at kjønnsnøytral bruk av maskulinum gjer at kvinner vert usynlege i medvitnet til folk. I dei mentale bileta folk lagar for seg sjølv, så vert maskuline former assosiert med og knytt til menn. Når ein fortel born om eit mannsdominert yrke og

nyttar den maskuline tittelen, så tenkjer barna at det er eit yrke som passar best for menn. Om ein fortel om yrket gjennom å bruke både maskuline og feminine termar, vil barna tenkje at det er eit yrke som passar for begge kjønn (Menegatti og Rubini, 2017, s. 10-11).

Når etterledd som *-mann* vert nytta, kan ein med det tenkje seg at ein assosierer yrket med menn, ikkje med begge kjønn. Sjølv om den grammatiske funksjonen kanskje er generisk, er det ikkje gjeve at det er slik det einskilde mennesket oppfattar det. Ein *kjøpmann* vil med det kunne oppfattast som ein mann, sjølv om ordet i seg sjølv er meint kjønnsnøytralt.

Bokmålsordboka har følgjande definisjon av ordet *nordmann*: «(egentlig 'person fra Norden, nordbo') person fra Norge; jamfør Ola» (Bokmålsordboka, under *nordmann*). Definisjonen av ordet *nordmann* må som så seiest å vere kjønnsnøytral. Samtidig er det ikkje like beint fram. I eit intervju med NRK sa Daniel Ims frå Språkrådet følgjande: «Nordmann blir brukt om begge kjønn. Samtidig blir det klart mest brukt om norske menn. Ikke så mye om norske kvinner.» (Thonhaugen og Budalen, 2021). Ordet *nordmann* vert altså oftast nytta om menn, men det kan også nyttast om kvinner. Sjå for deg følgjande to dialogsituasjonar:

A: «Då vi var i Paris, møtte vi to nordmenn og dei franske konene deira. » Person B ventar på framhaldet, og landar ganske sikkert på defaulttolkinga (a) at det var norske menn som var gifte med franske kvinner, og ikkje (b) at det var norske kvinner som var gifte med franske kvinner.

C: «Då vi var i Paris, møtte vi to nordmenn og dei franske mennene deira.» Person D vert lettare forvirra, og vurderer moglege tolkingar: (a) at det var norske menn som var gifte med franske menn, eller (b) at det var norske kvinner som var gifte med franske menn.

For person B verker det som om utsegna til A er lett å tolke. Frå sitatet til Imsen veit ein at *nordmann* vert mest nytta om menn, og statistisk sett veit ein at det vanlegaste er å vere gift med ein person av ulikt kjønn (SSB, 2021). Når to nordmenn er gift med to kvinner går fort tolkinga av sitatet til A dit at dei to nordmennene er nettopp det, menn. For person D er ikkje tolkinga like openberr. I Paris møtte person C to nordmenn med deira franske menn. Person D står då ovanfor to ulike tolkingar. Anten at ordet *nordmann* i dette tilfellet tyder norske kvinner, eller at det er tale om to likekjønna ekteskap. I møte med dei to alternativa er det gjerne ikkje like lett å avgjere om det er tale om norske kvinner eller likekjønna ektepar. Det kan med andre ord sjå ut som at ordet *nordmann* kanskje tenderer mot å ha ein noko mannleg ladd tyding.

I dag er samfunnet mykje meir kjønnslikestilt enn det var i 1920. Kvinner og menn kan velje akkurat dei utdanningane og dei yrka dei vil. Ein ser likevel at det er ein tydeleg ubalanse i kven som gjer kva. Kvinner dominerer typisk i helse og omsorg, medan menn gjerne søker til meir tekniske eller realfaglege utdanningar. Menn er oftare å finne i høgare stillingar og i leiarroller. Ved Universitetet i Bergen er 70 % av alle professorar menn. Ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultetet på same universitet er det tilsvarande talet 84 % (Hagen mfl., 2021).

Ein kan kanskje trekke nokon linjer til det Vogel (2011, s. 36) skildrar med omgrepet prototype. Ein prototype er ei felles kulturell førestilling om kva eit visst ord skildrar. Dette har mykje å gjere med dei rådande normene og verdivurderingane kvar enkelt har. På mange måtar handlar det om å finne prototypen, den stereotypiske medlemmen av ei gruppe eller ein kategori. Hadde ein spurt ein tilfeldig student ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultetet ved Universitetet i Bergen om å skildre ein professor, så hadde det ikkje vore overraskande om vedkommande skildra nettopp ein mann. Fordi det i stor grad er mannlege professorar dei møter på, er det naturleg å forbinde ordet *professor* med det mannlege kjønnet. Tilsvarande kan ein forbinde ord som *sykepleier* med kvinner, fordi det stort sett er kvinner som arbeider som sjukepleiarar.

Det er ei kjend gåte som ofte vert trekt fram når det er tale om kjønn og yrkestitlar (Uri, 2018, s. 313-314; Blakar, 2004, s. 96). Gåta går omtrent slik: Ein gut og faren hans er i ei ulykke. Faren døy, men guten vert frakta til sjukehuset for operasjon. Ved synet av guten i operasjonssalen seier kirurgen: «Det er jo son min!». Korleis er dette mogleg, faren omkom jo i ulykka? I tillegg til gåta presenterer Uri noko av det folk har forsøkt å svare på gåta, mellom anna «(...) fantasifulle svar om biologiske fedre og stefedre», men også ein dialog frå 2016 om ein lesbisk student som var gift med ein lege, der samtalepartnaren responderte med «Hvordan kan hun være gift med en lege hvis hun er lesbisk?». Svaret på gåta er enkelt, kirurgen er ei kvinne, ho er mor til guten.

Sjølv om ein i dag nok kan rekne både ordet *kirurg* og ordet *professor* for å vere kjønnsnøytrale, vil våre personlege erfaringar alltid farge vår oppfatning av dei. Rollefordeling mellom kjønna og forventningar i og av samfunnet vert spegla i språkbruk og tenking (Blakar, 2004, s. 96). Ord kan i seg sjølv vere grammatisk kjønnsnøytrale, men framleis bringe assosiasjonar og forbindast med bestemte kjønn.

At ein assosierer yrke med visse kjønn, treng i seg sjølv ikkje å vere problematisk for kjønnslikestillinga. Sett på spissen kan ein tenkje seg at med mindre det er perfekt kjønnsbalanse i kvart einaste yrke på kvar einaste arbeidsplass over ein lengre periode, så vil det alltid oppstå stereotypiar som knyter det enkelte yrket til eit bestemd kjønn. I følge forskinga til Menegatti og Rubini, oppstår det eit problem når språket skapar mentale bilete som gjer at ein tenkjer at eit yrke ikkje passar for begge kjønn.

Mot slutten av denne diskusjonen kan ein nemne at året etter at *helsesøster* vart endra til *helsesykepleier*, var det rekordmange menn som søkte seg til studiet (Tønnesen og Schei, 2019). Dette kan sjølvstund ha fleire grunnar, til dømes auka merksemd rundt yrket og kva det inneber gjennom auka medieomtale, men ein kan ikkje sjå vekk ifrå den språklege endringa. Om tittelen *jordmor* skulle bli endra til noko meir kjønnsnøytralt, vil det vere interessant å sjå på kva som skjer med kjønnsbalansen i yrket.

8.4.1 Grammatisk kjønn, naturleg kjønn og pronomener

Når ord får ein kjønnsnøytral funksjon, så har dette også ein påverknad på grammatikken. Ein slik situasjon er den som oppstår rundt skilnaden mellom grammatisk og naturleg kjønn. Alle norske substantiv har eit genus. I bokmål har språkbrukarane valet mellom eit tredelt system med hokjønn, hankjønn og inkjekjønn, eller eit system med to genus, inkjekjønn og felleskjønn. Nynorsk har ikkje dette valet, der er det berre det tredelte systemet som kan brukast.

Ofte er det slik at det er ein samanheng mellom grammatisk kjønn og biologisk kjønn. *Gutt* er hankjønn, *jente* er hokjønn. *Lærerinne* er hokjønn, *lærer* er hankjønn. For språkbrukarar som har eit klårt skilje mellom han- og hokjønnsformer, altså for nynorskbrukarar og dei som skriv bokmål med tre kjønn, blir det problematisk i møte med pronomenerbruk.

Pronomenet peiker tilbake på genuset til substantivet. Ein lærar omtalast med pronomener han og ei lærerinne omtalast med pronomener ho. Lærar er hankjønn, altså han, lærerinne er hokjønn, altså ho. Utfordringa her kjem når ein lærar ikkje lenger er ein mann, men ei kvinne. Det har vore ugrammatisk å referere til ein *lærer* som ho. Det vil vere snakk om ei endring i ordtilfanget, men også ei endring i grammatikken om ein kan nytte feminine pronomener til å referere til maskuline substantiv.

9 Oppsummering og konklusjon

9.1 Innleiing

I denne oppgåva har eg undersøkt kjønnsmarkering av yrkestitlar i norsk. Undersøkinga har dreia seg om kjønnsmarkerande etterledd og suffiks, i tillegg til bruken av dei kjønnsmarkerande adjektiva *kvinnelig* og *mannlig*. Eg har sett på korleis kjønnsmarkerande ord er sett saman, og gjennom Nasjonalbiblioteket si teneste NB N-gram har eg innhenta informasjon om bruksutviklinga til ei rekkje kjønnsmarkerte ord og frasar i perioden frå 1920 til 2013.

9.2 Funn og resultat

Innhentinga av ord frå korpussøka viser oss at det historisk har vore ganske mange kjønnsmarkerande etterledd i bruk i norsk. Gjennom perioden eg har undersøkt, er det stadig færre av etterledda som er i vanleg bruk. Etterledd som har opphav i alder eller kjønn, er dei som forsvinn først ut av bruk. Frå dei to korpussøka ser ein at dei fleste av desse forsvinn i tida frå 20- til 60-talet. Det etterleddet som har vore mest i bruk, er det maskuline *-mann*, og av dei feminine etterledda er det *-dame* og *-kvinne*.

Grovt sett kan ein seie at dei feminine suffiksa og etterledda hadde sine toppunkt i perioden frå 1940 og til 1960. Etter dette er det ein gjennomgåande tendens at frekvensen til dei feminine yrkestitlane søkk. I løpet av tida rundt 1980 og 1990 kan ein sjå at slike ord nesten er vekke. Det er belegg for bruk, så dei er ikkje heilt vekke, men frekvensen er veldig låg, så det er tale om svært avgrensa bruk. Eg identifiserer i oppgåva seks ulike utviklingstrender, dei er gjeve namna «Opp», «Fjell», «Ned», «Stabil», «Raritet» og «Rest».

Dei maskuline etterledda og suffiksa er dei som jamt over har hatt, og som framleis har, den høgste frekvensen. Maskuline ord i norsk har også ein generisk funksjon. Dette gjer den kjønnsmarkerande funksjonen noko usikker. Fordi dei feminine suffiksa no har gått ut av bruk, vil eg seie dei maskuline suffiksa i dag stort sett har ein generisk funksjon. Dette kan likevel vere noko som varierer frå språkbrukar til språkbrukar. Når det gjeld dei maskuline etterledda, er situasjonen litt annleis. Desse orda vert nytta generisk, men fordi sjølve ordet samsvarar med ord for det mannlege kjønn, skal det meir til for at ein oppfattar det som kjønnsnøytralt. Sjølv om ordet *brannmann* kan nyttast om begge kjønn, vert det lett oppfatta som eit mannleg yrke.

Kjønn kan markerast på fleire måtar enn gjennom etterledd og suffiks. Ein annan måte er gjennom adjektiva *kvinnelig* og *mannlig*. I resultatata mine ser ein at det er vanlegare å markere

kjønn gjennom adjektiv når yrkestittelen er maskulin. Det er frasar der yrkestittelen har eit maskulint suffiks det er klårt flest treff på. Dette er dei orda der den kjønnsnøytrale tydinga står sterkast. Når ord går frå å ha ein kjønnsmarkerande til å ha ein generisk funksjon, så mister ein ein grad av spesifisering i språket. Det er difor ikkje rart at det er denne gruppa som har flest treff på markere kjønn gjennom adjektiv.

9.3 Eit lite kritisk blikk på utvalet

Utvalet mitt er sett saman på ein slik måte at det inneheld mange praktiske yrke. Det er få av yrkestittlane som står for menneske som gjer meir akademisk eller teoretisk arbeid. Av dei yrka eg har sett på, er det i dag hovudsakleg berre titlane frå helse- og omsorgssektoren, titlane frå politivesenet, *lærer*, *lege* og *prest* som har krav om utdanning frå høgskule eller universitet. Ein kan ikkje ta for gitt at dei resultatata eg har fått, vil vere tilsvarende i andre delar av arbeidslivet.


Fleire av dei meir kjønnsnøytrale orda i utvalet er kanskje noko avleggse eller gamaldagse. Ord som *kontorist* og *butikkbetjent* har i realiteten ikkje nokon utbreidd bruk i nyare språk. Gjennom arbeidet med denne oppgåva har eg sett at det kanskje kunne vore betre å bruke ord med etterleddet *medarbeider* eller tilsvarende for å betre dekkje dei nyaste delane av perioden. Eg ser også i ettertid at orda *yrkeskvinne* og *yrkesmann* kanskje skil seg noko ut. Dei er ikkje direkte yrkestitlar, og fell difor eigentleg litt på utsida av det undersøkinga dreier seg om.

9.4 I kva grad kan funna generaliserast?


Eit viktig spørsmål er i kva grad dei resultatata eg har funne, er generaliserbare. Eg vil her trekkje fram to moment, utval og teksttype.

Fordi utvalet mitt ikkje dekkjer heile arbeidsmarknaden, og fordi ikkje alle orda som er med kan seiast å vere like aktuelle i dag, så er det ikkje uproblematisk å overføre resultatata mine til andre domene eller yrkestitlar. Ein vil nok kunne finne likskapar, trekke linjer og få resultat som til ein viss grad liknar dei eg har funne, men det er ikkje gitt. Skulle ein undersøke andre, men tilsvarende, yrkestitlar som dei eg har i utvalet mitt, er det ingen grunn til å tru at det skulle vere store avvik, men det er vanskelegare å seie om ein ser på kjønnsmarkerte ord som ikkje er yrkestitlar.

Dei søka eg har gjort i NB N-gram er gjort i eit avismateriale. Desse resultatata er ikkje naudsynt representativt for alt tekst og materiale. Ein illustrasjon på dette kan ein sjå i figur 35 og 36.



Figur 35 Søk i bokkorpus



Figur 36 Søk i aviskorpus

Desse to søka er gjort i webgrensesnittet til Nasjonalbiblioteket med søkeuttrykket *Lærer+læreren+lærere+lærerne*. Den einaste skilnaden mellom dei to søka er kva materiale dei hentar resultata frå. Figur 36 er eit søk i bokmaterialet, figur 37 i avismaterialet. Som ein ser er der ein ganske tydeleg skilnad i utviklingstrend. Ein kan difor ikkje overføre dei resultata eg har fått til andre domene utan å vere klar over at det kan vere skilnadar.

9.5 Validitet

Det faktum at søkeuttrykka som er nytta i NB N-gam er skrivne på bokmål, men at ein gjer søk i tekstar på både bokmål og nynorsk, vil påverke validiteten til resultata noko. På dei stadane i søkeuttrykka der bokmål og nynorsk overlappar, vil søka også hente inn data frå tekstar på nynorsk. Dette gjer truleg at frekvensen til orda med språkleg overlapp vert noko høgre enn om ein berre hadde søkt i bokmålstekstar.

9.6 Vidare forskning

Frå ei slik undersøking som den eg har gjort her, er det mange vegar vidare. Det kunne vore interessant å undersøke frekvensutviklinga til andre, ikkje-yrkesrelaterte ord, til dømes ord som *førstemann*, *nordmann* og *altnuligmann*. I kva grad vert det nytta feminine variantar som til dømes *førstekvinne* eller *nordkvinne*? Fordi denne typen maskuline ord vert nytta for å omtale alle, korleis er det då med adjektiva *kvinnelig* og *mannlig*. Korleis er det med konstruksjonar som *kvinnelige førstemenn* og *mannlige nordmenn*?

Ein kan gjere undersøkingar med eit endå meir historisk og samfunnsmessig fokus. I fleire av trendlinjene, til dømes ved orda *formann*, *vaskekone*, *lærerinne* og *forfatterinne* og ved frasen *kvinnelig arbeider*, kan det sjå ut som om det skjer noko med frekvensen i perioden kring den andre verdskrigen. Eit anna moment det er mogleg å rette blikket mot, er innføringa av Likestillingsloven i 1979. Var loven medverkande på dei språklege endringane som skjedde, eller ville den tydelege kjønnsmarkeringa av språket gått ut av bruk uavhengig av innføringa av loven?

9.7 Heilt til slutt

Heilt avslutningsvis kan ein kanskje ikkje seie at språket, og med det innføring av kjønnsnøytrale yrkestitlar, er det viktigaste verkemiddelet i arbeidet med og for likestilling, men det er eit verkemiddel (Blakar, 2004, s. 94). Det er eit verkemiddel som kan, og som bør, nyttast, men for å gjere dette best mogleg krev det at ein er reflektert og medviten. Språkbrukarar bør ha kunnskap om korleis språket fungerer, og kva effekt språket ein nyttar har på mottakaren.

Kjelder

Korpus og søketenester

Nasjonalbiblioteket (2015) NB N-gram. Tilgjengeleg frå:

https://www.nb.no/sp_tjenester/beta/ngram_1/

NBs frie tekster (Bokmål). Oppretta av *Common Language Resources and Technology Infrastructure Norway*. Distribuert av CLARINO UiB Portal: [hdl:11495/DDA3-1716-FCFD-1](https://hdl.handle.net/11495/DDA3-1716-FCFD-1)

Referanseliste

Aftenposten, 17.juli 1920

Arbeiderbladet, 7.mars 1961

Barne- og familiedepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet (2018) *Helsesøster blir helsesykepleier*. Tilgjengeleg frå: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/helsesoster-blir-helsesykepleier/id2610855/>

Bastiansen, H.G. (2019) Når mediehistorien blir søkbar og grafisk: Introduksjon til Nasjonalbibliotekets første IT-verktøy, i *Mediehistorisk tidsskrift*, 16 (32), s. 133-142.

Belle Amie (u.å) Belle Amie skredderi. Tilgjengeleg frå: <https://belleamie.no/skredderi/> (Henta 09.august 2021)

Bentzrød, S. B. (2020) Regjeringen vil ikke lenger tillate yrkestitler som ikke er kjønnsnøytrale, i *Aftenposten*, 10.mars. Tilgjengeleg frå: <https://www.aftenposten.no/norge/i/4q8bma/regjeringen-vil-ikke-lenger-tillate-yrkestitler-som-ikke-er-kjoennsnoeyt>

Blakar, R. M., (2004) *Språk er makt*. Pax Forlag.

Blom, I. (2005) Brudd og Kontinuitet. Fra 1950 mot årtusenskiftet. i Blom, I. og Sogner, S. (red.) *Med kjønnsperspektiv på norsk historie*. Oslo: J.W.Cappelens Forlag AS, s. 333-390.

Blom, I. og Sogner, S. (2005). *Med kjønnsperspektiv på norsk historie*. Oslo: J.W.Cappelens Forlag AS.

By, E.G. (2015) *Ikke farvel til titlene jordmor og helsesøster*. Tilgjengeleg frå: <https://sykepleien.no/meninger/innsjutt/2015/11/ikke-farvel-til-titlene-jordmor-og-helsesoster> (Henta 22.juli 2021).

Christensen, J.B. og Berg, O.T.(2019) Velferdsstat, i *Store norske leksikon*. Tilgjengeleg frå: <https://snl.no/velferdsstat> (Henta 01.oktober 2020).

Danielsen, H. (ÅR) Den kjønnsdelte arbeidsdagen 1913-1960, i Danielsen, H., Larsen, E. og Owesen, I.W. *Norsk likestillingshistorie 1814-2013*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmonstad og Bjørke AS, s. 219-274.

Det Danske Sprog- og Litteraturselskab (u.å), *Ordbok over det danske sprog*. Tilgjengeleg frå: <https://ordnet.dk/ods>

Det norske akademi (u.å) *Språkrøkt, normering og litteraturformidling*. Tilgjengeleg frå: <https://www.detnorskeakademi.no/> (Henta 05.juli 2021)

Ellingsæter, A.L. (2019) Familiepolitikk, i *Store norske leksikon*. Tilgjengeleg frå: <https://snl.no/familiepolitikk> (Henta 03.oktober 2020).

Fjeld, R. E.V. (2004) Kjønnsnøytral uttryksmåte, i Gundersen, D. og Frysjøenden, E.A. (red.) *Språkvett Skriveregler, grammatikk og språklige råd fra a til å*. Oslo: Kunnskapsforlaget, s. 165-168.

Foss, E.S. *Gode skolerestater- liten endring i yrkesvalg*. Tilgjengeleg frå: <https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/gode-skolerestater-liten-endring-i-yrkesvalg>

Faarlund, J.T., Lie, S. og Vannebo, K.I. (1997) *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.

Hagen, M. mfl. (2021) *Underrepresentasjon av kvinner i akademiske toppstillinger er et problem*. Tilgjengelegg frå: <https://khrono.no/underrepresentasjon-av-kvinner-i-akademiske-toppstillinger-er-et-problem/560695> (Henta 23.juli 2021).

Helsedirektoratet (2020) *Endring av juridisk kjønn*. Tilgjengeleg frå: <https://www.helsenorge.no/rettigheter/endring-av-juridisk-kjonn/>

Heyerdal, R. (2020) *Anna er en av hovedstadens 12 kvinnelige brannkonstabler. Ett møte avgjorde yrkesvalget*. Tilgjengeleg frå: <https://frifagbevegelse.no/loaktuelt/anna-er-en-av-hovedstadens-12-kvinnelige-brannkonstabler-ett-mote-avgjorde-yrkesvalget-6.469.702394.83a540a48d>

